

RAPPORT

Rapport nummer 1/05



Bygdeforskning

Norsk senter for bygdeforskning

Universitetsenteret Dragvoll
N-7491 TRONDHEIM

Telefon: 47 73 59 17 32
Telefax: 47 73 59 12 75

Tittel	Dato
Bygda som bustad	Juni 2005
	ISSN-nr. 1503-2035
	Antall sider og vedlegg 155 sider
Forfattar	Prosjekt nr.
Mariann Villa	Ansvarleg sign. <i>Mariann Villa</i>

Samandrag

Rapporten er ei doktoravhandling i sosiologi ved Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Universitet. Avhandlinga utgjer fem artiklar, samt innleiings- og metodekapittel. Artiklane er kvar for seg sjølvstendige arbeid som omhandlar sider ved bygda som bustad. Bakgrunnen for analysane er korleis bygd og bygdeliv er opplevd blant eit utval personar som har gått mot flyttestraumen; inn- og tilbakeflyttarar til bygdene. Avhandlinga viser korleis forholdet til og opplevinga av bygd og by endrar seg gjennom livsløpet, delvis i kontrast til kvarandre – men og på ein komplementær måte. Ideen om det trygge lokalsamfunnet med familienettverk, slektskap og oversikt er viktig for bygdebusettinga, samtidig som behovet for tryggleik endrar seg med livsfase. Opplevinga av bygda som trygg og god, i eit samfunn der alle kjenner alle, har likskap med førestellingar som er samla i det akademiske omgrepet 'rural idyll'. Samtidig representerer den moderne bygda levemåtar som ikkje skil seg stort frå det øvrige samfunnet. Med unntak av betydeleg høgare nabokontakt i bygdene, er det relativt mykje likskap i sosial kontakt mellom områdetypar. Sosial kontakt er likevel ei viktig side ved opplevinga av den trygge bygda. Avhandlinga viser og at bøndene i den moderne bygda får ein 'minoritetsstatus'. Det særlegne ved bonden sin levemåte representerer både eit ytre press på eiga livsform, og andre føringar på det å velje bygda som bustad.

Stikkord: tilbakeflytting, trygt og godt, livsfasebygda, generasjonsendring, sosial kontakt

Norsk senter for bygdeforskning
Rapport no 1/05

ISSN 1503-2035

Trykk av omslag: Tapir Trykk, Trondheim
Kopiering: NTNU-Trykk, Trondheim

Living in rural areas – a brief summary

This report is a dr.polit.-thesis in sociology at The Norwegian University of Science and Technology, NTNU, Trondheim.

The thesis consists of five articles, in addition to introductory and method chapters. Two of the articles are written in English and published in international journals, the rest are published in Norwegian journals. The work is based on two research projects at the Centre for Rural Research in Norway; "Rural Households – life mode and strategies" financed by the Research Council of Norway, and "Social Contact in Rural Areas" financed by The Norwegian Foundation for Health and Rehabilitation/Norwegian Women's Public Health Association. Each article could be read independently, and each discusses some aspect of the phenomenon of moving to and living in rural areas. The analysis is based on personal interviews with 47 men and women living in rural areas in Mid-Norway, one group interview with seven rural youths living in Oslo, and Norwegian surveys of level of living. An underlying theme is how the rural is perceived by a group who has migrated against the main stream in Norway, towards rural areas. The thesis shows how the relationship to, and perception of, rural and urban areas changes through the life course. The idea of a safe local community of manageable size with kinship-style relations is of importance for rural in-migration, though the importance attached to safety changes during the life course. The perceptions of rural safety have dimensions similar to the representations of a 'rural idyll'. At the same time, modern rural areas represent ways of living not substantially different from other areas. Apart from the higher neighbour contact in rural areas, similarities are found in social contact between different areas. Social contact is still an important aspect of the perception of rural safety. The thesis also discusses the farmers becoming a new minority in rural areas, where the farmers' form of living is subject to external pressures as well as other implications for choosing the rural as a place to live.

Bygda som bustad

Mariann Villa

Dr. polit.-avhandling 2005
Institutt for sosiologi og statsvitenskap
Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, NTNU
Trondheim

Forord

Fleire har bidrege til å finansiere arbeidet med denne avhandlinga. Doktorgradsprosjektet "Bygdehushald – livsform og strategi", var eit fireårig stipend (oppstart 1994) finansiert av tidlegare Norges landbruksvitenskapelige forskningsråd (NLVF), seinare Norges forskningsråd. Eitt år av stipendperioden utgjorde 'pliktarbeid' ved Norsk senter for bygdeforskning.

Ein betydeleg del av arbeidet har også vore gjort i samband med prosjektet "Sosial kontakt i bygdene – forvitring og nydanning" (1998-2002). Dette var finansiert av Extra-midlar frå Helse og Rehabilitering, med Norske Kvinners Sanitetsforening som oppdragsgjevar.

Eg har i tillegg hatt eit tre månaders slutføringsstipend frå Fakultetet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, NTNU, og to månaders finansiering frå Bygdeforskning.

Ved Bygdeforskning har eg også hatt mine beste hjelparar og eit godt arbeidsmiljø. Mange takk til rettleiar Reidar Almås, som alltid har vist at han har trudd på prosjektet. Oppmuntrande, men også streng, har han bidrege til både starten og slutten på dette arbeidet. Tidlegare kollega gjennom mange år, Barbro Vartdal, har vore ein viktig ressursperson. Gjennom fellesskap i interesser og forskingsprosjekt har vi diskutert og utveksla idear ved kontorpulten, samla data i felten, og formidla resultat for lek og lærd i eit samarbeid som har vore både lærerikt og morosamt. Marit S. Haugen har lest utkast og gjeve god rettleiing både i arbeidet med enkeltpublikasjonar i avhandlinga, og i samanskrivingsdelen. I avslutninga har Karoline Daugstad med skarpt blick sett det dei andre ikkje har sett, og komme med konstruktive bidrag til forbetring. Takk til alle saman! Fleire har gjeve innspel og kommentarar undervegs, desse bidragsytarane er takka i dei enkelte artiklane.

Takk også til Ola som på heimebane tek utfordringar på strak arm når det krevst, og til Bodil Furre som har løyst problemet når kabalen barn-hus-arbeid ikkje har gått opp.

Og sist, men ikkje minst, takk til alle intervjupersonane som har bidrege med sine forteljingar om livet i bygdene!

Mariann Villa

Trondheim, juni 2004

Innholdsliste

1. Bygda som bustad.....	1
Oversikt over artiklane i avhandlinga.....	1
Innleiing.....	2
Avhandlinga sitt tema.....	4
Samandrag av artiklane.....	5
Artikkel 1: Rural Life Courses in Norway: Living Within the Rural-Urban Complementarity..	5
Artikkel 2: Born to be Farmers? Changing Expectations in Norwegian Farmers' Life Courses.....	5
Artikkel 3: Bygda – sosial konstruksjon av "trygt og godt".....	6
Artikkel 4: Livsfasebygda - når sosialt behov endrar seg.....	7
Artikkel 5: Sosial kontakt i bygdene - familie, venner og naboar.....	7
Det gode liv på landet – eit flytteperspektiv.....	8
Den sosiale konstruksjonen av bygda.....	10
Artiklane plassert i ein vidare forskingssamanheng.....	13
Maskulin og feminin bygdekultur.....	14
Vi og dei andre - ulike grupper i bygda.....	17
Bygda som trygg og god.....	19
Metode.....	24
Val av studieområde.....	24
Personlege intervju.....	26
Gruppeintervju.....	29
Validitet og reliabilitet.....	31
Generalisering og representativitet.....	37
Avslutning.....	40
Referansar.....	41
2. Rural Life Courses in Norway: Living Within the Rural-Urban Complementarity.....	57
Abstract.....	57
The heterogenous rural community.....	57
The data and the rural context.....	59
The rural experienced as "safer".....	60

Changing social relations in rural areas.....	62
The mobile neighbourhood.....	64
Modernization of rurality: a moral meeting.....	65
Rural life as life-phase rurality?.....	66
Discussion.....	69
Acknowledgements.....	71
Notes.....	71
References.....	71

3. Born to be Farmers? Changing Expectations in Norwegian

Farmers' Life Courses.....	75
The Norwegian agricultural context. A brief historical view.....	75
Theoretical approaches.....	76
Material and method.....	78
Farm entry: from taken for granted to a question of choice?.....	80
Changing expectations in farmers' life mode.....	81
Farmers becoming a minority within rural culture.....	81
Towards autonomy of the nuclear family on the farm.....	83
Farm succession: the freedom of the next generation?.....	84
Conclusion: continuity and disparity in farmers' experiences.....	86
Acknowledgements.....	87
References.....	87

4. Bygda – sosial konstruksjon av "trygt og godt".....90

Innleiing.....	90
Bygda og det rurale.....	91
Bygda som sosial konstruksjon.....	92
Ein rural idyll?.....	94
Å tenkje i kulturelle kategoriar.....	95
Metode og data.....	97
Bygda som "trygt og godt".....	98
Diskusjon.....	102
Avslutning.....	106
Notar.....	106
Litteratur.....	107

5. Livsfasebygda - når sosialt behov endrar seg.....	112
Data.....	113
Bygda dreg til byen.....	113
Med byen tilbake til bygda.....	115
Dei globale besteforeldra.....	118
Sein-urbanistane.....	119
Bygda og dei andre.....	120
Den idylliske bygda.....	122
Livsfasebygda.....	123
Litteratur.....	126
6. Sosial kontakt i bygdene - familie, venner og naboar.....	128
Bakgrunn.....	129
Den sein-moderne bygda.....	129
Kjønnsforskjellar i sosiale nettverk.....	131
Bygdefamiliens sosiale relasjonar.....	131
Uformell omsorg.....	133
Data og metode.....	134
Utval.....	134
Variablar.....	135
Resultat sosial kontakt.....	137
Venner.....	137
Familie- og vennekontakt.....	138
Nabokontakt.....	138
Ulønna omsorgsarbeid.....	139
Diskusjon.....	140
Avslutning.....	143
Notar.....	144
Referansar.....	145
Summary.....	148
Tabellvedlegg.....	149
Tabell 1. Sosial kontakt i spredtbygde og tettbygde område 1980-1995.	
Prosent.....	149
Tabell 2. Sosial kontakt i spredtbygd, bygdeby, by og storby 1995.	
Prosent.....	150
Tabell 3. Sosial kontakt i spredtbygde og tettbygde område.	

Menn og kvinner 1995. Prosent.....	151
Tabell 4. Sosial kontakt i spredtbygde og tettbygde område, etter alder. 1995. Prosent.....	152
Vedlegg: Tematisk intervjuguide.....	153

Bygda som bustad

Oversikt over artiklane i avhandlinga

1. Villa, Mariann (2000) Rural Life Courses in Norway: Living Within the Rural-Urban Complementarity.

Publisert i *The History of the Family: An International Quarterly*, årgang 5, nr. 4, s. 473-490.

2. Villa, Mariann (1999) Born to be Farmers? Changing Expectations in Norwegian Farmers' Life Courses.

Publisert i *Sociologia Ruralis*, årgang 39, nr. 3, s. 328-342.

3. Villa, Mariann (1999) Bygda – sosial konstruksjon av "trygt og godt".

Publisert i *Sosiologi i dag*, årgang 29, nr. 4, s. 31-52.

4. Villa, Mariann (2002) Livsfasebygda - når sosialt behov endrar seg.

Publisert i Almås, R., M. S. Haugen og J. P. Johnsen, red, *Bygdeforskning gjennom 20 år. Jubileumbok Norsk senter for bygdeforskning*. Tapir Akademisk Forlag, Trondheim, s. 231-246.

5. Villa, Mariann (1999) Sosial kontakt i bygdene – familie, venner og naboar.

Publisert i *Tidsskrift for samfunnsforskning*, årgang 40, nr. 4, s. 442-466.

Innleiing

Eg skal innleiingsvis gjere greie for bakgrunnen til doktorgradsarbeidet, avhandlinga sitt tema, og gje eit samandrag av dei enkelte artiklane. Deretter vil eg gje ein teoretisk bakgrunn for analysane av bygda som bustad, og setje artiklane i ein større forskingsamanheng. Til sist vil eg gjere greie for datainnsamling og bruk av metode.

Eg tok til på doktorgradsstudiet hausten 1994, og prosjektet heitte ”Bygdehushald – livsform og strategi”. Med bakgrunn i at bygdene i stadig mindre grad var dominert av landbruket som næring, ønska eg å setje fokus på ’dei andre’ i bygdene. Eg ønska å gjere ein studie av hushaldstilpassing i bygd, der hushald utanfor landbruket hadde ei sentral rolle¹. Den heterogene og mangfaldige bygda var viktige stikkord. Det var likevel ikkje målet å unngå landbrukshushald, og ein av artiklane i avhandlinga er basert på bøndene sine historier. Eg la opp til å intervjuje par og einslege om deira levemåte og tilvære i bygda. Hushaldstilpassing var definert som bustadval, yrkes- og arbeidsmarknadstilknytning, familieetablering, organisering av kvardagen og hushaldsarbeidet. Ved å fokusere på endringar i næringsstruktur, kjønnsrelasjonar og livsløp skulle studien gje kunnskap om lokale og regionale forskjellar i hushaldsstruktur, og om korleis kulturell kontekst påverkar livsform og hushaldstilpassing (Villa 1995). Teoretisk var prosjektet inspirert av ulike livsformanalytiske tilnærmingar (Christensen og Højrup 1989, Björnberg og Bäck-Wiklund 1987, Bäck-Wiklund og Lindfors 1990, Friberg 1990), og nettverksanalyse (Bærenholdt 1991, Granovetter 1973, 1982).

Framgangsmåten har hatt ein eksplorerande karakter, i tydinga at problemstillingane skulle utvikle seg undervegs. Det er nesten sjølvsagt at prosjektet har endra seg undervegs, og mange av dei opprinnelege måla har vorte satt til sides, endra eller meir fokuserte. Dette har skjedd som eit resultat av fleire forhold. I løpet av arbeidet har eg sett kva som har vore handterbare forskingsspørsmål. Enkelte tema har utmerka seg som særleg interessante, både under datainnsamlinga og i bearbeidinga av materialet. Til sist har artiklane også levd eit eige liv. Det har skjedd ved at eit tema

¹ Hushaldsanalysar frå bygder var gjerne knytt til primærnæringane (til dømes Blekesaune 1991, 1989, Brox 1988, Almås 1984, Flakstad 1984, Hetland 1983).

Bygda som bustad

eller ei problemstilling har utvikla seg i arbeidet med den enkelte publikasjonen.

Prosjektet har endra seg frå dei opprinnelege planane om å gjere systematiske studiar av hushaldstilpassingar basert på livsformsanalyse og nettverksanalyse, til å fokusere på val og opplevingar av bygda som bustad. Eg har nytta teori frå livsformsanalysen i artikkelen *Born to be farmers? Changing Expectations in Norwegian Farmers' Life Courses*, der perspektivet er bøndene sine val og tilpassingar. Med bakgrunn i diversiteten i næring og folkesamansetting, er det auka interesse for å forstå det rurale som noko anna enn landbruk. Samtidig er det påpeika at låg befolkningstettleik og lange avstandar har konsekvensar for sosialt liv (Blanc 1996). Det moderne samfunnet har i teorien vore karakterisert ved sosial desintegrasjon, frikopling mellom folk og stader, og frigjering frå tradisjonelle nettverk (Beck 1992, Giddens 1990). Sosial kontakt har vore eit viktig tema i avhandlinga, både i form av frigjering frå det tronge bygdesamfunnet, men og som det tiltrekkjande ved bygda. Val av bygda som bustad er i stor grad knytt til opplevingane av sosiale sider ved bygdesamfunnet. Under arbeidet med doktorgradsprosjektet vart temaet sosial kontakt i bygdene utvikla til eit større forskingsprosjekt; "Sosial kontakt i bygdene – forvitring og nydanning". Dette prosjektet har påverka problemstillingar og publisering i det som utgjer den endelege artikkelsamlinga.

I oppstarten av arbeidet var eg opptatt av korleis auka individualisering, kulturell fristilling (Ziehe 1993, Bech-Jørgensen 1994) og refleksivt konsum (Lash og Urry 1994, Beck 1992) påverka 'bygdetilpassinga'. I forlenginga av dette ønska eg å sjå kva val og verdiar som styrer hushalda si lokalisering, og kven det er som ønskjer eit bygdetilpassa liv. Tilbakeflytting (og innflytting) har difor vorte eit viktig tema i studien av bustadval. Britiske studiar identifiserte ein veksande 'service-class' i rurale område (Cloke og Thrift 1990). Paul Cloke og Nigel Thrift hevda at rurale område som gjev den rette kombinasjonen av ruralt og urbant, og som tilbyr dei rette husa, tiltrekkjer seg ressurssterke, karrierebevisste og statusorienterte unge menneske. Dette er eit britisk fenomen, men også i Norden har ein sett denne forma for urban - rural integrasjon på 1980-og 90-talet (Persson og Westholm 1993). I lys av dette

Bygda som bustad

har det rurale - urbane samspelet fått større fokus, så vel som forskning på livsstil og verdiar (Persson og Westholm 1994, Persson 1992). Interesse for kva som ligg bak tilflytting til bygda, og moglegheita for å kombinere det rurale og det urbane, var med andre ord eit tema som opptok bygdeforskinga. Men ikkje minst viktig, dette viste seg også å vere eit tema som opptok intervjupersonane mine. Dei hadde mange historier som dreide seg om bygdelivet og bylivet – i samspel og i kontrast til kvarandre. Herifrå var vegen kort til å sjå dette i samanheng med førestellingane om bygda, sosiale konstruksjonar av det rurale og diskursen om ein rural idyll.

Avhandlinga sitt tema

Artiklane i avhandlinga er kvar for seg sjølvstendige arbeid som omhandlar ulike sider ved bygda som bustad. Eg skal her oppsummere dei i nokre hovudtema:

- Bygda og byen er opplevd som motsetning til kvarandre (det er betre å bu i bygda) og som komplementære til kvarandre (ein vil ha begge delar). Den individuelle mobiliteten er viktig, men ikkje nødvendigvis ei motseiing til ein søken etter eit trygt og sosialt lokalmiljø. Ideen om det trygge lokalsamfunnet med familienettverk, slektskap og oversikt er viktig for kvar ein buset seg. Samtidig vekslar behovet for tryggleik og fridom med livsfase, og med det korleis ein forhold seg til bygda og byen.
- Bygda står i ei særstilling som representant for den trygge og gode bustaden. Opplevinga av bygda som trygg og god, i eit samfunn der alle kjenner alle, har likskap med førestellingane om ein rural idyll. Bygda er framstilt som trygg i form av det kjente, naboar som følgjer med og familiar som hjelper til. Behovet for og opplevingane av bygda som trygg og god, inneber ei mobilisering av bygdesamfunn og sosialt nettverk. Å busette seg i bygda er både eit tryggleiksprosjekt for barnefamilien, og ein søken etter røter og det ein opplever som eit meningsfullt lokalsamfunn.
- Den moderne bygda representerer levemåtar som på mange område ikkje skil seg frå det øvrige samfunnet, også i sosial kontakt. Eit område der bygda skil seg ut, er den høgare andelen nabokontakt i spreidtbygde område. Meir omgang med naboar kan gje ei kjensle av meir tryggleik i det lokale sosiale miljøet.

- Den moderne bygda representerer ulike levemåtar, der bøndene er i ferd med å bli ein minoritet. Forventingane til jordbruket som leveveg og endra krav til privatliv i jordbrukshushaldet, er eit steg i retning større fridom og meir individualisering. Samtidig er bøndene sitt tilvære prega av dei sterke tradisjonane som følgjer jordbruket som livsform.

Samandrag av artiklane

Artikkel 1: Rural Life Courses in Norway: Living Within the Rural-Urban Complementarity

Korleis kan vi forstå livet på bygda som ein rural-urban komplementaritet?

Dette er den første artikkelen i avhandlinga, og tek opp fleire tema som er meir inngåande studerte i dei andre artiklane. Studien er basert på livshistoriske intervju med 47 menn og kvinner frå bygder i Midt-Norge. Artikkelen tek opp flytting til bygda og diskuterer om dette kan sjåast som ei livsfaseflytting. Den identifiserer vidare opplevinga av bygda som trygg og god, og kvalitativt betre enn bylivet. Nye sosiale relasjonar, ulike former for sosial kontroll, endra kjønnsroller, utfordringar til den maskuline bygdekulturen, nye krav til jordbruket som livsform og auka mobilitet er andre tema som er utforska. Eit hovudpoeng i artikkelen er samspelet og vekslinga mellom eit ruralt og eit urbant liv, der desse utfyller kvarandre.

Artikkel 2: Born to be Farmers? Changing Expectations in Norwegian Farmers' Life Courses

I lys av den generelle utviklinga av ei heterogen landsbygd og meir individuell fridom, utforskar artikkelen korleis desse trendane kan endre bønder sitt syn på a) å begynne som bonde (å vere født til bondeyrket), b) å vere bonde, og c) vidareføring av garden til neste generasjon.

Artikkelen utforskar korleis individualiseringsprosessar kan identifiserast i bondelivsforma. Analysen er basert på livshistoriske intervju med 16

Bygda som bustad

bønder, som representerer tre generasjonar. Bonden si livsform og korleis den har endra seg over tid er fokus. Eit særeige trekk ved livsforma er at bonden 'er født til' sitt yrke. Denne posisjonen er utfordra av den generelle samfunnsutviklinga, og dei yngste bøndene framhevar jordbruket som eit yrke heller enn ei livsform der arbeid og fritid går over i kvarandre. Bøndene sine historier viser ei utvikling frå å vere bonde av plikt til i større grad å vere bonde av eige val. Det frie valet kan likevel diskuteras. Eit dilemma for den yngre generasjonen kan vere å befinne seg i spenningsfeltet mellom eigne val og moglegheiter, og kjenslemessig tilknytning til familiebruket. Bøndene er i ferd med å bli ein minoritet i bygdene, og opplever eit sosialt og kulturelt press på livsforma. Ei anna endring er auka vekt på sjølvstende mellom generasjonane. Det vil seie at det er eit gjensidig behov for avstand mellom kjernefamilien på garden og kårfolket. Det er kvinnene som framhevar behovet for privatliv i kjernefamilien. Dei eldste skulle ønske dei hadde meir privatliv. Dei yngste set som eit krav for å busette seg på garden at foreldre eller svigerforeldre ikkje bur for nær.

Artikkel 3: Bygda – sosial konstruksjon av "trygt og godt"

Artikkelen tek utgangspunkt i eit gjennomgåande funn i datamaterialet om opplevinga av livet i bygda som trygt og godt. Dette synest å vere ei etablert førestelling som eksisterer trass i motførestellingar og nyanseringar.

Artikkelen fokuserer på den sosiale konstruksjonen av bygdelivet. Den tek utgangspunkt i diskusjonen om korleis ein kan definere det rurale, og viser korleis definisjonen av 'ei bygd' er påverka av personlege og sosiale erfaringar og fortolkingar. Studien er basert på livshistoriske intervju med 47 menn og kvinner frå bygder i Midt-Norge. 'Trygt og godt' er funne som ein sentral representasjon av det rurale, og er ein del av det andre studiar har definert som den rurale idyllen. Bygdelivet er uttrykt som oversiktleg, stabilt, fredeleg, trygt for barn, og med innbyggjarar med omsorg for kvarandre. Framstillinga av bygda og bygda sitt nettverk som 'trygt og godt' er funne blant menn og kvinner i alle aldrar og livsfasar. Men det er særleg i småbarnsfasen at trygt og godt vert eit viktig grunnlag for å busette seg i

bygda. Oppsøking og vektlegging av det trygge i bygda kan sjåast som ei form for risikohandsaming, sett i forhold til eit meir eller mindre uoversiktleig bysamfunn. Opplevinga av det trygge vert då ein livskvalitet knytt til stad.

Artikkel 4: Livsfasebygda - når sosialt behov endrar seg

Gjennom typologiserte livsløp viser artikkelen variasjonar i måtar å forhalde seg til bygda på.

Studien er basert på livshistoriske intervju med 47 menn og kvinner frå bygder i Midt-Norge, i tillegg til eit gruppeintervju med sju ungdommar frå bygder i Østfold. I denne artikkelen er livsfasebygda – vekslinga mellom å busette seg i bygda og i byen – gjort til ein eigen analyse. Mobiliteten og dei ulike krav til bygdetilpassingar er beskrivne gjennom ulike generasjonar. Moglege livsløp i den rurale-urbane dimensjonen er typologiserte som utflyttarar, tilbakeflyttarar, globale besteforeldre og sein-urbanistar. Dei unge utflyttarane er mest opptekne av vennene og dei ein kjenner seg sosialt like med. Dei ser ikkje for seg å flytte tilbake til bygda utan at desse er med. Tilbakeflyttarane har komme i småbarnsfasen, samtidig som dei skal ta over familiegarden. Dei ser stort på den sosiale kontrollen i bygda, fordi den dekkjer behovet for å la ungane vekse opp der dei opplever at det er tryggast å bu. Dei globale besteforeldra en den yngre generasjonen eldre, som reiser i feriane. Dei er gjerne yrkesaktive, med mange jern i elden. Nokon av desse utgjer også sein-urbanistane, som ser for seg eit liv i byen etter at ungane har fått den bygdeoppveksten dei skulle. Med denne typologiseringa er artikkelen også ei oppsummering av dei ulike krav og opplevingar som er knytt til bygda som bustad.

Artikkel 5: Sosial kontakt i bygdene - familie, venner og naboar

Spørsmålet i artikkelen er kor vidt kjønn og alder utgjer forskjellar i enkelte former for sosial kontakt mellom spreittbygde og tettbygde områdetypar.

Bygda som bustad

Analysane er basert på statistikk frå levekårsundersøkingar i tidsrommet 1980-1995. Levekårsundersøkingar har vist at ei viktig utvikling av sosiale relasjonar er at stadig fleire har fortrulege venner, og at dei største forskjellane mellom by og land er meir nabokontakt i bygdene. Medan det er stor forskjell på nabokontakt, viser analysane i denne artikkelen ingen forskjell mellom områdetypene i å yte ulønna omsorgshjelp til slektningar, naboar eller venner. Medan høg andel nabokontakt er sett som eit fenomen knytt til det oversiktlege samfunnet, er det uformelle hjelpe- og støttenettverket i mindre grad geografisk strukturert. Hovudinntrykket er at sosial kontakt i bygda følgjer dei same trendane som elles i samfunnet. Tre tendensar relatert til kjønn og alder kan framhevast. Det er ein tendens til at sosial kontakt for kvinner sin del varierer mindre med buområde enn kva tilfellet er for menn. Ein annan tendens er større forskjell i sosial kontakt mellom menn og kvinner i spreittbygde område enn i tettbygde. Ein tredje tendens er at alder ser ut til å ha mindre å seie for sosial kontakt i spreittbygde område enn i tettbygde.

Det gode liv på landet – eit flytteperspektiv

Hovudtrenden i det norske busettingsmønsteret er sentralisering. Sett i lys av dette, baserer avhandlinga seg i stor grad på historiene til personar som har gått mot straumen; tilbakeflyttarane. Artikkelen har i hovudsak utgangspunkt i dei som er busette i bygder, men flesteparten har tidlegare budd utanfor bygda og i byen.²

Flytteforskinga har vist at forhold knytt til arbeidsmarknaden er viktige rammebetingelsar for flytteavgjerder og dermed også for busetting³. Mi tilnærming til studiar av bygdebusetting har vore å fokusere på forventningar til og opplevingar av bygda som bustad. Inngangen til dette har vore livshistoriske intervju. ”De fleste som har flyttet ut og etablert seg i mer sentrale strøk enn der de selv vokste opp, har gjort det i vinnings hensikt innenfor sitt eget livsprosjekt,” seier Kjetil Sørli (1997: 11). Ved å studere livshistorier, kan ein få innblikk i kva slags identitet, verdiar og

² I artikkelen *Livsfasabygda - når sosialt behov endrar seg* er det brukt data frå ungdommar som har flytta frå bygda til byen.

meining som vert tillagt ulike stader. Identitet og meining bidreg til at nokon stader vert marginaliserte i eins medvit og andre ikkje (Fosso og Alvheim 2001). Eli Janette Fosso (1998, 1997, og Fosso og Alvheim 2001) knyter til dømes tilbakeflyttingspotensialet til distrikta til folkelivet; dei livskvalitetar og kvardagslege kvalitetane som ein meiner å finne der. Sjølv om flytting har samansette årsaker (Carling 1999) kan vi forvente at flytting til bygda eller mindre sentrale strok også er 'i vinnings hensikt'. Ønsket om 'det gode livet' kan med andre ord vere eit fruktbart perspektiv for å forstå bygdebusetting (Stenbacka 2001). Det er den subjektive opplevinga av kvar det er godt å bu eg har knytt til forventningane rundt bygda som bustad og det å flytte til eller tilbake til bygda.

Bygdelivet kan representere idylliserte førestellingar om det gode livet på landet og ein rural idyll (Berg 2002, Wiborg 2002, Anvik m.fl. 1998). Internasjonale studiar har vist at migrasjon til rurale område i større eller mindre grad er basert på representasjonar av ein rural idyll (Halfacree og Boyle 1998). I følgje Nina Gunnerud Berg og Gunnel Forsberg (2003) er det berre eit fåtal skandinaviske studiar som har fokusert på korleis rural idyll er innvevd i flytteavgjerder (Berg og Forsberg 2003).⁴ Artiklane *Livsfasebygda - når sosialt behov endrar seg*, *Bygda – sosial konstruksjon av "trygt og godt"* og *Rural Life Courses in Norway: Living Within the Rural-Urban Complementarity* tek opp dette temaet og viser at forventninga til eit betre liv i bygda er viktig i val av bygda som bustad. Bygdelivet vert attraktivt i form av å vere noko anna enn bylivet, som til dømes gjennom dei sosiale forholda og naturopplevingane ein finn der. Dette kan vere avgrensa til delar av livet eller knytt til ein livsfase der kvalitetane ved bygda er sett som særleg viktig. Eit døme på det er når tilbakeflytting vert viktig for folk i småbarnsfasen. Desse søker det dei opplever som trygge oppvekstvilkår, gode familienettverk, sosial nærleik og oversikt (Grønbech 2000, Grimsrud m. fl. 1997).

Den amerikanske sosiologien Patrick C. Jobs (2000) finn at mange som flytta til bygda for å bu der resten av livet likevel hadde flytta vekk frå

³ Sjå til dømes Wiborg og Anvik (2000) og Orderud og Onsager (1998), som går gjennom forskinga som er gjort innan flytting og busetting i Norge på 1990-talet.

⁴ Forfattarane viser her til Berg 1998, Villa 1997, Lysgård m. fl. 2000, Forsberg og Carlbrand 1993, Amcoff 2000, Stenbacka 2001.

Bygda som bustad

bygda etter nokre år. Dette hadde blant anna samanheng med at draumen og førestellingane om det enkle og hyggelege bygdelivet ikkje stemte med den meir komplekse og vanskelege verkelegheita. Flytting til bygda har samanheng med jobbmarknaden og andre strukturelle forhold. Men flytting til bygda kan og botne i eit ønske om forandring av livsstil⁵. Fleire av artiklane i denne avhandlinga peikar på at forventningar til og opplevingar av kvalitetane ved å bu i ei bygd kan vere nært knytt til flytتهhandling. Opplevingar av bygda og kvifor ein ønskjer å bu der, kan difor forståast i lys av den teoretiske debatten om bygda som diskurs og sosial konstruksjon.

Den sosiale konstruksjonen av bygda

Medan det rurale ein gong var eit sjølvforklarande fenomen (van der Ploeg 1997) har ein gjennom fleire tiår i stadig større grad problematisert kva som er ruralt (Halfacree 1993). Berg (2002: 68-70) har samanfatta ulike hovudtilnærmingar til det rurale, der det går eit skilje mellom deskriptive, sosiokulturelle definisjonar som knyter ruralitet til bestemte område eller regionar, og den nyare forskinga si vekt på ruralitet som mental kategori og meningsprodukt. Deskriptive sosiokulturelle definisjonar som relaterer seg til konkrete eigenskapar og funksjonar i gitte geografiske område, forutset at det er ein samanheng mellom storleiken på folketalet og det sosiokulturelle livet. Eksempelvis skal lågt folketal gje eit ruralt og tradisjonelt samfunn (Berg 2002). Ei norsk tilnærming som definerer det rurale utifrå observerbare og målbare variablar som arealbruk, sysselsetting, folketal og avstand til sentrale område er utvikla av Reidar Almås (1985, 1995, Almås og Elden 1997).

Ein kritikk av definisjonar der mindre ruralitet berre vert meir urbanitet, er at dei er for einsidige. Jan Douwe van der Ploeg (1997) seier at ved å fokusere på folketal, nedgang i jordbruk, mangel på service eller andre 'objektive' kategoriar, vil ein i tillegg berre produsere eit image av ei landsbygd som forsvinn. Den mest kraftige motstanden mot romlege indeksar som definisjon på ruralitet har komme frå post-modernistiske og post-strukturalistiske forskarar (Harrington og O'Donoghue 1998). Her er rurale område først og fremst sett som sosiale og kulturelle konstruksjonar,

⁵ Sjå også Lofthus 2002, Jobes 2000, Gullesen 1999, Kåks og Westholm 1994.

som i auka grad er lausrivne frå sin romlege og geografiske kontekst. Det rurale vert meir eit spørsmål om meiningsproduksjon og tankekategori, framfor bestemte eigenskapar ved geografiske område (Mormont 1990).

Diskurs har vorte eit nøkkelomgrep i kulturteoretisk og post-moderne tenking (Brandth 2001), også i bygdeforskinga (Cloke og Little 1997). Diskurs kan definerast som alle former for kommunikasjon. Dette inkluderer observerbare signal, symbol og praksisar, og meir skjulte reglar for tenking, kva som er interessant og relevant (Gregory 1994, Foucault 1972). Diskurs eksisterer både i skrift og tale, i institusjonar og i dagleglivet sine rutiner, og er på denne måten med og formar individ, haldningar og praksisar (Brandth 2001: 57). Fokus på diskursive prosessar og sosial ulikskap problematiserer oppfatningar av bygdesamfunn som noko relativt stabilt og homogent. Desse nyare arbeida er påverka av eit syn på ruralitet som forskjellig, variabelt og sosialt konstruert, og uttrykkjer eit behov for å gå vekk frå generelle og objektive sanningar om rurale område og samfunn (Liepins 2000, Phillips 1998, Valentine 1997).

Ein viktig bakgrunn for å forstå og analysere det rurale som sosiale konstruksjonar, er framveksten av det heterogene bygdesamfunnet der ulike livsstilar og levesett eksisterer side om side. Dette tilseier at det eksisterer ulike oppfatningar av korleis ein lever ruralt. Med andre ord har den aukande multi-funksjonaliteten til rurale område gjeve auka konkurranse om kva og kven som representerer bygda (Haartsen, Groote og Huigen 2003). Kommunikasjon, flytting, ferie- og reisevaner bidreg til at 'busett i bygda' ikkje er nokon merkelapp for korleis ein forhold seg til bygda eller andre stader - det vere seg byen eller utlandet. Særleg artikkane *Livsfasebygda - når sosialt behov endrar seg* og *Rural Life Courses in Norway: Living Within the Rural-Urban Complementarity* viser korleis folk sin vekslebruk av bygda og byen gjennom livsløpet, gjev opphav til å sjå bygda som 'livsfasebygda'.

Fokus på meiningsinnhald viser at det er problematisk å definere eit romleg eller geografisk skilje mellom ruralt og urbant. Sosiale konstruksjonar eller representasjonar har likevel utspring i ein kontekst, og oppfatningar av det rurale kan vere knytt til assosiasjonar til bestemte rurale område (Smith og Phillips 2001, Liepins 2000). Diskursar er sosialt og historisk situerte og er produkt av spesielle forhold. Dette viser Berit

Bygda som bustad

Brandth (2001) når teknologiske endringar i skogbruksindustrien endrar diskursen om menn, maskulinitet og kjønnsrelasjonar i landbruket. Bygda som bustad kan i kulturteoretisk tenking på same vis som ruralitet og urbanitet analyserast diskursivt ved å dekonstruere handling, praksis og kva ulike aktørar legg i dette. Då søkjer ein å avdekkje kva prosessar som etablerer meining og kva som gjer at noko vert oppfatta som naturleg, sann kunnskap og sosial praksis (Berg 2004, Blekesaune og Stræte 1997: 12, Almås 1995).

Flytteprossar kan analyserast diskursivt (Cloke, Milbourne og Thomas 1997). Internasjonal bygdeforskning generelt og britisk kulturgeografi spesielt har fokusert på flytting frå byen til bygda og korleis dette kan sjåast i lys av bygda sitt image (t.d. van Dam, Heins og Elbersen 2002, Boyle og Halfacree 1998, Cloke, Milbourne og Thomas, 1997, Thrift 1994). Norsk bygdeforskning speglar og ein auka interesse for korleis bygda, byen, det rurale og det urbane er framstilt av ulike grupper, og kva betydning dette har for til- og fråflytting (jfr. Berg og Lysgård 2004). Tilnærminga til ruralitet som sosial og kulturell konstruksjon inneber at ruralitet ikkje er eit omgrep som klassifiserer bygder eller regionar, men i staden er eit omgrep som vert brukt som ein mental kategori (Berg 2002: 70). Ulike forståingar av det rurale er relatert til og påverkar sosiale praksisar, blant anna bustadval og flytteavgjerder, og er difor eit viktig tema for bygdeforskinga (op. cit.).

For å forstå korleis bygda og bygdelivet er opplevd vil eg understreke betydninga av å sjå ruralitet som sosiale konstruksjonar. Men eg sluttar meg samtidig til Susanne Stenbacka si oppmoding om å sjå relasjonen mellom fysisk landsbygd og sosial representasjon som ein stadig interaksjon. "...de sociale representationerna har sitt ursprung i både en fysisk och social värld men den fysiska och den sociala världen påverkas också av de sociala representationerna via människors ageranden" (Stenbacka 2001: 49).

I mi eiga forsking og i litteraturen om bygd og det rurale finst ei overgripande framstilling av bygda som bustad som passar til det akademisk konstruerte omgrepet 'rural idyll'. I den rurale idyllen er det fredeleg og trygt, og innbyggjarane har nære, harmoniske relasjonar og ei felles oppleving av bygdelivet. I konstruksjonen av det idylliske rurale samfunnet

står avstand frå det urbane sentralt, då det urbane i denne samanhengen utgjer ein trussel (Little 2002). Det gode bygdesamfunnet er framstilt med nødvendig sosial kontroll, lite stress, alle-kjenner-alle tilstandar, kontakt med dyr og natur, lite kriminalitet, nær slekt, fred og ro, tryggleik, vakkert landskap, fridom og høg livskvalitet.⁶

Artiklane plassert i ein vidare forskingssamanheng

Eit overordna tema for artikkelsamlinga er bygda som bustad, og korleis denne vert opplevd som den trygge og gode bustaden. Eg skal her sjå artiklane i lys av forskning som gjennom andre perspektiv viser at det finst mot-diskursar til 'trygt og godt' og rural idyll. Desse utfordrar førestellingane om det hegemonisk gode bygdesamfunnet som er likt for alle.

Kjønn er ein viktig variabel i opplevingane av bygda som bustad. Det er eit kjent resultat i forskinga at den typiske distriktskommunen framstår som meir attraktiv for menn enn for kvinner (Aasbrenn 1991). Samtidig problematiserer nyare forskning den maskuline bygda som forklaring på kvinneflukt. Eg har ikkje hatt eit eksplisitt kjønnspektiv i mine artiklar. Eg har likevel teke opp tema som viser opplevde forventningar til kva som er mannleg og kvinneleg i ein bygdekontekst. Fokus på ulikskapar, mangfald, sosiale representasjonar og diskursanalysar har nyansert biletet av maskulint og feminint i bygda, og eg vil sjå mine funn i lys av dette.

Artiklane i avhandlinga baserer seg mykje på empiri frå tilbakeflyttarar og innflyttarar. Eg har vist at både tilflyttaren og bonden kan representere ein ståstad som i gitte samanhengar gjer dei annleis i bygda. Dette er ein ståstad som kan utfordre førestellingane om den gode bygda eller den rurale idyllen. Til sist kan forskning om oppvekstvilkår og utryggleik i rurale område utfordre førestellingane om bygda som trygg og god. Eg har ikkje framstilt bygda som utelukkande opplevd som trygg og god, men eg vil likevel utfordre denne opplevinga ved å vise til forskning som på ulike vis problematiserer dette.

⁶ Referansar til anna forskning som finn dette er gjeve i artiklane Bygda – sosial konstruksjon av "trygt og godt", Livsfasebygda – når sosialt liv endrar seg og Rural Life Courses in Norway: Living Within the Rural-Urban Complementarity.

Maskulin og feminin bygdekultur

Diskusjonen rundt og identifiseringa av det maskuline ved bygdekulturen har lenge vore sentral i debatten om fråflytting og kvinneflukt. Mykje forskning tek utgangspunkt i at det finst ein dominerende maskulin bygdekultur som kvinner vegrar seg mot å busette seg i (Hughes 1997, Chapman 1996, Forsberg 1996, 1991, Little og Austin 1996, Teather 1994, Aasbrenn 1991, 1989).

Reidar Almås og Marit S. Haugen (Almås 1983, Haugen og Almås 1991) har vist at kvinner i større grad enn menn har forlate landbruket og at det har skjedd ei maskulinisering av landbruksarbeidet. Primærnæringane og sekundærnæringane med industri, bygg og anlegg har vore viktige arbeidsområde for menn i bygdene og dermed for konstruksjonen av maskulin identitet. Nedgangen i sysselsettinga innafor begge desse næringane, har utfordra den maskuline identitetsbygginga i bygdesamfunna (Brandth 2001, 2002). Omgrepet 'den maskuline bygdekulturen' (Aasbrenn 1989) er bygd på ein hypotese om at jakt, fiske og friluftsliv på bygdene er meir tiltrekkande for gutar enn for jenter, og at gutar i større grad har vore sosialiserte inn i bygdemiljøet gjennom arbeid og fritid.

Jenteflukta frå landbruket og bygdene skaper kjønnsubalanse og ungersproblematikk. Brandth finn at rurale menn ikkje lenger er framstilte som berre aktive og handlekraftige, men også som einsame, sårbare og umoderne.⁷ Kvinner har tilsvarende gradvis endra status frå å vere underordna og delvis usynlege i arbeidet til i større grad å vere handlekraftige, i stand til å velje og betre tilpasse seg det moderne livet (Brandth 2001: 41). I fiskeribygdar har til dømes kvinnene i periodar hatt eineansvar for både heim og lokalsamfunn (Grønbech 2000, Rossvær 1998), og fleire har peika på at det er kvinnene som lagar og vedlikeheld reglar for sosial adferd i bygdesamfunnet (Grimsrud 2000, Rossvær 1998, Hughes 1997, Bringslid 1990). I artikkelen *Rural Life Courses in Norway: Living*

⁷ I Australia ser Teather og Argent (1998) den dominerende rurale maskuline diskursen som ei baksida ved den rurale idyllen. Å mislykkast i arbeid, familieforhold eller sosial tilpassing representerer eit avvik frå den tradisjonelle maskuline rollemodellen. Teather og Argent ser auken i sjølv mord blant unge menn på den australske landsbygda som ein følgje av at menn ikkje klarar å leve opp til forventningane om den tradisjonelle rurale mannen. Dette er ein samanheng som også Catriona Ní Laoire (2001) antydar i sin studie frå Irland.

Within the Rural-Urban Complementarity gjev eg eit døme på dette når den eldre kvinna viste den yngre nytilflytta kva som var høveleg å gjere i bygda.⁸ Samtidig utfordrar den yngre kvinna den tradisjonelle kjønnsarbeidsdelinga når ho stiller krav til mannen si deltaking i husarbeidet. I artikkelen *Born to be farmers? Changing Expectations in Norwegian Farmers' Life Courses* viser eg at det først og fremst er (dei yngre) kvinnene som stiller krav til privatliv for kjernefamilien. Dette er ei fristilling som representerer eit brot med den tradisjonelle storfamilietilpassinga i bondehushaldet.

Også Gro Marit Grimsrud (2000) sitt teoretiske utgangspunkt er at bygdekulturen er meir dominert av menn og tradisjonelle kjønnsroller enn meir urbane delar av landet. Men Grimsrud finn at 'gubbekulturen' betyr lite for kvinner som har flytta frå bygda, og enno mindre for kvinner som har flytta til. Dette utelukkar ikkje at bygdene er prega av patriarkalske maktstrukturar eller er dominerte av tradisjonelle kjønnsrollemønstre. Men det betyr at kvinnene ikkje eksplisitt har vurdert desse forholda som særleg viktige for sine flyttingar (Grimsrud 2000: 71). Ho finn vidare at forskjellane i kvinner og menn sitt flyttemønster er i ferd med å jamne seg ut, og at nokon regionar faktisk taper fleire menn enn kvinner.⁹

Studiar av konstruksjonen av rural maskulinitet er i startfasen (Brandth 2001, Brandth og Haugen 2000).¹⁰ Berit Brandth (2001, 2002) sin gjennomgang av landbruksforskinga viser korleis det tradisjonelle familiebruket er kontekst for konstruksjon av menn som aktive og mektige, mannen er bonden og kvinner er avhengige og underordna medhjelparar og husmødre. Denne problematikken er ikkje berre knytt til landbruket, men er ein del av diskursen om bygda sitt image og bygda som bustad. I studiar av bygdehushald og flytting ser ein korleis konstruksjonar av maskulinitet og femininitet påverkar menn og kvinner når dei vurderer å flytte frå byen til bygda. Eksempelvis kan ein ha forventningar om at å høyre til i

⁸ Denne episoden skjedde på 1960-talet.

⁹ Grimsrud brukar flyttehistoriemateriale frå Statistisk sentralbyrå for innlandsområdet Nord-Gudbrandsdal, Nord-Østerdal, og Gauldal/Røros-området.

¹⁰ Døme på studiar i Norge er Bye 2003, 2000, Brandth 2002, 1994, Brandth og Haugen 2000, 1993, Kaldal 2000.

Bygda som bustad

bygdesamfunnet inneber at ein tilpassar seg bestemte måtar å vere kvinne og mann på (Berg 2002).¹¹

I artikkelen *Rural Life Courses in Norway: Living Within the Rural-Urban Complementarity* viser eg eit døme på korleis menn kan kjenne seg på kant med tradisjonelle kodar for korleis ein skal vere mann i bygda: Den mannlege fysioterapeuten ser både sitt yrke og sine interesser (gitarspel, nære samtalar og sambadans) som liggande på sida av den etablerte mannskulturen ('å vite noko om traktorar'). Berg (2002) har eit liknande døme frå si forskning: Ein mannleg sjukepleiar i deltidjobb som ikkje likar jakt og fiske kan vere ei utfordring for gjeldande praksis og forventningar til korleis menn i bygda skal vere. Andre utfordrarar av dei tradisjonelle maskuline haldningane og verdiane kan vere menn som forhandlar om pappapermisjon lenger enn vanleg (op. cit.). Menn som driv seter 'på kvinners vis' utfordrar på same måten oppfatningar av mannleg og kvinneleg praksis i jordbruket (Daugstad og Villa 2001). Berg introduserer i sin artikkel ein ny innfallsvinkel til kjønnsproblematikken. Ho seier at 'bygdekulturen med hår på brystet' kan utgjere ein like stor eller større fare for å utelukke moderne eller alternative menn enn kvinner.

I lys av at både ruralitet, maskulinitet og femininitet eksisterer som sosiale konstruksjonar som varierer med tid og stad, gjev det ikkje mening å identifisere ein felles bygdemaskulinitet eller bygdefemininitet som skal gjelde for alle menn og kvinner i bygda (Stenbacka 2001). Sjølv om det finst dominerende forventningar til kva som er mannleg og kvinneleg i bygda, viser Stenbacka og Berg at det ikkje er ein maskulin veremåte i bygda – men fleire. Dette er i tråd med mine funn. Den sambadansande fysioterapeuten understrekar kva som er dominerende forventningar til korleis menn i bygda skal vere. Samtidig gjev han, og andre utradisjonelle menn, støtte til kritikken av ei einsidig framstilling av utkantane sine 'tause menn' og moderne jenter som rømer bygda på grunn av desse (jfr. Hauan 1999).

¹¹ Berg (2002) gjev eksempel på at innflyttarkvinner ikkje ønska å 'presse bygdenes normer' for kva som er ei god mor, husmor og kvinne, og som difor garanterte seg ved å ha berre deltidjobb utanfor heimen.

Vi og dei andre - ulike grupper i bygda

Den britiske geografen Chris Philo (1992) sette fart i diskusjonen om ulikskapen i interessene til aktørane som er representerte på landsbygda. Philo peika på at mange sosiale grupper i bygda har vore oversett i den akademiske diskursen, som mest hadde auge for ressurssterke middelklasseinnflyttarar, bønder og planleggarar (op. cit.). Det han sikta til var at forskinga mest var oppteken av dei som tilhørde den sosiale 'mainstream', og at andre og svakare grupper difor vart oversett. Menn og kvinner som ikkje tilpassar seg det som er dominerende forventningar til veremåte og kjønnsidentitet, er døme på slike 'andre' i bygda (Little 2002). Andre 'rural others' som har fått relativt lite merksemd i forskinga, er til dømes barn, ungdom, homofile, etniske minoritetar, arbeidsledige, fattige og folk med alternative livsstilar (Phillips 1998).

Eg har brukt både middelklasseinnflyttarar og bønder som kjelder, og fell såleis for denne kritikken. Men ved å la folk snakke breidt om det å bu i ei bygd, har eg vist at både innflyttarar, tilbakeflyttarar og bønder har historier å fortelje om korleis ein kan kjenne seg annleis i ein sosial bygdekontekst. Dette utfordrar førestellingar om ein rural idyll,¹² og det utfordrar kategoriseringane av kven som er 'rural others'. Å kjenne seg annleis i bygda kan ha utspring i forventningar til ein bestemt kjønnskultur, til ein bestemt bygdekultur ('slik gjer vi det her') eller det å tilhøyre ei yrkesgruppe som i aukande grad taper tradisjonell sosial og kulturell makt – slik situasjonen er for bøndene i mange norske bygder.

Bøndene har tradisjonelt vore ei dominerande og ressurssterk gruppe og dei viktigaste representantane for bygda – den gong bygda var sjølvforklarande. Moderniseringsprosessane og heterogeniteten i bygdesamfunnet inneber i dag at nye og andre yrkesgrupper i mange tilfelle har vorte fleirtalige, og at bonden si livsform representerer ei alternativ livsform like mykje som 'mainstream'. Nedgangen i jordbruket og dei sosiale og økonomiske konsekvensane av samfunnsutviklinga, har gjeve nye og andre grunnar for å studere bonden. Artikkelen *Born to be Farmers? Changing expectations in Norwegian Farmers' Life Courses* viser spenningar som kan ligge i kjølvatnet av ein auka diversitet på bygdene.

¹² I Villa (1997) gjev eg døme på dette når tilbakeflyttaren tilhøyre leiarsjiktet i bygdas næringsliv.

Bygda som bustad

Denne har endra bøndene sin posisjon frå å representere eit fleirtal til å bli ein minoritet i arbeid og livsstil. For bonden kan det å kjenne seg annleis i bygda ha samanheng med arbeidstida, kva ein definerer som fritid og kva tid ein har høve til å delta i sosiale arrangement i bygda. Eller det kan vere oppleving av bondehets og opinionen sitt press for billeg matproduksjon og dermed av å vere ei lite verdsett yrkesgruppe.

Fleire studiar, ikkje minst skandinaviske, har vist at å vere innflyttar eller ikkje kan vere ein grunnleggjande status og ei viktig kategorisering av bygdebuarar (Stenbacka 2001, Kåks 1997, Burnett 1996, Bringslid 1996, Blehr 1994, Kjell 1994). Dette kan i seg sjølv vere eit forsvar for at i utgangspunktet 'mainstream' grupper også kan sjåast frå ein annan vinkel.

'Innflyttarar' og 'dei som er herifrå', 'utkant' og 'sentrum', 'lærarar' og 'vanlege folk', 'bønder' og 'andre', 'ekte' og 'ikkje ekte' bygdefolk, kan sjåast som lokale dikotomiar og symbolske rammeverk (Bringslid 1996). Når innbyggjarane i ei bygd brukar slike kategoriseringar vert dei relevante for bygdas mikro-geografi (Stenbacka 2001, Valentine 1997). Det varierer med omstenda og frå sak til sak kven som er vi og dei (sjå til dømes Stenbacka 2001, Valvåg 2001, Liepins 2000, Fosso 1997, Little og Austin 1996). Barbro Blehr (1994: 14) seier at skiljet mellom innfødd og innflytta likevel alltid finst der, og kan kva tid som helst bli gjort gjeldande, av representantar for kven som helst av kategoriane.

Mary Bente Bringslid (1996) og Andreas Hompland (1983, 1982) har gjort norske studiar som er eksempel på innflyttaren sin ambivalens. Det ligg ein konflikt i å vere ein habil innfødd, samtidig som ein har vore ute og sett. Innflyttaren vert ein av oss og ein av dei på ein og same gong. I artikkelen *Rural Life Courses in Norway: Living Within the Rural-Urban Complementarity* viser eg korleis tilbakeflyttarar kan moderere seg og ikkje uttrykkje andre kulturelle kodar enn den dei opplever gjeld i bygda. Tilbakeflyttaren unngår å skilje seg ut som annleis ved å uttrykkje seg nøytralt til dømes i klesvegen. I artikkelen *Livsfasebygda* viser eg korleis unge forhold seg til denne tosidige måten å vere bygdebuar på. Dei høyrer til i bygda fordi dei har familie og oppvekstkameratar der, men dei kjenner seg likevel utanfor og annleis fordi dei 'har vore ute og sett.'

Bygda som trygg og god

Eit av dei klaraste og mest gjentekne funna eg har gjort i mine studiar om bygda som bustad er at den er opplevd som trygg og god. Særleg i artikkelen *Bygda - sosial konstruksjon av "trygt og godt"* utforskar eg korleis bygda er nært knytt til ei førestelling om at denne er trygg og god, ikkje minst som oppvekststad for barn og unge. Ei undersøking blant eit representativt utval norske bønder støttar dette funnet ved at heile 89% er heilt eller delvis einige i påstanden om at det er trygt og godt å bu på bygda¹³.

Barna sitt oppvekstmiljø er ofte halde fram som viktig for at ein bur eller flyttar til bygda (Orderud 2001, Stenbacka 2001, Lysgård m.fl. 2000, Wiborg og Anvik 2000, Jones 1997, Little og Austin 1996, Bugge 1989). Det er og eit hovudmønster i forskinga at bygda er meir attraktiv for barnefamiljar enn for einslege (Aasbrenn 1991). Den trygge og gode barndommen er eit element i førestellinga om ein rural idyll. Oppleving av tryggleik er knytt både til gode oppvekstvilkår i integrerte bygdesamfunn, og til fråver av kriminalitet. Det er gjort få studiar av oppleving av utryggleik og frykt knytt til bygdesamfunn, og forskning gjev ikkje einssidig støtte til at bygdene er dei beste oppvekststadene.

Internasjonale studiar har utfordra idylliseringa av bygdebarndomen (Nairn, Panelli og McCormack 2003, Matthews m.fl. 2000, Teather og Argent 1998, Jones 1997, Valentine 1997).¹⁴ Vi kan ikkje utan vidare setje likskapsteikn mellom opplevingar av sosiale forhold frå eit land til eit anna, og kanskje heller ikkje mellom ulike bygder i eitt og same land. Den norske velferdsstaten gjev andre vilkår i bygdene enn kva som til dømes er situasjonen i USA, Australia og Storbritannia. Når vi likevel ser

¹³ Basert på tilgjengeleg datamateriale ved Bygdeforskning: Spørjeundersøkinga "Trender i norsk landbruk", 2004 (upublisert).

¹⁴ Det er gjort mange studiar av amerikanske rurale 'boomtown's' frå 1970- og 1980-talet. Fokuset for mange av desse har vore korleis restrukturering og rask industrivekst har bidrege til auka skilsmissetal, endringar i naboskap, auka kriminalitet og andre sosiale problem (Nelson 2001, Freudenberg 1982). Også i norske industriutbyggingsområde har lokalbefolkninga frykta negative sosiale konsekvensar av rask vekst. Men det er få studiar av kriminalitet, og ingen eintydig tendens til at rask vekst skaper problem (Leonardsen 1992). Dag Leonardsen har skrive ein rapport om norske og amerikanske erfaringar i samband med industriutbygging.

Bygda som bustad

bygdeforskinga i eit internasjonalt perspektiv, viser denne at konstruksjonen av bygda som trygg og god er eit internasjonalt fenomen i land av vår type.

Rachel H. Pain (2000) går gjennom hovudfunn i europeisk og amerikansk forsking om frykt for kriminalitet i rurale område på 1990-talet. I dei nyaste etnografiske arbeida er frykt for kriminalitet sett i forhold til stad, sosiale relasjonar og sosial ekskludering. Raske endringar og auka kriminalitet i rurale område utfordrar 'the traditional wisdom about fear of crime'. Variasjon mellom rurale område vert sentralt. "Little of the relatively sparse literature on the nature of rural fear has dwelt on diversity and difference between or within rural communities (...), nor examines the significance of 'rurality' in the context of crime, sense of place and the ways in which these affect residents' perceptions of safety." (Pain 2000: 381). I amerikanske rurale studiar har frykt for kriminalitet vore relatert til det spreiddbygde og avsidesliggande, med lange avstandar til naboar og isolert frå politiet.

Som i USA, har ein i Storbritannia funne at frykt for kriminalitet er lågare i rurale område enn i urbane. Men ulikskapane mellom rurale og urbane område er korkje systematiske eller konsekvent store (jfr. også Bankston m. fl. 1987). Istaden for eit urbant-ruralt skilje, kan det på enkelte område vere meir relevant å sjå likskapar på gruppenivå. Til dømes likskap blant kvinner i rurale og urbane område. For kvinner er frykt i mange tilfelle frykt for menn (Pain 2000, Koskela 1999), og vald i heimen kan vere ein større trussel di meir utanfor allfarveg ein bur (Teather og Argent 1998). Ifølgje Pain undergrev nyare studiar 'the myth of a safe countryside as opposed to a dangerous city'. Frykt er relatert til overfall på aude plassar, og det er dei same valdtektsforbrytarane og overfallsmennene ein er redd for på bygda som i byen, seier Pain (2000: 371).

Studiar har utfordra idèen om at levemåte er bestemt av bustad, og at oppvekstvilkåra er best i bygdene (sjå til dømes Heggen 1987). Samtidig er det vist at frykt for kriminalitet har samanheng med grad av integrasjon i lokalsamfunnet (Hunter m.fl. 2002, Mallén 2002, Holmila 2000). Med data frå ei finsk kystbygd finn Agneta Mallén (2002) at sterk integrasjon og sosiale band bidreg til låg frykt for kriminalitet. Marja Holmila (2000) har studert eit finsk bygdesamfunn over tid. Ho ser ei utvikling i retning av meir desintegrering, mindre sosial kontakt og mindre kontroll. Trass mindre

sosialt samver i bygda, finn Holmila at bygdefellesskapet er levande som *symbolske representasjonar*. Bygdefellesskapet er mobilisert ved ytre påkjenningar eller utfordringar, og representerer slik ein kontroll med det framande og 'det farlege'. Både Mallén og Holmila knyter oppleving av frykt til det framande, anten det gjeld framande personar som kjem til bygda eller det er nye vanar og idèar.

I boka *Ung i utkant* (redigert av Helena Helve, 2003) er det gjort ein samanliknande analyse av levkår blant barn og ungdom i Danmark, Finland, Færøyane, Island, Norge og Sverige. Dette er gjort både i eit by-bygd og sentrum-periferi perspektiv. Her har Kåre Heggen ein gjennomgang av eit utval norske studiar av barn og unge i ulike typar lokalsamfunn. Heggen åtvarar mot å trekkje raske og generelle konklusjonar om forskjellar mellom sentrum og periferi. Sentrum og periferi representerer ofte heilt ulike sosiale og kulturelle oppvekstlandskap. Men det vil samtidig vere variasjon i oppvekst og sosialisering mellom ulike utkantsamfunn (t.d. Heggen m.fl. 1999). Det er heller ikkje éin rural barndom eller éi rural barnegruppe (Matthews m.fl. 2000). Kvart oppvekstmiljø har sine særeigne tradisjonar, i tillegg til den meir generelle likskapen som på mange område pregar barn og unge sin oppvekst i dag.

Ånund Brottveit (1998, 1994, 1993) skisserer 'det tradisjonelle og ideelle bygdesamfunnet' som det trygge og gode oppvekstmiljøet. Han ser ein samanheng mellom levemåten i små integrerte bygdesamfunn, og gode oppvekstvilkår for barn. Blant foreldre i tre bygder i Indre Østfold, fann han ein levande ideologi om eit tradisjonelt samfunn. Dei verdsette heimeverande husmødre og privat barnetilsyn, og bygdene var prega av slektsband, store sosiale nettverk og stabil busetting. Barna fekk friare spelerom og større aksjonsradius, fordi foreldra var trygge på miljøet. I likskap med Brottveit, viser Ivar Frønes (1987) korleis den sosiale kontrollen og eit særeige sosialt landskap i bygdesamfunnet bidreg til integrasjon og tryggleik, som igjen gjev barn og unge stor fridom. Heggen seier likevel at det ut frå tilgjengelege data er vanskeleg å sjå systematiske forskjellar i barn og ungdom sine levkår i ein sentrum/periferi-akse. Dei indikatorane som finst på problematiske levkår kan bidra til å rokke ved myten om 'den gode og harmoniske bygda'. Heggen nemner forhold knytt til rusproblem, kriminalitet, sosiale og psykologiske problem, der unge frå

Bygda som bustad

periferien skil seg lite frå unge frå meir sentrale strom. Storbyen (Oslo) er ofte unnatakett framfor periferien (Heggen 2003: 179-185).¹⁵

For Hugh Matthews og kollegaene (2000), er ikkje det særeigne med ein bygdeoppvekst i dag kontrastane til ein meir urban oppvekst. Dei er meir opptekne av skiljet mellom symbolikken og forventningane til det gode livet, og realitetane og erfaringane med å vekse opp i små, perifere lokalsamfunn med dårleg servicetilgang. I bygder med få barn kan desse oppleve 'idyllen' som isolasjon og einsemd (Kloep 1998, Jones 1997). Nedgang i barnetal og spreidd busetting påverkar bygdebarn sitt leikemiljø. Mange bygdebarn går difor i barnehage for å ha nokon å leike med (Vartdal 1999). I Sverige har Karin Tillberg (2001) sett på barnefamiljar sine fritidsreiser i by og bynær bygd. Lange avstandar og tid brukt til reising til og frå fritidsaktivitetar, gjorde at bygdebarna i mange tilfelle var mindre heime eller i eige nærmiljø enn bybarna (Stenbacka 2001: 38). Ei anna utfordring for 'den idylliske bygdeoppveksten' er at stadig fleire bygdebarn opplever familieoppløysing. I Norge er skilsmissetala aukande i bygdene, og utjamnande mellom by og land (Vartdal 1999, Vartdal og Blekesaune 1998).

Bygda som trygg og god er i mine studiar ei vaksen-oppleving. Studiar av barn og unge sine egne opplevingar av oppvekst i bygda, viser at sosial tryggleik, fridom, snille naboar og 'alle kjenner alle' er noko også dei framhevar som grunn til at dei trivest (Brottveit 1998, 1994, 1993, Kloep 1998). Men det som for barnefamiliane er eit trygt og tett lokalmiljø, kan vere begrensa og einsidig for ungdom og andre vaksne (Glendinning m.fl. 2003, Matthews m.fl. 2000, Brottveit 1998, Hendry m.fl. 1998). Matthews og kollegaene (2000) presenterer opplevingane til barn som utfordrar den sosiale konstruksjonen av ein rural idyll. Barna leika i liten grad fritt i skog og mark. Mykje fordi vaksne hadde gjerda inne og markert privat eigedom. Både barn og unge trekte til offentlege stader og leikeplassar. Matthews og kollegaene forklarar dette med at det sosiale var viktigare enn 'det

¹⁵ Norske studiar om oppvekst i bygdesamfunn fokuserer på sosialisering, lokal identitet og tilhøyre, ofte i eit flyttoperspektiv. Stigmatisering, marginalisering, konformitetspress og mangel på integrering i lokalt miljø er potensielle baksider ved gjennomslittige bygdesamfunn og utfordringar for 'den gode landsbygda' (Heggen 2001, 1987, Jørgensen 2001, Heggen m.fl. 1999).

naturlege', og like viktig for rurale barn som for urbane. Barbro Vartdal (1999) er inne på det same i sin studie frå norske bygder. Ho finn at bygdebarndommen i dag er mindre prega av fri leik i skog og mark, samanlikna med då foreldregenerasjonen voks opp. Mindre friareal i bygdene, og fleire små hustomter er noko av grunnane til dette (op. cit.: 43-44). I eit britisk perspektiv legg ein vekt på at dei som har økonomi til å kjøpe store eigedomar, har meir friareal å tilby barna sine og meir permanent tilgang til den rurale idyllen (Valentine 1997, Little og Austin 1996). Tryggleik og fridom vert då ein klasseidyll.

Farar på gardsbruk er noko foreldre engstar seg for (Brottveit 1998). Og landbruket er den einaste tunge og farlege industrien som tillet at barn er tilstades (Teather og Argent 1998, Clarke 1990)¹⁶. I tillegg er trafikkerte vegar, dårleg trafikkisikring og dårleg transporttilbod opplevd som eit problem i mange bygder (Orderud 2001, Brottveit 1998, 1994). Dette kan vere eit alvorleg hinder for bygdebarn sin fridom, og fleire av artiklane i avhandlinga tek opp at bygdeforeldra har slike motførestellingar til den trygge og gode bygda.

Analysane i artikkelen *Sosial kontakt i bygdene - familie, venner og naboar* er baserte på statistikk frå nasjonale levekårsundersøkingar. Utgangspunktet var eit ønske om å kunne seie noko 'målbart' eller kvantitativt om sosialt liv i bygda, og samanlikne dette med 'ikkje-bygda'.¹⁷ Andre studiar har vist at sosial kontakt og grad av integrering i bygdesamfunnet har betydning for kjensle av tryggleik. Besøkskontakt, nabokontakt og familiekontakt kan vise mønstre for sosial kontakt i dei ulike typane bustadområde. Dette representerer noko av konteksten for førestellingane, opplevingane og forventningane som bygdefolk uttrykkjer i kvalitative intervju.¹⁸

¹⁶ Det er framleis i dag fleire gongar så stor ulykkesrisiko i landbruket som elles i yrkeslivet (Almås 2002).

¹⁷ Artikkelen skil mellom spreidtbygde og tettbygde strom. Dette er ikkje noko ideelt skilje mellom bygd og ikkje-bygd, men det gjev ein peikepinn på mønstre for sosial kontakt på større og mindre stader.

¹⁸ Som diskusjonen rundt sosiale konstruksjonar av bygda påpeikar, vil forventningar til passande handling også påverke faktisk handling. Forventningar til kvantitet i besøkskontakt kan med andre ord påverke faktisk besøkskontakt.

Bygda som bustad

Konstruksjonen 'alle kjenner alle' er ein del av opplevinga av tryggleik. I den ovanfor nemnte spørjeundersøkinga blant norske bønder, er 77 % heilt eller delvis einige i at alle kjenner alle på bygda. Som vist i artikkelen *Sosial kontakt i bygdene - familie, venner og naboar* er det meir nabokontakt i spreittbygde strok, og meir nabokontakt di meir 'på bygda' ein kjem (Villa og Haugen 2002, Villa m.fl. 2002). Intervjumaterialet i dei øvrige artiklane i avhandlinga viser som tidlegare nemnt ei oppleving av og tiltru til bygda som ein trygg bustad generelt og ein god oppvekststad spesielt. Meir omgang med naboar i bygda kan gje ei kjensle av auka tryggleik i det lokale sosiale miljøet. Når bygdefolk hevdar at 'alle kjenner alle', representerer det trygghet fordi einkvan alltid vil halde auge med bygdebarna. I følgje Gill Valentine (1997) er det då sider ved den rurale idyllen som vert mobilisert. Dei sosiale relasjonane som vert tillagt lokalsamfunnet, med samarbeid og gjensidig hjelp i nærmiljøet, er del av dette.

Metode

Artiklane er skrivne i samband med to forskingsprosjekt ved Norsk senter for bygdeforskning; "Bygdehushald - livsform og strategi" og "Sosiale nettverk i bygdene - forvitring og nydanning".

Artikkelen *Sosial kontakt i bygdene - familie, venner og naboar* er basert på data frå norske levekårsundersøkingar ved Statistisk sentralbyrå. Det statistiske materialet har eg brukt for å kunne seie noko meir generelt om eit overordna mønster på sosial kontakt, samtidig som eg ønska å sjå om det var forskjellar mellom ulike bustadområde. Dette er det gjort greie for i artikkelen, men eg vil kommentere kritiske punkt i dei statistiske analysane der det er relevant i gjennomgangen nedanfor.

Dei andre artiklane er alle skrivne med utgangspunkt i eigne innsamla personlege intervju. I tillegg er artikkelen *Livsfasebygda - når sosialt behov endrar seg* også basert på eit gruppeintervju. Eg skal i dette kapitlet gjere nærare greie for det eigne innsamla datamaterialet.

Val av studieområde

Dei personlege intervjuar har eg gjennomført i tre kommunar. I utveljinga av kommunar var det først bestemt at desse skulle vere lokaliserte i Midt-

Norge. Dette var ei praktisk avgjerd med tanke på tilgjenge og reiseavstandar. Ei anna praktisk vurdering var at folketalet ikkje skulle vere høgare enn 6000 innbyggjarar per kommune, som var Statistisk sentralbyrå si øvre grense for å gjere fullstendige folke- og bustadteljingar¹⁹. Utveljing av kommunar er gjort i forhold til god eller dårleg arbeidsmarknad og grad av modernisering. Arbeidsmarknaden er vurdert utifrå andel arbeidslause i kommunen og reiseavstand frå kommunesentrum til næraste by. Lite arbeidsløyse og godt høve til å pendle til ein større og meir differensiert arbeidsmarknad er eit mål på god arbeidsmarknad. I praksis hadde alle intervjupersonane rundt rekna 1-2 timar reisetid til næraste by. Grad av modernisering er vurdert utifrå næringsammansetting. Stor andel av primærnæringar gjev mindre modernisering enn stor andel av sekundær-og tertiærnæringar (Villa 1993: 3-4).

Kommunane varierer i folketal frå vel 1000 til i underkant av 4000 (Folke- og bustadteljinga 2001). Dei utvalde er ein kystkommune med jordbruk, fiskeri og nyetablert industri, ein industrikommune frå fjordbygdene, og ein jordbrukskommune frå innlandet som har opplevd nedlegging av hjørnesteinsbedrift innan industri og bergverk. Kommunane representerer ulike tradisjonar, frå kulturar med småjordbruk i kombinasjon med og gjensidig avhengig av industriarbeid, til gruvedrift med store klasseskilje mellom jordbruks- og industrikulturar. Tenesteytande næringar er veksande i alle kommunane.

Reidar Almås og Kari Mette Elden (1997) har operasjonalisert den rurale dimensjonen og laga ein indeks for ruralitet basert på folketettleik (antal personar fordelt på areal i kommunen), sentralitet (plassering i forhold til større og mindre tettstad), andel sysselsette i primærnæringane og andel sjølvstendig næringsdrivande. Almås og Elden plasserer alle kommunane i landet i forhold til denne dimensjonen, og dei tre kommunane i mitt materiale tilhøyrer dei mest rurale. I denne gruppa fell 38% av kommunane i landet (Almås og Elden 1997).²⁰

¹⁹ For kommunar med meir enn 6000 innbyggjarar var folke- og bustadteljingane basert på utvalsteljingar.

²⁰ Det vil seie at dei tre kommunane har stor andel spreiddbygde område, men at dei ligg innafor 45 minutt reisetid frå kommunesenter til tettstad (ikkje by) på 5000-15000 innbyggjarar, og at dei har relativt stor andel primærprodusentar og sjølvstendige. Primærnæringane sin andel av dei sysselsette varierer likevel mykje meir mellom desse kommunane enn kva som kjem fram av Almås og Elden sin indeks for ruralitet.

Bygda som bustad

Dette er ein definisjon av ruralitet som er basert på 'harde fakta' og indikerer den materielle basisen i kommunane. Den materielle basisen seier lite om kultur og mentalitet, utover det vi kan tenkje oss til av samanhengar som kan finnast i og mellom næring, livsform og fysiske eller geografiske avstandar. Eg har brukt den statistiske og materielle inndelinga for grovt å klassifisere kommunane. Dette var slik eit verkty i den prosessen det er å komme ned på eit hushalds- og individnivå. Å vurdere kommunane i forhold til kvarandre etter kriteriar som ovanfor har sikra ein viss grad av variasjon i den lokale konteksten. Folk si oppleving av bygdelivet og det rurale har eg fått innsikt i ved å intervjuje personar som bur i desse kommunane.

På det tidspunktet då utveljinga av kommunane var gjort, var det meint at dei ulike lokale kontekstane skulle vere meir i fokus. Det vil seie at det komparative perspektivet var viktig, og difor også å velje kommunar som var ulike med tanke på næringsliv og lokal kultur. Dette er eit poeng som ikkje har vorte følgt opp i analysane, som i staden har fokusert på felles tema og individuelle historier på tvers av bygder og kommunar. Dette, men og omsynet til intervjupersonane sin anonymitet, har bidrege til at eg ikkje har identifisert kommunane i teksta. Ein del av den eksplisitte konteksten for analysane har då gått tapt. Men den variasjonen som ligg bak utveljing av kommunar, og med det intervjupersonar, er like fullt gjeldande.

Personlege intervju

Intervjua er samla gjennom prosjektet "Bygdehushald - livsform og strategi" i tidsrommet 1995-1999. Til saman 19 menn og 28 kvinner (som utgjør 29 hushald) fødte mellom 1926 og 1975 er intervjua.

Utveljing av intervjupersonar har skjedd både på individ- og hushaldsnivå. Når eg fann ein person som passa mitt teoretiske utval, ba eg også om å få intervjuje eventuell ektefelle/sambuar. Dette var fordi samspel og relasjonar innafor hushaldet skulle vere sentralt i analysen. Artikkelen *Born to be farmers? Changig Expectations in Norwegian Farmers' Life Courses* viser til dømes eit mogleg skilje mellom mann og kone i jordbrukshushaldet i syn på privatliv og fristilling av nye generasjonar. Under arbeidet med intervjua og analysane har likevel hushaldsperspektivet komme meir i bakgrunnen. Til dømes er det ikkje diskusjonane eller

forhandlingane i eit hushald rundt ein flytteprosess som er belyst, men korleis dei individuelle medlemmane i hushaldet (mann og kone) forheld seg til flytting. Det er ikkje råd å avgrense dette heilt, men dei opprinnelege intensjonane la føringar på kvifor eg intervjuar par. Individet sine erfaringar og vurderingar er uansett resultat av eit samspel med andre i hushaldet, og det har i alle tilfelle vore nyttig for meir heilskapleg innsikt og forståing å intervjuar både mann og kone. Materialet utgjer atten ektepar/sambuarar, sju personar der ektefelle eller sambuar ikkje er intervjuar og fire personar som bur åleine. Sidan eg intervjuar ektepar og sambuarar ga kjønnsvariasjon seg i stor grad sjølv.

Intervjuar skjedde i all hovudsak i form av personlege besøk heime hos intervjuarpersonane og varte oftast rundt to timar. Fleirtalet av personane er intervjuar to gonger (med 2-3 års mellomrom). I dei tilfella der eg intervjuar sambuarar eller ektepar var dei som regel intervjuar kvar for seg første gong, og noko oftare parvis andre gong. Når par var intervjuar saman, var det anten av praktiske årsaker eller fordi dei sjølve ville det slik.

Det varierer litt kva kategoriar eg har lagt vekt på å beskrive i dei enkelte artiklane. Dette er fordi datamaterialet er handsama med delvis forskjellig fokus i enkeltarbeida. Endringar har skjedd i løpet av intervjuperioden, til dømes har barnlause fått barn, single har vorte sambuarar og gifte har skilt lag. Dette utgjer ikkje store endringar, men misforhold i detaljar mellom dei enkelte artiklane har samanheng med dette, i tillegg til eit etterslep i høve til trykke- eller publiseringstidspunktet for artiklane.

Data er samla som livshistoriske eller biografiske intervju og utvalet er teoretisk og strategisk (Patton 1990). Eg har starta med eit knippe intervjuarpersonar eg har hatt kjennskap til i dei aktuelle bygdene. Desse har tipsa meg om nye personar utifrå mine ønske om å få eit variert utval basert på alder, yrke og flyttestatus. Variasjon i alder og livsfase er valt for å studere samfunnsmessige endringar i eit generasjonsperspektiv. Personane fordeler seg nokon lunde likt mellom dei som er fødde på 1920-, 30- og 40-talet, dei som er fødde på 1950-talet og dei som er fødde på 1960- og 70-talet. Bakgrunn frå fiskeri, jordbruk, industri og tenesteyting var eit kriterium eg varierte utvalet etter, og intervjuarpersonane sine stillingar har variert frå ufaglært lønsarbeidar og administerande direktør til arbeidsledig,

Bygda som bustad

heimeverande og pensjonist. Med flyttestatus meiner eg personar som var innflyttarar, tilbakeflyttarar og personar som meir eller mindre hadde budd i bygda heile livet. Gro Marit Grimsrud (2000) påpeikar at den flyttestatus som forskaren finn, ikkje alltid stemmer med ein person si eiga oppfatning av flyttestatus. Til dømes kan ein rekne seg sjølv som tilbakeflyttar til heimtraktane sjølv om dette ikkje er til heimkommunen. Tilbakeflyttarar i min studie er personar som har flytta tilbake til heimkommunen.

Intervjua er gjort utifrå ein tematisk intervjuguide (sjå vedlegg) som innleiingsvis opna for at personane fritt kunne fortelje om eige livsløp. Deretter har eg hatt meir konkrete spørsmål om val av bustad, etablering, arbeid, økonomi, sosialt liv, tradisjonar og framtidstankar.

Eg ønska både biografiske data frå personane og deira haldningar, vurderingar og erfaringar med livet i bygda. Når eg seier at eg har brukt livshistoriske intervju, meiner eg ikkje å ha gripe folk si livshistorie med eit par timars intervjuing. Men eg har vore interessert både i familiebakgrunn og oppvekst, fortid og notid. Innfallsvinkelen var heile livsløpet og gjennom det bitar av livshistoria. Etterkvart som eg starta intervjuinga, såg eg at intervjuguiden la opp til større breidde i tema og detaljar enn det var mogleg å få analysert. I løpet av intervjuprosessen har det difor vore nødvendig å kutte ut eller ta lettare på enkelte tema. Ei slik tilpassing har hatt samanheng med kva eg har oppfatta at dei enkelte har ønska å snakke om, kor mykje tid vi har hatt til rådvelde og kva eg har oppfatta som dei mest substansielle tema i forhold til det overordna tema *bygda som bustad*.

Etablering, flytting og busetjing heng saman i eit komplekst årsaksmønster. Det er hevda at mangel på å begrepsfeste migrasjon frå eit biografisk perspektiv har ført til ei forenkling av prosessen som fører til at flytteavgjerda vert teken (Halfacree og Boyle 1993, Halfacree 1994). I migrasjonsforskinga har det den seinare tida vorte større interesse for at enkeltindivid sine historier kan gje andre innfallsvinklar til flytting enn metodar der målet er å generalisere funn (Boyle, Halfacree og Robinson 1998). Eli Janette Fosso og Sturla Alvheim (2001) er blant dei som seier at flytting må forståast og analyserast etter langt fleire dimensjonar enn utdanning og arbeid, blant anna fordi det skjer fråflytting også frå stader der moglegheita for jobb er til stades. I dei personlege intervjua gjev den biografiske tilnærminga og vekta på den kvardagslege konteksten høve til å

gripe meir av denne kompleksiteten, til dømes ved å utforske førestellingar relatert til ein rural idyll og kor vidt dette har samanheng med flytting og busetting.

Gruppeintervju

Gruppeintervju med to menn og fem kvinner fødde mellom 1972 og 1977 vart gjennomført i 1999. Dette intervjuet er brukt i artikkelen *Livsfasebygda*, og er eitt av i alt 10 gruppeintervju i samband med prosjektet "Sosiale nettverk i bygdene - forvitring og nydanning". Eg vil her forhalde meg til den eine gruppa som er brukt i artikkelen.

Utgangspunktet for å bruke gruppeintervju i dette prosjektet var å utforske eit tema vi visste mindre om: Oppleving av sosial kontakt i dagens bygdemiljø. Samanlikna med individuelle intervju, vil ikkje gruppeintervju gje så mykje data frå kvar person, men ein vil få mange erfaringar og meiningar om eit tema. Forventningane var at gruppeintervju skulle gje interessante diskusjonar som utforska og opplyste temaet sosial kontakt i bygdene, noko vi også fekk.²¹

Gruppa kom i stand ved at eg og min kollega ba ein person vi kjente om å setje saman ei gruppe etter våre ønske om kjønn, alder, bakgrunn og geografisk spreining. I nokre intervjugrupper var eg åleine som forskar, slik tilfellet var for denne ungdomsgruppa. Gruppedeltakarane fekk i forkant av intervjuet eit informasjonsbrev frå Bygdeforskning der prosjektet vart presentert, og der det vart informert om rettar ved å delta. Intervjuet starta med ein kort presentasjon av prosjektet, og ei runde rundt bordet der deltakarane presenterte seg for meg. For å sette i gang diskusjonen fekk deltakarane presentert fire påstandar: 'I bygda er slektningane det viktigaste nettverket', 'I bygdene har ein regelmessig kontakt med naboane', 'I bygdene er naboane og familien viktigare enn vennene', og 'Kollegaene vert stadig viktigare i eins sosiale nettverk'. Vi hadde eit par timar som tidsramme.

I artikkelen har eg brukt gruppeintervjuet for å supplere dei individuelle intervju med data frå ungdom. Til forskjell frå dei andre intervjugruppene, som hadde større aldersspreining, var dette ei gruppe der

²¹ Delar av prosjektet var gjennomført i samarbeid med dåverande kollega ved Bygdeforskning Barbro Vartdal.

Bygda som bustad

ungdomsperspektivet vart reindyrka og mest utdjupa.²² Ungdommane kjem frå bygder i Østfold, men hadde på intervjutidspunktet flytta til Oslo for å studere eller arbeide. Intervjuet foregjekk heime hos nokre av ungdommane som budde saman, og alle tilhørte samme vennegjeng.

Det er ein generell regel at internt homogene grupper gjev data med større dybde enn heterogene grupper (Knodel 1993). Men det er både gode (Leyshon 2002) og dårlege (Brandth 1996) erfaringar med grupper der både kvinner og menn deltek. Mine erfaringar med gruppeintervju er at likskap i sosial bakgrunn, kjønn og alder er viktig, men at dette også varierer med tema. Det var til dømes av stor betydning for innsikt i ungdom sine erfaringar og forventningar at dette var ei aldershomogen gruppe, men eg opplevde ikkje kjønnsblanding som ein ulempe i denne gruppa. Formålet var ikkje å seie noko om utbreiing av sosial kontakt, og i gjennomgangen av gruppeintervjua fekk eg raskt eit inntrykk av at denne gruppa ga nok dybde til å utforske synet på bygda frå ein fråflytta ungdom sin ståstad.

I følgje Berit Brandth (1996) er det gjort for lite metodedrøfting til at ein kan gje eit generelt svar på kva tema gruppeintervju eignar seg eller ikkje eignar seg til. Skal ein ha oversikt over harmlause faktiske forhold kan det vere effektivt og tidsbesparande å intervju fleire saman (Repstad 1987). Pål Repstad seier at det kan vere eit problem ved gruppeintervju at det berre er syn som kan presenterast offentleg som kjem fram, medan David L. Morgan (1988) hevdar at det er ei myte at gruppeintervju ikkje kan ta opp sensitive tema. I følgje Morgan kan det tvert om vere plassen å snakke om private ting (særleg med ukjente) som ein elles ikkje vil snakke om - fordi det i denne situasjonen er akseptert å vere privat. No var det eit 'ufarleg' tema vi hadde på dagsordenen, og sidan ungdommane var kjent med kvarandre, kan vi forvente at dei lettare ga uttrykk for reelle haldningar (Repstad 1987). Michael Leyshon (2002) har og eit poeng ved at gruppeintervju med ungdom fungerer bra fordi å vere sosiale og snakke saman er noko dei gjer på fritida og difor er komfortable med. Gruppeintervju (og andre intervju) er ein kunstig og konsentrert samtale som ikkje finn stad utan at forskaren har arrangert det (Morgan 1988). Det er difor vanskeleg å skape ein fruktbar samtale utan at det er grunnlag for

²² Ved gruppeintervju kan eit tema fenge ulikt i dei ulike gruppene, og di fleire grupper, di meir samansett og uoversiktleg kan det bli (Hoel og Hvinden 1982).

den i den sosiale verkelegheita (Brandth 1996). Mi erfaring er at det var av stor betydning for framdrifta i diskusjonen at temaet var kjent og engasjerande for deltakarane. Ungdommane skulle diskutere eit tema dei var opptekne av, nemleg korleis dei - bygdeungdom i byen med moglege tilbakeflyttingsplanar - opplever bygda.

Til forskjell frå erfaringar med individuelle intervju, inspirerte deltakarane i gruppeintervjuet kvarandre til å forfølge eit tema meir inngående. Og til forskjell frå forskaren som stiller mange spørsmål og intervjupersonen som gjev korte svar (nokre gongar er dette opplevd som at ein tung dragkamp for å få informasjon), fekk vi no fleire diskusjonar som gjekk av seg sjølve. Deltakarane sa seg einige og ueinige med kvarandre, og kom med utfyllande kommentarar og eksempel. I delar av intervjuet var dei sjølvgåande på den måten at dei utveksla meiningar og erfaringar utan at eg måtte stille spørsmål eller korrigere avsporingar. I diskusjon med andre er det lettare å hugse og setje ord på erfaringar som elles kan opplevast som sjølvsaute eller uvesentlege i det daglege livet. Gruppeintervju er difor godt eigna til å gripe sosiale konstruksjonar (Brandth 2001, 1996).

Nokon var likevel mindre aktive i diskusjonen enn andre. Det er vanskeleg å avgjere kor mykje dette var påverka av situasjonen med ein forskar til stades. Både det og for meg ukjente forhold i venneflokk, kan spele inn.

Validitet og reliabilitet

Reliabilitet er ei vurdering av om datainnsamling, materiale og tolking er påliteleg, nøyaktig og etterprøvbart. I dette ligg det at forskinga skal vere gjort på ein slik måte at andre forskarar kan komme til samme resultat. Validitet er eit spørsmål om dei data som er samla er relevante for problemstillinga, og om dei svarar på det ein spør om (Hellevik 1993).

Standardisering og forenkling er nøkkelord i kvantitativ metode. Systematiske spørsmål stilt på den nøyaktig samme måten i alle intervju, er døme på slik standardisering for å få mest mogleg pålitelege (reliable), etterprøvbare og eintydige resultat. Dette er ein styrke ved kvantitativ metode, som med nokre års mellomrom kan måle kor mange gongar eit utval personar besøkjer naboen sin, og vise eit mønster i nettopp det. Slik standardisering er ikkje poenget i kvalitativ metode. Den diskursive og

Bygda som bustad

dynamiske karakteren i intervjusituasjonen kan gjere at intervjupersonen i ulike kontekstar kan komme fram til ulike forteljingar og framstillingar av 'verkelegheita' (Stenbacka 2001: 94-95). I kvalitativ metode kan validitet og reliabilitet knytast til tolking og formidling. Det er og hevda at omgrepa ikkje eignar seg i kvalitativ metode (Stenbacka 2001, Fog 1994).

Hanne Svarstad (2003) argumenterer for å avvise krav om absolutt reliabilitet i kvalitative studiar. Det ligg i det personlege intervjuet sin eigenart at dette ikkje kan gjentakast, utan at personlege og kontekstuelle forhold som kan påverke intervjusituasjonen også har endra seg. I eit fortolkande perspektiv, som min studie tilhøyrer, skjer datainnsamlinga under gjensidig påverknad og forhandling mellom forskar og intervjuperson. Eg meiner ikkje at andre forskarar ikkje kan samle tilsvarande data. Men andre forskarar gjev andre signal, kan få fram anna eller ny informasjon, og kan gje andre tolkingar.

Ibuande i ei forståing av menneska som refleksive og aktive subjekt som skaper seg sjølve og den sosiale verda gjennom sosial interaksjon, er at sosial interaksjon ikkje let seg standardisere. I kvalitativ metode har forskaren høve til å lage seg eit meir heilskapleg bilete av ein intervjuperson og denne sin situasjon. Då er sjansane større for å samle relevante og dermed gyldige eller valide data. Med døme frå den statistiske analysen av sosial kontakt (*Sosial kontakt i bygdene - familie, venner og naboar*), kunne eg fått meir og treffande informasjon om sosial kontakt om dei intervju personane hadde fortalt om sitt forhold til naboen. I levekårsundersøkinga får vi heller ikkje vite kva respondentane legg i omgrepet 'fortruleg venn', eller kva det vil seie å vere 'saman med naboar'. Eit anna døme på heilskapsorienteringa i kvalitativ metode, er den kvalitativt orienterte flytteforskinga. Denne finn at det er vanskeleg å klassifisere personar etter flyttemotiv. Intervjusamtalar viser at flyttinga berre er ein del av flyttehistoria der fleire forhold spelar inn samtidig (Grimsrud 2000).

Validitet kan referere til truverdet og kvaliteten ved dei funn ein har (Svarstad 2003). Kvaliteten på det faglege handverket kan vurderast og styrkast ved å gjere greie for framgangsmåte, datamateriale, analyse og ståstad (jfr. Kvale 1997). Kvale argumenterer for å utvide valideringsomgrepet, til også å omfatte kommunikasjon om kunnskapsutsegn. Er forskinga publisert i tidsskrift og bøker med referee-

ordning, har arbeidet vore gjennom 'peer reviews'. Dette er ei form for kommunikatív validering som inneber at studiane er presenterte og diskuterte med kompetente fagfolk (Svarstad 2003, Kvale 1997).

Truverdet i analysen kan auke om ein skil mellom sanning og truverd (Stenbacka 2001: 95). Sanning forutset at det finst ei objektiv verkelegheit, medan truverd er ei forståing basert på at det finst fleire subjektive sosiale verder. Misforhold mellom det ein faktisk har gjort og det ein minnst å ha gjort, er ikkje så viktig når ein vil studere korleis folk opplever og fortolkar hendingar. Det subjektive er ikkje nødvendigvis upåliteleg. Dersom det er oppfatting og bearbeiding av hendingar som er viktig, treng ein ikkje noko eigentleg sanningsbevis. Dette vert først problematisk som historisk dokumentasjon (Danielsen 1990: 163). Det er også eit poeng at det ligg noko reduksjonistisk i førestellinga om at verda er presentert sannare di fleire metodologiske utgreiingar ein gjev (Latour 1988).

Planlegging, datainnsamling, analysar og formidling av mitt eige datamateriale er påverka av fleire retningar innan fortolkande sosiologi; som symbolsk interaksjonisme og postmodernisme. I dette ligg det og eit fenomenologisk vitenskapssyn (Thagaard 1998). Symbolsk interaksjonisme fokuserer på samhandling. I følgje Brandth (2001: 65) er det "... the concrete, empirical world of everyday experience that is the problematic of symbolic interaction." I planlegginga og teoriutforminga av studien var eg særleg oppteken av å få fram samhandling i hushaldet, og å forstå kva mening intervjupersonane hadde med sine handlingar og tilpassingar i dagleglivet. Etterkvart som intervjuinga tok til, vart samhandling i hushaldet eit mindre sentralt tema. Symbolsk interaksjonisme er kjenneteikna med eit nært forhold mellom teori og data (Thagaard 2003). Utifrå ei forståing av korleis folk tenkjer om bygdebusetting, har eg utvikla det empiribaserte omgrepet 'livsfasebygda'.

Handling, samhandling og tolking er knytt til tid og stad, og refleksivitet er sentralt i ei interaksjonistisk vitenskapsforståing. Feministiske forskarar som Sandra Harding (1992), Donna Haraway (1991) og Dorothy E. Smith (1990) understrekar kor viktig det er å vere medviten sin ståstad og posisjon i forskingsprosessen. Dette styrkar truverd i forskinga. Eg er ein del av den sosiale verda eg studerer. Eg har påverka planlegginga av

Bygda som bustad

studien. Under datainnsamlinga tek eg som forskar del i samhandlinga og produksjonen av data, og eg tolkar og formidlar frå min vitskapsteoretiske ståstad. I dei tilfelle der eg brukar offentleg tilgjengeleg statistikk må mykje av denne påverknaden fordelast på andre forskarar tidlegare i prosessen for datainnsamlinga. Men eg har til sist vurdert kva slags materiale av det tilgjengelege eg vil bruke, og påverkar kva som blir teke med av data om eksempelvis sosial kontakt i bygdene.

Studien er inspirert av eit fenomenologisk vitskapssyn. Sentralt i dette er å forstå fenomen på grunnlag av intervjupersonen sitt perspektiv, og å beskrive omverda slik intervjupersonen erfarer den. Opplevinga av bygda som trygg og god er eit døme på det. Ved å sjå forståinga av bygda som trygg og god i ein vidare teoretisk samheng, kan analysane også ha noko likskap med kritisk teori. Dette gjeld når opplevingar av bygda er relatert til førestellingane om ein rural idyll, og kritikken av denne.

I postmodernismen er konstruktivismen sentral. Forskingskunnskapen er konstruert av forskar og intervjuperson, der begge påverkar resultatet (Thagaard 1998). Både i det personlege intervjuet og i gruppeintervjuet vil situasjonen påverke kva opplysningar og tolkingar intervjupersonane gjev om seg sjølve, og kva haldningar dei formidlar. I eit konstruktivistisk perspektiv er denne påverknaden mellom intervjuar og intervjuperson i produksjonen av forskingsmateriale akseptert, og gruppeintervju er ein metode som bevisst dreg vekslar på dynamikken i intervjusituasjonen (Brandth 2001, 1996). Den forhandlinga om verkelegheita som foregår i ein gruppediskusjon, kan gje forskaren fleire fortolkingar av eit fenomen (Guldvik 2002). Når deltakarane gjev respons til kvarandre og forklarar for kvarandre, får ein både kontekst og dybde i intervjuet og meir valide resultat (Morgan 1998, Hoel og Hvinden 1982).

Effekten av den gjensidige påverknaden mellom forskar og utforska, kallar Martyn Hammersley og Paul Atkinson (1987) for den økologiske validiteten. I personlege intervju vil dette seie at livshistorier vert skapte i dialog mellom forteljar og forskar (Danielsen 1990). I eit gruppeintervju kan det bety større åpenhet rundt eit tema når dette er fortalt til andre likesinna framfor ein distansert forskar (Brandth 2001).

Det er ikkje mogleg å få full oversikt over all påverknad i ein intervjusituasjon, men vi kan ha forventningar til kva som har betydning

(Danielsen 1990). Som eg har nemnt tidlegare var nokre få ektefellar intervjuar saman, anten av praktiske årsaker eller fordi dei ville det slik. Eg ønska å unngå slike intervju (som også har noko felles med gruppeintervju, jfr. Holstein og Gubrium 1995) fordi eg i størst mogleg grad ville ha enkeltpersonane sine historier, tankar og vurderingar. Livshistorier og forteljinga om 'kven eg er' varierer med kven ein skal fortelje det til, og kva rolle ein tillegg forskaren. Og ei historie fortalt om seg sjølv åleine med forskaren kan variere frå den historia ein ville fortalt utan mann eller kone til stades. Der parvis intervjuing likevel var tilfellet, opplevde eg at intervjupersonane var tryggare og meir komfortable med situasjonen. Fordi dei var to, mot meg – som var ein framand.

Det kan variere kor lystent intervjupersonen eigentleg er til å la seg intervju, og kor mykje meining den intervjuar ser i forskningsprosjektet. Slike forhold kunne vere den eigentlege grunnen til at nokon trekte seg frå å bli intervjuar ein andre gong. Sjølv om eg både sendte brev om studien og prosjektet, og fortalde om det når eg besøkte dei, er det ikkje sjølv sagt at intervjupersonane forstår kva ein vil og er ute etter. Ei kvinne sa ved slutten intervjuet at no hadde ho sagt det så ærleg ho kunne, og det fekk briste eller bære om det var rett eller feil. Men, som ho sa, 'det er lettare å fortelje og vere ærleg når ein har vore på livets lyse side'.

Dei mest 'bygdeutviklingsorienterte' var ofte lettast å intervju. Kanskje var dei og lettast å verve til intervju i første omgang. Dei var i utgangspunktet positive til at bygda fekk ein plass i forskinga. Men det var likevel ikkje automatisk slik at dei mest 'positive' intervjuar ga mest analytisk gjenklang. Det kunne også vere påverka av kva eg hadde høyrte før, om eg kjente meg igjen i det som vart sagt, eller den udefinerbare kjensla av at "dette er vesentleg".

Eg er sjølv oppvaksen i ei bygd i den landsdelen der eg gjorde intervjuar, og eg er ein potensiell tilbakeflyttar. Dette gjorde at eg hadde nokre knutepunkt der eg og intervjupersonane 'forstod kvarandre'. Nokon kjente og til Bygdeforskning gjennom media. Slike detaljar kunne gjere det lettare å småprate. Og småpratene kunne gje eit skinn av at intervjuet var eit vanleg besøk. Det vart likevel ikkje noko meir enn med skinet. Eg var ein framand, som stilte spørsmål om deira private liv – og samliv. For min eigen del var det vanskelegast å stille private spørsmål til menn. Dette var ikkje

Bygda som bustad

fordi mennene var mindre imøtekommande. Kirsten Danielsen (1993) seier at den nærsynte kunnskapen eller forståinga ein kvinneleg forskar kjenner når ho snakkar med kvinner, manglar i samtalar med menn. Dette ser eg i samanheng med kjensla av å komme meir overeins med kvinner, når samtalen dreier seg om andre sider ved livet enn arbeids- og utdanningshistorier. Etter nokre 'mislykka' intervju, i den forstand at dei ikkje kom med på kassetbandet, opplevde eg i tråd med dette at det var (relativt) lettare å hugse det den kvinnelege intervjupersonen hadde fortalt.

Eg var ein framand også når eg takka for meg, men då glad for at intervjuet var vel over. Slik hadde mest sannsynleg intervjupersonane det også. Trass det kunstige og påtrengande ved situasjonen, involverer ein seg og i den andre sin situasjon. Ei kvinne sa til meg då vi drakk kaffi etter intervjuet, at ho ville følt seg snytt om eg hadde gått med ein gong, etter at ho hadde snakka så mykje om seg sjølv. Det er eit dilemma at forskaren etter nokre timar med gjenoppliving av kjensler hos intervjupersonen kan seie takk for seg utan å gjere noko meir til gjengjeld (Helset 1992).

Eg har intervjuet dei fleste to gongar. Dette har ikkje vore med tanke på systematisk respondentvalidering (Silvermann 1993), der intervjupersonane skal godkjenne tolkinga. Det har likevel fungert som ei vidare utvikling av analysen (jfr. Kohler Riessman 1993). Den opprinnelege tanken med å intervjuet to gongar, var meir å få tak i endringar som hadde skjedd. Til det var kanskje 2-3 år kort tid. Barnefødsel, flytting og skilsmisse var viktige endringar som hadde funne stad hos nokon. Endra utdanning- og arbeidssituasjon var andre endringar. Men mest har intervjuet vore ei utdjuping av dei tema som var tatt opp i første runde. I retrospektive forteljingar om ein person sitt liv vil det alltid ligge begrensingar i det Danielsen (1993) kallar "kvite flekkar" - det ein ikkje får kunnskap om. I dei personlege intervjuet har eg i andre runde hatt høve til å utforske nokon slike flekkar, stille utfyllande spørsmål og diskutere tolkingar.

Sjølv om nokon ikkje heilt hugsar kva vi snakka om første gongen, visste likevel intervjupersonane meir kva intervjuet gjekk ut på ved andre besøk. Vi 'kjente' litt kvarandre, og eg kunne seie at 'sist så sa du...'. På den måten var det lettare å stille meir detaljerte spørsmål andre gongen. Det var lettare både fordi ein hadde meir relevant informasjon å spørje utifrå, og

fordi fleire møter påverkar dei indre eller etiske grensene ein har for å spørje om personlege ting. Ved eitt høve, der bandopptakaren ikkje fungerte, skreiv eg ut intervjuet etter husken og sendte det til kvinna eg intervjuar. Deretter besøkte eg henne igjen. Det viste seg at det var ein viktig detalj frå livshistoria hennar som eg ikkje hadde merka meg, og ho hadde komme fram til at ho nok ikkje hadde fortalt 'alt'. Samtidig ga ho uttrykk for at det var godt å sjå forteljinga på trykk. Dette understrekar også uvisse intervjupersonane føler ved å utlevere seg, når ein i ettertid vert sitjande å lure på om ein har sagt noko gale (i tydinga sagt for mykje) 'når ein sit slik og pratar.'

Generalisering og representativitet

I dei individuelle intervjuar var målet å få mest mogleg informasjon og erfaring frå den enkelte personen sitt liv. Med gruppeintervjuar visste vi at detaljane frå kvar person måtte vike til fordel for mange erfaringar og meiningar om eit tema. Generalisering og representativitet i statistisk forstand er ikkje i nokon av tilfella mogleg.

Jette Fog (1994) snakkar om ein kvalitativ ikkje-statistisk representativitet som baserer seg på at ein vel intervjupersonar utifrå eit teoretisk perspektiv. Ein vel då typiske representantar for ein gitt samanheng, der det er samanhengen og forskingsinteressa som bestemmer kva som er typisk (Daugstad 2000: 32). Det er ein slik *typologisk representativitet* som har vore bakgrunn for utveljing av kommunar og intervjupersonar i mitt prosjekt. Kommunane og hushalda er meint å representere variasjon, men og innsyn i det typiske. Til dømes var målet å velje kommunar der primærnæring og industri i varierende grad dominerte. Og eit bondehushald kan representere ei typisk tilpassing i ein jordbrukskommune. Når utvalet er lite kan ei skjønsmessig utveljing sikre at ein ikkje sit att med eit tilfeldig utval som skil seg sterkt frå det universet ein ønskjer å seie noko om (Hellevik 1993).²³

²³ Som nemnt tidlegare kritiserer Philo (1992) den etablerte bygdeforskinga for å vere mest oppteken av dei som er "able-bodied and sound minded". I tillegg ligg det i rekonstruksjon av eiga livshistorie at ein gjer det på ein måte som mest mogleg viser at ein er "a good, socially proper, and stable person" (Linde 1993: 3). Kritikken som Philo reiser mot studiar som berre tek for seg 'dei vellykka', vert då forsterka. Informasjonen vi sit med er samtidig påverka av intervjupersonen sitt behov for å skape samanheng, rettferdiggjere og forklare kvifor ting skjer, for slik å framstå som mest mogleg bevisst og fornuftig.

Bygda som bustad

Etter å ha gjort personlege intervju og gruppeintervju sit ein med ein mengde informasjon og data. Det er lett å gå seg vill i ein slik overskotsjungel. Mykje av det innsamla materialet har eg ikkje brukt. Det er likevel vanskeleg å seie kva opplysningar eller data ein ikkje har nytta, då analyse og formidling er basert på det heilskaplege inntrykket ein har gjort seg av personar og situasjonar. Eit spørsmål som alltid dukkar opp, er kva tid ein har nok data. Felles tema og gjentekne meiningar har vore ei rettesnor i analysen. Marilyn J. Rausch (1998) brukar dette i analyse av gruppedata, men prinsippet kan vere generelt. I personlege intervju kan det vere eit mål på at nok personar er intervjua når ein opplever at nye intervju ikkje gjev betydeleg meir kunnskap om eit tema. Dette kallar Daniel Bertaux og Isabelle Bertaux-Wiame (1981) eit metningspunkt som styrker validiteten i analysane. Sjølv om ein som Karoline Daugstad (2000) seier alltid vil risikere å vere eitt intervju frå å avdekkje nye innfallsvinklar til ei problemstilling, kan det vere naturleg å setje strek når historiene gjentek seg. I prosjektet *Bygdehushald - livsform og strategi* gjennomførte eg ei på førehand uttenkt mengde personlege intervju, omlag 10 hushald i kvar av tre bygdekommunar. Å setje opp eit tal i planleggingsfasen var både for å ha ei synleg plan, og for å gjere det handterbart og gjennomførleg. Ei slik avgjer medfører både ein risiko for å intervjuer for mange og for få utifrå prinsippet om eit metningspunkt, som ikkje kan avgrensast på førehand.

Marianne Gullestad (1989) argumenterer for at samfunnsforskarar må våge å skape større syntesar, søke heilskap og vise vilje til å vere generalistar også på grunnlag av analysar av meir begrensa datamengder. Dette kan teoretisk sett gjelde eitt enkelt tilfelle. Dei individuelle livshistoriene er i praksis like mange som personane. Samtidig er bygdesamfunnet ein kontekst for felles erfaringar. Dette medførte at det på tvers av dei individuelle historiene fanst gjentekne historier. I gjennomgangen og systematiseringa av det kvalitative intervjumaterialet, vart desse gjentekne historiene eit 'funn' og ein karakteristikk, utan at det er nødvendig å kvantifisere dei. Døme på gjentekne historier er opplevinga av det trygge og gode bygdesamfunnet og at 'alle kjenner alle' i bygda.

Kvar enkelt (også forskarar) tolkar og forstår bygda på ulike måtar, og ulike forestillingar er utvikla av ulike interessegrupper som konkurrerer med kvarandre i å presentere ein legitim definisjon av ruralitet (Cloke og Thrift 1994, Burnett 1996). Cohen seier det slik:

Community exists in the minds of its members, and should not be confused with geographic or sociographic assertions of 'fact'. By extension, the distinctiveness of communities and, thus, the reality of their boundaries, similarly lies in the mind, in the meanings which people attach to them, not in their structural forms. (Cohen 1989: 98)

Det er ein stor diversitet av innbyggjarar i rurale område, og erfaringane frå ruralt liv varierer med ulike aldersgrupper, sosiale klassar og avhengig av stadie i livsløpet og personlege omstende. Det betyr at det

er ikkje ein versjon av ruralt liv eller ein type rurale område (Chapman 1996:5). Bygdelivets natur vert tolka gjennom personleg erfaring slik at det vert forståeleg, og denne forståinga kan vere på kant med stereotypane eller dominerende syn. Eit døme på dette er når innflyttarar utfordrar det som er den sosialt aksepterte norma om idyllen i bygdelivet (Burnett 1996).²

Ein rural idyll?

Løseth har peika på at det finst ei myte om det klasselause bygdesamfunnet, der alle er like og lever i harmoni med kvarandre (Løseth 1991:158). Han seier vidare at også i det mest "like" lokalsamfunnet kan vi leite etter konfliktar og sosial ulikskap, sjølv om litteraturen om sosiale relasjonar i bygdesamfunna er karakterisert ved ei idealisering som dermed skjuler faktisk ulikskap. Denne underkommunikasjonen synest å vere uavhengig av folk sin sosiale bakgrunn (op.cit.). Også i utanlandske studiar har ein observert ei idealisert forestilling om landsbygda, som har dominert og skapt det akademiske biletet av ein rural idyll (Short 1991, Halfacree 1995). Dette biletet er skapt rundt myten om at bygda er

pictured as a less-hurried lifestyle where people follow the seasons rather than the stock market, where they have more time for another and exist in more organic community where people have a place and an authentic role. The countryside has become a refuge from modernity. (Short 1991: 34, sitert i Halfacree 1995: 3).

Moderniseringas konsekvensar for lokalitetar har vore eit klassisk tema i sosiologien. Teoretikarar som Durkheim, Simmel og Tönnies var opptekne av korleis overgangen frå jordbrukssamfunn til urbanisert industrisamfunn påverka sosiale relasjonar, og sidan då har diskusjonen fortsett om kva samfunn det er best å bu i (Bø 1993: 36). Kjenneteikn ved moderniseringsprosessane er blant anna beskrivne som auka individualisering, sosial desintegrasjon og frikopling mellom folk og stadar (Beck, Giddens og Lash 1994, Beck 1992, Giddens 1991), og det moderne mennesket vert "deltidsinnbyggjarar i fleire forskjellige deltidssamfunn" (Luckmann 1978).

Idyllisering og myteskaping omkring bygdene kan sjåast i lys av moderniseringa. Det "de-idylliserte" og moderne samfunnet har eit behov for "refortrylling" gjennom å gjenskape symbolske kvalitetar og relasjonar mellom folk (Ritzer 1997). Redclift og Whatmore (1990) er inne på dette når dei seier at medan mange bygder i dag har eit stort innslag

av einpersonshushald, er likevel bygda ofte framstilt (på grunn av ideologi eller idyllisering) som familienettverkas høgberg.³ På samme måten hevdar Finch (1989) at det er ei myte at industrialisering og urbanisering har øydelagt familieansvar og slektskapsrelasjonar, og at alt skulle vere betre før. Ho seier at relasjonane heller er endra og fornya, basert på at familiar i dag har færre barn og dermed færre slektningar å vise omsorg for.

Ritzer beskriv imidlertid behovet for refortrylling som ein paradoksal spiral: Samtidig som det som er refortrylla tiltrekkjer seg stadig større folkemassar, aukar også behovet for byråkrati og rasjonalisering, og det refortrylla framstår igjen som mindre fortryllande (Ritzer 1999). Relatert til bygdesamfunn kan ein variant av dette vere når ungdom ønskjer meir folk og aktivitetar til bygda, samtidig som dei seier at for mykje av det gode (utbyggingar, urbanisering, Mc Donalds) kan omskape bygda til eit mindre attraktivt lokalsamfunn for dei å bu i (Villa 2000).

Bygder kan med andre ord framstå som lite forlokkande med avfolking, stagnasjon, auka klientifisering og kriminalitet, eller dei har dei rette kulturelle, sosiale og symbolske kvalitetane og vil vere attraktive for folk som søker desse særsegenskapane (Cloke og Thrift 1990). Når fleire har ei felles forståing av korleis bygda "er", kan vi sjå dette som ei sosial eller kulturell kategorisering av bygda.

Å tenkje i kulturelle kategoriar

Gullestad har, i tillegg til å demonstrere at det finst kulturelle forskjellar i den norske befolkninga, også fokusert på fellesstrekk i norsk kultur. Ho er inspirert av ein symbolantropologisk forskningstradisjon, som legg vekt på fortolkning, forståing og kommunikasjon. Med referanse til Ricoeur (1971) definerer Gullestad kultur som noko vi lever og tenkjer innanfor. Kulturen formar det vi tematiserer, og vi tenkjer meir frå kulturen enn om den (Gullestad 1989). Gullestad er

(..) interessert i de kategorier mennesker tenker ut fra og som får noen tanker til å virke naturlige og sanne og andre til å virke farget. Av spesiell interesse er de kategorier som brukes som begrunnelse uten at de selv behøver begrunnelse. (Gullestad 1989: 124)

Utifrå symbolske kategoriar som sjølv ikkje treng grunngjeving og som dermed framstår som "naturlege" for den som brukar dei, vert for eksempel sosial handling legitimert. Begrepet kulturell kategori fangar inn både betegnelsar og betydningar, og gjennom ei rekkje symbolise-

ringsprosessar vert det utvikla eit meiningskompleks som Gullestad kallar "fred og ro" (Gullestad 1989: 128–129).

Utifrå sine studiar av levemåtar i urban arbeiderklassekultur, meiner Gullestad å finne sentrale tema i norsk kultur; likhet, heimekjærhet, ønske om fred og ro, kjærlyghet til natur, stabilitet, uavhengighet, sjølvberging og sjølvkontroll. Med bakgrunn i dette definerer ho begrepa "fred og ro" som ein sentral kategori i den norske samtidskulturen; ein kulturell kategori som er brukt for å rettferdiggjere, legitimere og påverke sosial handling. Gullestad ser klare likskapar mellom sin studie av byfolks vektlegging på fred og ro, og Holtedahls (1986) studie av kva som er akseptabel og uakseptabel adferd i eit bygdesamfunn. Oppfatninga av kva som er akseptabel adferd er lik i desse to studiane (å vere eller å ha det roleg og fredeleg er sett pris på), noko som støttar hypotesen om at "fred og ro" er ein sentral kulturell kategori (Gullestad 1989).

Gullestads identifisering av ein kulturell kategori kan vi òg sjå i samanheng med begrepet "konvensjonell visdom" (*conventional wisdom*) (Ruane og Cerulo 1997). Dette er erfaringar eller visdom som er formidla og internalisert på ulike måtar i kvardagslivet som ein slags "common sense"; til dømes gjennom ordtak, kjerringråd, tradisjonar, politisk eller religiøs retorikk.

Conventional wisdom refers to that body of assertions and beliefs that is generally recognized as part of a culture's "common knowledge." These cultural lessons are many and they cannot be taken lightly. (...) they are frequently the source of our beliefs, attitudes, and behaviors. (Ruane og Cerulo 1997: 2)

Konvensjonell visdom kan òg beskrivast som ei "commonsense-verkelegheit", som er den subjektive og intersubjektive viten som styrer kvardagslivets adferd, og som framstår som felles for mange (Berger og Luckmann 1996). Sjølv om "conventional wisdom" gjerne har eit element av sanning i seg, legg Ruane og Cerulo vekt på å vise at sosiale mønstre og adferd ofte også står i motstrid til denne. Eit døme på det er når ei allmenn oppfordring om å passe seg for framande vert utfordra av at mesteparten av kriminelle handlingar mot enkeltpersonar skjer av nokon ein kjenner. Eit anna døme er når mykje av bygdelivet vert styrt etter premisset "alle veit alt om alle". Sidan dette ikkje kan vere slik, er likevel populær oppfatninga eller den sosiale representasjonen av at det er slik så sterk at folk handlar deretter (Burnett 1996).

I denne artikkelen søkjer eg å vise korleis forestillinga om bygda som trygg og god både direkte og indirekte synast å vere ei "etablert" forestil-

ling. "Trygt og godt" kan sjåast som ein kategori knytt til bygda som stad, og som eit meir generelt behov for "å ha det trygt og godt".

Metode og data

Det empiriske utgangspunktet for artikkelen er livshistoriske intervju med 47 personar (19 menn og 28 kvinner) som er busette i tre bygdekommunar i Midt-Norge. Intervjupersonane har ulike bakgrunnar med omsyn til utdanning, yrke og flytتهistorie. Til saman representerer dei 29 hushald. Den eldste intervjuva var født i 1926, den yngste i 1975.

Utvalet av intervjupersonar er basert på "snøball"- og "kjentmann"-prinsipp, der målet var å få eit utval som varierer etter alder, yrke og kjønn. Utvalet av hushald og informantar kan såleis kallast eit teoretisk og strategisk utval (Patton 1990).

Fem menn og tolv kvinner var innflyttarar, åtte menn og ti kvinner var tilbakeflyttarar (av desse var det sju som flytta heim for å ta over eigedom eller bedrift), og seks menn og seks kvinner var bufaste, i betydning at dei hadde budd i bygda meir eller mindre heile livet. Av dei bufaste var det også seks personar som for ein kortare periode anten før familieetablering, i løpet av utdanningsfasen eller ved ekteskapsbrot hadde vore busette utanfor bygda. I alt 34 av dei 47 intervjuva hadde for kortare eller lengre tid budd i storby eller småby. Av det totale materialet var 8 personar barnlause, 21 personar hadde barn i alderen 0–12 år, og 18 personar hadde større eller vaksne barn.

Intervjuva er gjort i tidsrommet 1995–1999. Når eg første gong tok kontakt med intervjupersonane spurte eg om muligheta for å intervju dei ein gong til ved slutten av prosjektperioden (etter 2–3 år), for å kunne stille oppfølgjande spørsmål på tema som kom til å bli særleg interessante i løpet av prosjektet eller for å oppklare eller utdjupe tema som hadde vorte diskutert første gongen. Etter første intervju, var alle positive til å la seg intervju ein gong til. Fleirtalet av personane (3/4) er intervjuva to gongar, tre personar har trekt seg frå undersøkinga og to har av praktiske grunnar ikkje kunna møtt til avtalt re-intervju. I tillegg har enkelte vorte kontakta per telefon for å utdjupe ytterlegare enkelte spørsmål.⁴ Så langt som mogleg var sambuarar og ektepar intervjuva kvar for seg første gong, ved siste intervju var dei oftare intervjuva parvis.

Intervjuva er gjort utifrå tematisk intervjuguide med opne spørsmål om utdanning, arbeid, familie- og hushaldsetablering, sosialt liv, generasjonsendringar og -kontinuitet, og tradisjonar. I tillegg omfatta intervjuva

familiehistoria med biografiske tilbakeblikk frå barndom og ungdom, samt framtidsplanar. Intervjua vart tekne opp på band og utskrivne.⁵

I denne artikkelen er intervjua analyserte med tanke på informantane si oppleving av bygd og bygdemiljø, og dei fleste relaterer dette direkte eller indirekte til korleis dei oppfattar byen.

Datamaterialet er henta frå bygder (grender) i tre kommunar med mindre enn 4000 innbyggjarar. Kommunane høyrer til dei mest rurale i Almås og Elden (1997) sin rurale dimensjon. Desse bygdene representerer i seg sjølve ein variasjon med omsyn til næringsgrunnlag, sysselsetting, lokal kultur og historie. Norske bygder spenner frå dei mest sentrumsnære og veksande til dei perifere og fråflyttingstrua. Kommunane i dette utvalet har alle hatt ein nedgang i folketalet, og bygdene er geografisk lokaliserte om lag ein times biltur til næraste by, i nokre tilfelle også storbyen. Materialet er ikkje statistisk representativt, korkje på bygde- eller personnivå, utan at dette svekker fenomenet som er framheva: Å kategorisere bygda som staden for "trygt og godt".

Bygda som "trygt og godt"

Eit hovudfunn i intervjumaterialet er at bygdelivet gjennomgåande var omtala som "trygt og godt", anten i direkte tale eller i andre og nærliggande ordelag. Eg skal i det følgjande utdjupe kva kvalitetar intervjuersonane legg vekt på i konstruksjonen av det ein kan tolke som eit trygt og godt tilvære i bygda.

Det er fredeleg. Du føler deg trygg, er ikkje noko problem med at det kjem bort nokon ting. Om du reiser herifrå og borti grenda ein tur – du treng ikkje låse dører og sånn. Du føler deg nokså trygg. Og det er godt. (mann f. 1957)

(Fortrinnet med bygda) det er jo det at ein er trygg. Det er jo tryggheta for at ein kan gå ut ... ja eg vil påstå både natt og dag og ein kan føle seg rimeleg trygg for at det ikkje er noko som vederfarast ein. Ein er trygg heime ... Aldri opplevd at det har dukka opp nokon uvedkommande gjestar eller inntrengjarar heime, ikkje sant, ein er trygg for det ein har. (...) Eg er vant til å låse husdøra, men eg har ein familie som ikkje gjer det. Som all sin dag har sove for opne dører. Og aldri noko som har skjedd. (...) Eg har aldri hatt nokon grunn til å tru at det er nokon som skulle komme inn. Det er den største fordel, altså. At ein er trygg, og at ein er trygg for sånne farar. (kvinne f. 1956)

Å føle seg trygg for eigedom og for at uvedkommande ikkje skal komme til bustaden, og den fridomen det gjev, er noko av innhaldet ein legg i at

40 Bygda – sosial konstruksjon av "trygt og godt"
Mariann Villa

det er "trygt og godt" i bygda. Eit stabilt og oversiktleg nærmiljø, langvarig kjennskap både til staden og vennane, at andre kjenner eins historie, at vennane er der "samme kva som skjer", at buplassen liknar på oppvekststaden og oppleving av lite kriminalitet er andre sider ved opplevinga av at det er "trygt og godt" å bu i bygda. "Trygt og godt" kan vere bustadmiljø av folk med lik bakgrunn, at ein held saman i familien og mellom generasjonane, at privatlivet fungerer og at ein har det "greitt". Å syte for det trygge kan vere å ta vare på nettverket og nærmiljøet sitt; med tanke på at ein blir eldre og pensjonist og får ledig tid og meir behov for sosial kontakt. At ein har det trygt og godt i bygda vert knytt til det totale tilværet og generelle normer for eit godt liv. Trygt kan vere ein fast jobb, sikker bustad, sikker økonomi ("*Alt er stabilt*"), eller at ein veit at foreldra kan hjelpe til om det skulle skjære seg økonomisk for ein ("*Hvis eg verkeleg treng det så veit eg at dei hjelper meg. Så det er trygt og godt*").

Veldig mange av dei som har vore vennane mine liksom gjennom heile tida bur her. Og har hus eller leilighet her då. Så det blir veldig ... trygt på ein måte, og greitt, sånn sett då. Veldig lite kriminalitet, og trygt for ungar. (kvinne f. 1972)

Det beste ved å bu her er no eigentleg å trø i kjente spor. Det gjev ein viss tryggleik. (mann f. 1963)

I tillegg til "trygt og godt", var bygdelivet omtala som "avslappande", "fredeleg", "roleig og greitt". Fråvær av stress og farlege situasjonar for seg sjølv og sine barn, mangel på køsituationar i trafikk og handel og fråvær av valds- og narkotikamiljø er karakteristikkar som er brukte. I det avslappa ligg òg ei vurdering av bygdefolk med meir "føtene på jorda" (samanlikna med byfolk). Trygt og godt er særleg relatert til barns oppvekstvilkår i bygda.

Det er eit litt sånn avslappa liv det her då. Og det synest eg er så godt. Det set eg pris på. Kan slappe av og ... enten ungane er i barnehagen eller på skulen. Å vite at ein er trygg for dem heile tida, for det føler eg og her. At ... om eg ikkje passar på dei så er det bestandig nokon som.. dei veit kvar dei høyrer til og kven dei er. (kvinne f. 1958)

Eg føler at det er sånn passeleg stort. (...) Det er godt, sjølv om det er negativt at alle kjenner alle, så er det og veldig trygt og godt. Det er ikkje noko farleg, på ein måte, for ungane. Det er klart det kan det sjølv sagt vere, men det er ikkje noko problem at dei seier det etter middagen at vi vil ut og leike

oss, og ... eg er ikkje noko redd fordi om dei ikkje kjem heim klokka halv åtte, sjølv om det er mørkt, og ... Eg veit at enten så er dei hos naboen eller så fer dei ute og leikar seg oppi her, då ... (kvinne f. 1966)

Å ha oversikt og kjenne seg trygg er ofte forstått i motsetning til slik det er "i byen", og ei grunngeving av kvifor ein har valt bygda som bustad framfor byen. "Trygt og godt" kan slik vere ei oppleving av "å ha det enkelt" i kvardagen i betydning av at ein veit kven ein skal vende seg til ved ulike behov, og at ein har fysisk nærhet til dei som utgjør eins sosiale støtte.

Du kjente folket, og var trygg hvis det skulle vere noko. Billegare husleige, og. Det var enklast. (...) For oss hadde ungen, og det er ikkje lett å finne ei påliteleg barnevakt heller når ein bur i storbyen. (mann f. 1959)

Du har meir kontakt med naboane. Alle kjenner alle. Og det er koseleg og ei trygghet. (kvinne f. 1944)

Det var kanskje det at vi ville at ungane våre skulle få samme oppvekstvilkår som oss. Vi budde ganske landleg til når vi budde i byen, men vi stod i kø heile dagen, om vi skulle på arbeid eller på skule eller på butikk. Vi budde i nærheta av (belasta bydel). Og vi såg mykje som vi aldri hadde sett før, av både vold, og narkotika og forskjellig sårn. Så i alle fall med det samme vi fekk unge så var det liksom heilt utenkeleg at den skulle vekse opp i det miljøet då. Så det var vel hovedgrunnen. Men oss har no familiane våre her begge to. Mesteparten av både søsken og andre slektningar. Og det har ein del å seie det og, når ein har unge. For det er no godt å få hjelp hvis det er eitt eller anna. Så det er mykje lettvinare oppi her (...) Hvis vi kom oppi her så visste vi i alle fall at hvis vi fekk barnevakt så visste vi kven det var. Eller i alle fall kjente nokon som visste kven det var. (kvinne f. 1966)

Var mykje rolegare her enn i byen. Syntest det vart stressande i byen, store forhold, og. (...) Eg synest livet på bygda er meir avslappande enn i meir sentrale strok. God og rein luft. Du får vere meir som du sjølv vil, når du bur sårn som vi gjer. (mann f. 1940)

Bygda representerer ro og trygghet, i motsetjing til stress og utrygghet i byen. Slik vert den kulturelle kategorien også forstått som ein del av dikotomien by-land. Fred og ro i bygdesamheng kan òg knytast til fysisk avstand. Samtidig som oversikt over naboar, vennar og familie skaper trygge omgjevningar, vil ein gjerne ha avstand ("*Det er godt å ikkje bu så nære anna folk*"). På den andre sida kan fred og ro vere eit knapt gode i organiseringa av kvardagen og legge føringar på det sosiale livet i

4.2 Bygda – sosial konstruksjon av "trygt og godt"
Mariann Villa

bygda. Ein føler at folk er meir opptatt no enn før, og ein kvir seg for å reise på besøk hvis ein ikkje har ringt på førehand.

Når ein går i full stilling og vel så det, og har hus og heim og to relativt små ungar, og foreldre som treng litt hjelp etterkvart, då får du nok. Og eg snakkar og omgås folk heile dagen. Slik at eg går ikkje å higar etter selskap når eg kjem heim om kveldane. Då er eg berre sjeleglad hvis eg får vere åleine, for eg har forskjellige ting som skal gjerast der og. (kvinne f. 1956)

Sosiale karakteristikkar som sikkerhet i bygdefellesskapet er ein del av konstruksjonen av bygda. Det er ein del av konstruksjonen av det trygge bygdelivet at ein har gode vennar som stiller opp ("*Oss har det no slik at oss hjelper kvarandre*"), at ein kan "stikke innom når ein vil" og "ha jamnleg kontakt". Barnevakt og andre tenester høyrer til dette.

At bygdemiljøet er trygt og godt for ungar er nemnt om ein har eigne barn eller ikkje. Men "trygt og godt" er særleg knytt til foreldre sine behov i småbarnsfasen. Behovet for "å kjenne folket", å føle at ein lettare kan avdekkje om det skulle skje noko med ungane, å ha oversikt over dagammaen, naboane og familien kan difor òg sjåast som eit delvis livsfasebestemt behov. Bygda kan representere trygghet og nære sosiale relasjonar i småbarnsfasen, medan ein søker nye utfordringar i ein annan fase. Denne livsfasemobiliteten betyr ikkje at trygghet og nære relasjonar nødvendigvis vert mindre viktig, men opplevinga eller forestillinga om at for barn kan dette best skapast i eit bygdemiljø er ikkje lenger aktuelt grunnlag for handling.

Kva som skal utløyse noko flytting? Det veit eg ikkje per i dag. Eg trivest godt. Eg har ikkje noko grunn for å gjere noko no, altså, på ingen måte, men ... (...) Ungane blir jo store ein gong. Vi blir åleine. Ting kan forandre seg. Eg kan få andre behov. Eg ser ikkje svart på å flytte hvis forholda ligg til rette for det. (kvinne f. 1956)

Det er godt mogleg at vi kjem til å flytte, eg ser ikkje bort i frå det. Eg er i alle fall ikkje så stadbunden, men eg likar godt at det er litt luft omkring meg. Veldig greit at du kjenner mesta alle du treff etter vegen. Men samtidig så er det ein del ting i ein by – det er lettventare, du har alt der. Du kan heller treffe folk som har dei samme interessene som du har. (...) Hvis ungane buset seg i byen, så skal du ikkje så vekk i frå at vi flyttar, kanskje før vi vert pensjonistar. (mann f. 1959)

Den felles opplevinga av bygda som trygg og god vert også så all-

ment gjeldande, at ein i situasjonar der dette ikkje er det viktigaste, føler ein er "på feil stad til feil tid". Som til dømes når ein ikkje har etablert seg med barn, eller har andre behov enn dei bygda kan tilfredsstille ved å vere trygg og god. Dette kan vere behov for eit meir variert kulturelt tilbod, behov for meir anonymitet, behov for fagmiljø, større variasjon i yrkeslivet og så vidare. I slike tilfelle kan "trygt og godt" tolkast negativt; som kjedeleg og lite utfordrande.

Eg tenkjer litt slik at slik som eg bur no, slik skulle eg budd når eg fekk ungar. Det er liksom kjempeflott område å vekse opp for ungar då, men akkurat no er det liksom tida til å halde på med andre ting, og då ... Kino og slik type ting. Så eg er litt på feil stad til feil tid. (kvinne f. 1969)

Å bu i ei bygd det er jo trygt og godt, det er det jo. Men det er jo ofte lett at ein sovnar inn også. Blir statisk. (mann f. 1952)

Diskusjon

Forestillinga om bygda og det rurale, og folks oppleving av fordelane ved bygdelivet samsvarer i denne studien med dei funn som er gjort i utanlandske studiar (t.d. Ziebarth, Prochaska-Cue og Shrewsbury 1997, Burnett 1996, Chapman 1996, Halfacree 1995, Persson 1992). Konstruksjonen av bygd og bygdeliv er at dette er avslappa, familienært, med gode sosiale relasjonar til naboar og venner, fin natur og gode oppvekstvilkår. Fredeleg og oversiktleg er ein del av folks oppleving av bygda, ikkje minst når bygda er vurdert i forhold til byen. "Fred og ro" kan vere ein sentral kategori ikkje berre i norsk kultur (Gullestad 1989), men òg i andre kulturar – og i begge tilfella særleg knytt til bygda og det rurale.

Gullestad (1989) fann at folk ofte grunn gav sine handlingar eller mangel på handling med referanse til begrepa "fred og ro". Å setje pris på eller busette seg med avstand til næraste nabo kan sjåast som ei side ved det å handle seg til "fred og ro". Å vere heime på kveldstid kan vere av nødvendige og praktiske gjeremål meir enn av moralsk dyd, men Bringslid (1987) seier at verdien av å halde seg heime framleis har ein viss appell til bygdebuen, sjølv om dei unge utfordrar denne verdien. Den innarbeidde forståinga av å ikkje forstyrre (fred og ro) kan òg vere ein medverkande årsak til at ein vegrar seg for å besøke naboar eller venner utan å høyre om det passar først. Eller sagt på ein annan måte; respekten for andres behov for fred og ro hindrar spontane besøk. Å ikkje gå på besøk kan òg sjåast i lys av eit stadig meir tidsstramma og

4.4 Bygda – sosial konstruksjon av "trygt og godt" Mariann Villa

privatisert familieliv, nye fritidsvanar i form av organiserte aktivitetar og ikkje minst fjernsynets rolle i fritida. Respekten for "fred og ro" kan til sist vere ein trussel mot opplevinga og konstruksjonen av bygda som staden for godt naboskap, sosial omsorg, og staden der ein har nære relasjonar til kvarandre. Som Gullestad (1989) har vist, kan "fred og ro" vere ein meiningsberande kategori i den norske kulturen. Dette gjer samtidig kategorien "fred og ro" sitt potensiale som desintegrerende fenomen til eit generelt samfunnsfenomen og ikkje spesielt for bygdene. Når roleg og fredeleg, avstressande og avslappa, er uttrykk for ei oppleving av bygda, kan dette altså både sjåast som del av ein felles og generell kategori fordi bygda er ein del av det norske og bygdefolk på mange område har felles interesser med "andre" (jfr. diskusjonen om bygda og det rurale), og som ein kategori som for mange kan opplevast som mest gyldig innafor ein bygdekontekst. I det siste tilfellet er dette til dømes relatert til konkrete og strukturelt skapte forhold som "mindre køsituasjonar", "mindre trafikk og forureining", "fysisk avstand til naboane", "nærhet til naturen" og "gode friluftsmuligheter".

I forlenging av bygda som staden for fred og ro, er bygda framstilt som staden for "trygt og godt". I likhet med "fred og ro" er "trygt og godt" ofte gitt eit positivt innhald i forhold til bygda, og framstår særleg som karakteristikk på sosiale relasjonar eller som ein konsekvens av sosiale relasjonar. Det tilsynelatande allment aksepterte i at bygda representerer tilstanden "trygt og godt" gjer at også dette kan sjåast som ein felles kulturell kategori eller som konvensjonell kulturell visdom (jfr. Ruane og Cerulo 1997) om forholda i bygda. Som ei konkretisering av påstanden om at bygda framleis har makt som symbol og kulturell kategori (Wiborg 1996), kan vi seie at "trygt og godt" vert ein kulturell kategori som symboliserer bygda.

Den biografiske tilnærminga som var gjort i datainnsamlingsfasen, har gjeve ei brei innsikt i bygdefolks tilpassingar og strategiar for å skape seg eit liv i bygda. Dette har bidrege til at den mangesidige bygda har komme fram, og gjev eit variert innhald til dei sosiale konstruksjonane av bygda. I likskap med Halfacree (1995) sin studie, er det også i mitt intervjumateriale uttrykt ei kritisk haldning til bygdelivet, slik som at det er for oversiktleg ("Ingen kan halde på ein hemmelegheit") og vanskeleg å ha eit privatliv, auka kriminalitet, og trekk ved levemåtane som gjer bygdelivet meir likt bylivet. "Trygt og godt" vert brukt sjølv om ein ikkje lenger kjenner bygdefolket ("Før i tida visste eg namnet på alle her i bygda, men i dag har eg ikkje peiling") eller om ein kjenner seg isolert ("I og med at eg sat i ein leiarpøssisjon så vart eg meir og meir isolert"). Sam-

tidig som ein framhevar at det er trygt og godt for ungar, seier ein at ungene manglar leikekameratar i nabolaget ("Det er ein av dei alvorlegaste grunnane eg har til å flytte, akkurat i dag") og ein er bekymra for at dei har ein farleg skuleveg. Før var kvinnene heimeverande, dei gjorde husarbeid på dagtid, og hadde ledige kveldar og større sosialt behov. I dag er det omvendt. Kjensle av at dugnadsånda kjem vekk når bygdene veks, mangel på impulsar og trongen til å reise ut, lange avstandar og mindre tilgang til butikkar og anna tenesteyting ("Skal ein ha noko utanom margarin så må ein vekk for å skaffe det.") er og sider ved bygdelivet. Når bygda blir trong og tradisjonell ("Det er ikkje mange andre menn her som likar samba, det gjer eg. Eg bryr meg ikkje om Volvo eller Fergusson er det beste traktormerket.") er trygt og godt framleis ein gyldig kategori med positivt forteikn. Når ein ikkje kan kle seg slik ein vil av redsle for sanksjonar av det ikkje-konforme, eller når ein ikkje passar inn i det tradisjonelle familiemønstret og føler at dei andre har nok med seg og sitt, er framleis "trygt og godt" ein sentral kategori som ein karakteriserer bygda etter. Bygdesamfunnet har ulike funksjonar for ulike menneske, og bygdelivet har ulikt innhald i ulike livsfasar. Nokon flytta til bygda fordi at dei fekk seg jobb der, andre fordi dei eller ektefellen skulle ta over familiebedrift eller gardsbruk, atter andre har alltid budd i bygda. Alt dette er ein del av det heterogene bygdesamfunnet. Med dette konglomeratet av tilstandar som bakgrunn, trer "trygt og godt" enno klarare fram som ein kulturell kategori. At bygdelivet er opplevd som trygt og godt, roleg og fredeleg, kjem med andre ord til uttrykk *trass i* (eller vert forsterka av) at informantane også tematiserer ei 'de-idyllisering' av bygdene og opplevinga av endring i sosiale omgangsformer og mindre nabo- og besøkskontakt, mindre oversikt, meir stress i arbeid og privat som følgje av generelle moderniseringsprosessar. Som tidlegare forskning har peika på, er det mangesidige og differensierte ein del av den moderne bygda. Trass i det er kategoriane "trygt og godt", "roleg og fredeleg" viktige symbol for bygd og bygdeliv i daglegtalen. Forståinga av bygda i kulturelle kategoriar finst som eit mentalt og ideologisk potensiale, som legg vekt på å ha det roleg og greitt, trygt og godt.

Oppleving av bygda som trygg og god, stabil og oversiktleg har også ein funksjon. Det oversiktlege er knytt til at ein veit kva naboar eller andre kan stille opp med, at ein handsamar praktiske eller kvardagslege gjeremål ved å vite kven ein skal henvende seg til, at andre stiller opp for ein fordi ein kjenner kvarandre, og så vidare. Dette er ei opplevd verkelegheit, sjølv om det samtidig kan vere ei form for idyllisering av sosiale forhold i bygda. Kva som er risiko eller ikkje kan vere eit spørsmål om

sosial fortolking, der den sosiale og kulturelle konteksten avgjer kva ein opplever som risikabelt eller ikkje (Douglas og Wildavsky 1983). Å ha oversikt gjev oppleving av "trygt og godt", og vert samtidig ei oppleving av risikohandsaming, relatert til bygda som stad. Wiborg (1996) seier at draumen om det trygge og gode livet på landet dukkar opp i periodar med samfunnsmessige omveltingar, og moderniseringa bidreg til å skape usikkerhet og omveltning. Konstruksjonen av eit fortidig, trygt tilvære i ein annan geografisk kontekst kan då fungere som eit stabilt punkt i notidas tilvære (Wiborg 1996: 27). Vi har sett i denne studien at konstruksjonen av bygda som staden for eit trygt og godt tilvære ikkje treng å vere relatert til fortida eller ein annan kontekst, men er ei forestilling om bygda i dag, eit notidig tilvære og vurdert av folk i sitt eige lokale bygdemiljø. Men å forstå sitt eige tilvære som "roleigare" eller "tryggare" enn det ein finn i byen, kan også vere ein annan variant av behovet for å skape stabilitet. Den felles referansa til "trygt og godt" kan spegle eit generelt behov for, og verdsetting av, å ha det trygt og godt i tilværet og med det vere ein meningsberande kategori i norsk kultur, slik Gullestad (1989) forstår "fred og ro".

Det er ein risiko for at analysar som berre tek omsyn til tilflytting til bygdene overfokuserer på det attraktive ved bygdene (Hoggart 1997). Dette kan igjen bidra til å styrke ei sosial skapt idealisering (eller fortrylling) av bygdelivet. Ei bygdeorientering basert på sterke føringar om å ivareta familiebedrifta kan til dømes vere noko anna enn ei bygdeorientering som skjer utifrå formeininga om at bygda er noko kvalitativt betre enn til dømes byen (Villa 1997). Det er difor grunn til å vere kritisk til å knyte ein sosial representasjon til ei bestemt sosial gruppe (Halfacree 1995), eller å påstå ein konsensusrepresentasjon av ei gruppe (Potter og Wetherell 1987). "Trygt og godt" er som tidlegare nemnt ikkje den einaste opplevinga av bygda som kjem til uttrykk i datamaterialet, men nettopp med bakgrunn i variasjonen trer "trygt og godt" fram som ein viktig kategori som kan tolkast som ei form for etablert visdom eller "commonsense" om bygda.

Framstilling av bygda og bygdas nettverk som "trygt og godt" er ein kategori brukt av bufaste, tilbakeflyttarar og tilflyttarar, menn og kvinner i ulike aldrar og livsfasar. Men "trygt og godt" vert særleg fokusert og teke i bruk som eit viktig grunnlag eller del-forklaring på handling (busetting eller flytting til bygda) i samband med at ein vert småbarnsforeldre. I denne fasen er "trygt og godt" (og minimalisering av risiko) forstått som eit fenomen som best kan realiserast i ein bestemt lokalitet; stadfesta til bygda. "Trygt og godt" er samtidig gjerne sett som noko ein

finn meir av i bygda og mindre av i byen. Dette betyr likevel ikkje at å ha det trygt og godt er mindre viktig for bybuarar. Forestillinga eller opplevinga av at bygdelivet representerer mindre stress enn bylivet, at i bygda er livet stabilt, trygt og godt, kan sjåast som ein kategori som eksisterer uavhengig av ei etterprøving av "faktiske" forhold. Ei interessant vidareføring av det som er teke opp i denne artikkelen kunne imidlertid vore å utvida analysen med data frå andre delkulturar enn dei spreittbygde.

Det er ikkje målet med denne artikkelen å kvantifisere det attraktive eller å nyansere bygdelivet. Informantane har del-forklart busetjinga med bygdas fortrinn i ein fase i livet, eller i forhold til byen, og uttrykkjer opplevingar eller konstruksjonar om bygd og bygdeliv som eg har samanfatta og analysert som konstruksjonen av ein kulturell kategori. Eg har med andre ord søkt å kaste lys over eit fenomen, framfor å gjere fenomenet til eit politisk eller ideologisk argument for "det gode liv på bygda".

Avslutning

I bygda kan tilbakeflyttarane, tilflyttarane og dei bufaste ha ulike opplevingar av sitt lokalsamfunn, opplevingar som er differensierte etter alder, kjønn, klasse og sosial status. Trass i dette framstår begrepet "trygt og godt" som ein felles kulturell kategori for den sosiale konstruksjonen av bygda. At det er trygt og godt å bu i bygda er brukt som ein etablert og felles visdom, uavhengig av om ein også ser nyansar eller forhold som kan motseie dette.

Bygda er ikkje utan forbehold sett opp mot byen, men forestillinga om at bygda har betre sosiale nettverk, meir nabolagskontakt, betre oppvekstvilkår, mindre stress, og er trygg og oversiktleg er ein del av opplevde kvalitetar ved bygda. Oppsøking og vektlegging av "det trygge" (ein trygg stad å vere), vert ei form for risikohandtering ein knyter til bygda som stad og særleg relatert til barns oppvekstvilkår. Familieetablering er ein overgang i livsløpet der dei positive kulturelle kategoriane relatert til bygda vert eit dominerande grunnlag for handling, i betydning å busetje seg i bygda. "Trygt og godt" vert ein del av ein opplevd livskvalitet, og samtidig ein del av rasjonaliteten bak bygdebusettinga.

Notar

1. Eg vil takke Gro Follo, Senter for bygdeforskning, og ein anonym konsulent i Sosiologi i dag, for innspel og kommentarar til artikkelen.

48 Bygda – sosial konstruksjon av "trygt og godt"
Mariann Villa

2. Norske studiar om innflyttarar til bygdemiljø er bl.a. Bringslid (1995) og Hompland (1983, 1982).
3. Studiar baserte på norske levekårsundersøkingar har vist at sjølv om ein i spreittbygde områdetypar synast å ha litt meir familiekontakt enn i tettbygde områdetypar (t.d. Villa 1999, Barstad 1996), er den tradisjonelle kjernefamilien i endring og berre ein av fleire familieformer også på bygdene. Auke i skilsmissetal og andel einpersonhushald er ein del av desse endringane (Vartdal og Blekesaune 1998).
4. Dette er ei kvalitetssikring av datamaterialet, men kunne også diskuteraast som eit metodisk dilemma, der livshistoriske djupde-intervju opnar opp for "uendelege" samtalar og kontrollspørsmål.
5. Nokre få av informantane ville ikkje bli intervjuet med lydbandopptakar.

Litteratur

- Almås, Reidar (1985) *Bygdesosiologi*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Almås, Reidar (1995) *Bygdeutvikling*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Almås, Reidar (1997) From the society of duty to the market place of opportunity. *Young, Nordic Journal of Youth Research*, vol. 5, nr. 2, 31–48
- Almås, Reidar og Kari Mette Elden (1997) *Den rurale dimensjon. En teoretisk og geografisk avgrensning*. Rapport nr. 7, Trondheim: Senter for bygdeforskning
- Almås, Reidar, Kjetil Karlsen og Ingunn Thorland (1995) *Fra pliktsamfunn til mulighetstorg. Tre generasjoner skriver sin ungdom*. Rapport nr. 5, Trondheim: Senter for bygdeforskning
- Almås, Reidar og Ingunn Thorland (1994) *In search of lost rurality. Gender identity and the rural – urban continuum in Norwegian life stories*. Paper to the XIII World Congress of Sociology, Bielefeld, Germany, 18.–23. juli
- Barstad, Anders (1996) Flere aleneboende, men færre venneløse. *Samfunnsspeilet* 1: 24–29
- Beck, Ulrich (1992) *Risk Society. Towards a New Modernity*. London: Sage Publications.
- Beck, Ulrich, Anthony Giddens og Scott Lash (1994) *Reflexive modernization: politics, tradition and aesthetics in the modern social order*. Cambridge: Polity Press
- Bell, Michael M. (1992) The Fruit of Difference: The Rural-Urban Continuum as a System of Identity. *Rural Sociology*, 57,1: 65–82
- Berger, Peter L. og Thomas Luckmann (1996) *Den samfundsskabte virkelighed. En videnssociologisk afhandling*. Viborg: Lindhardt og Ringhof

- (først trykt 1966)
- Bringslid, Mary Bente (1987) Om å vere ute og slengje. *Syn og Segn*, 2: 147-151
- Bringslid, Mary Bente (1995) *Bygda og den framande*. Ein studie av det lokales de- og rekontekstualisering i ei vestnorsk bygd. Dr. polit avhandling, Institutt og museum for antropologi, Universitetet i Bergen
- Burnett, Kathryn A. (1996) Once an incomer, always an incomer? I Pollyanna Chapmann og Siobhan Lloyd (red.) *Women and Access in Rural Areas*. Aldershot: Avebury
- Bø, Inge (1993) *Folks sosiale landskaper. En innføring i sosiale nettverk*. Oslo: TANO
- Chapman, Polly (1996) Women's experience of rural disadvantage. I Polly Chapmann og Siobhan Lloyd (red.) *Women and Access in Rural Areas*. Aldershot: Avebury
- Cloke, Paul og Nigel Thrift (1990) Class and Change in Rural Britain. I Terry Marsden, Philip Lowe og Sarah Whatmore (red.) *Rural restructuring: global processes and their responses*. Critical perspectives on rural change series I. London: David Fulton Publishers
- Cloke, Paul og Nigel Thrift (1994) Introduction: Refiguring the 'Rural'. I Paul Cloke, Marcus Doel, David Matless, Martin Phillips og Nigel Thrift, *Writing the Rural. Five cultural geographies*. London: Paul Chapman Publishing
- Cohen, Anthony s. (1989) *The Symbolic Construction of Community*. New York: Routledge (først trykt 1985)
- Douglas, Mary og Aaron Wildavsky (1983) *Risk and Culture. An Essay on the Selection of Technological and Environmental Dangers*. Berkeley: University of California Press
- Finch, Janet (1989): *Family Obligations and Social Change*. Family Life Series. Cambridge: Polity Press and Basil Blackwell, Inc.
- Frandsen, Johs. Nørregaard (1991) At skabe seg selv på Fyn. *Nord Revy* 4: 1-91, 59-66
- Giddens, Anthony (1991): *Modernity and Self-Identity in the Late Modern Age*. Cambridge: Polity Press
- Gullestad, Marianne (1979) *Livet i en gammel bydel*. Oslo: Aschehoug
- Gullestad, Marianne (1984) *Kitchen-Table Society*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gullestad, Marianne (1989) *Kultur og hverdagsliv. På sporet av det moderne Norge*. Oslo: Universitetsforlaget
- Halfacree, Keith H. (1995) Talking About Rurality: Social Representa-

- tions of the Rural as Expressed by Residents of Six English Parishes. *Journal of Rural Studies*, 11, 1: 1–20
- Harrington, Vicki og Dan O'Donoghue (1998) Rurality in England and Wales 1991: A Replication and Extension of the 1981 Rurality Index. *Sociologia Ruralis*, 38, 2: 178–203
- Hoggart, Keith (1997) Rural Migration and Counter-urbanization in the European Periphery: The case of Andalusia. *Sociologia Ruralis*, 37, 1: 134–153
- Holtedahl, Lisbet (1986) *Hva mutter gjør er alltid viktig*. Oslo: Universitetsforlaget
- Hompland, Andreas (1982) Innflytterplaga – kva skjer når bygd blir til by? *Søkelys* nr. 2
- Hompland, Andreas (1983) *The Ambivalence of the return Migrant*. Paper for 12th European Congress for Rural Sociology, Budapest
- Hompland, Andreas (1984) *Rurbaniseringsprosessen: Bygdebyen og det nye Norges ansikt*. AN 9/84, Oslo: Institutt for Samfunnsforskning
- Hompland, Andreas (1991) Det store kappeskiftet. Reidar Almås (red.) *Åtte perspektiver på Bygdeutvikling*. Oslo: NLVF
- Luckmann, Thomas (1978) "The small life-worlds of moderne man". I Thomas Luckmann (red.) *Phenomenology and Sociology*. Harmondsworth: Penguin
- Løseth, Arnljot (1991) "Nordvestlandet – egalitært eller stratifisert?" i Liv Marthinsen og Harald Winge (red.) *Bygdesamfunnet – en sammensatt helhet*. Publikasjon nr. 25, Oslo: Norsk lokalhistorisk institutt
- Murdoch, Jonathan og Andy C. Pratt (1993) Rural studies: modernism, postmodernism and the 'post-rural'. *Journal of Rural Studies*, 9, 4: 411–427
- Naustdalslid, Jon (1991) Bygdesamfunnet i norsk politikk: Fra makt til avmakt. Reidar Almås (red.) *Åtte perspektiver på bygdeutvikling*, Oslo: NLVF
- Newby, Howard og Frederick H. Buttel (1980) "Toward a Critical Rural Sociology". I Frederick H. Buttel og Howard Newby (red.) *The Rural Sociology of Advanced Societies: Critical Perspectives*, 1–35, Montclair: Allanheld, Osmun
- Otnes, Per (1991) Renaissance for Gemeinschaft? *Tidsskrift for Samfunnsforskning*, 32: 291–311
- Pahl, Raymond E. (1966) The rural-urban continuum. *Sociologia Ruralis*, 6, 299–327
- Patton, Michael Quinn (1990) *Qualitative Evaluation and Research Methods*. 2. utg. Newbury Park: Sage

- Persson, Lars Olof (1992) Rural Labour Markets Meeting Urbanisation and the Arena Society: New Challenges for Policy and Planning in Rural Scandinavia. Terry Marsden, Philip Lowe og Sarah Whatmore (red.) *Labour and Locality: uneven development and the rural labour process*. Critical perspectives on rural change series, vol. 4. London: David Fulton Publishers
- Potter, Jonathan og Margaret Wetherell (1987) *Discourse and Social Psychology*. London: Sage
- Redclift, Nanneke og Sarah Whatmore (1990) Household, Consumption and Livelihood: Ideologies and Issues in Rural Research. Terry Marsden, Philip Lowe og Sarah Whatmore (red.) *Rural restructuring: global processes and their responses*. Critical perspectives on rural change series I. London: David Fulton Publishers
- Ricoeur, Paul (1971) The Model of the Text: Meaningful Action Considered as a Text. *Social Research*, 38: 529–562
- Ritzer, Geogre (1997) *Postmodern Social Theory*. New York: McGraw-Hill
- Ritzer, Georg (1999) *Enchanting a Disenchanted World. Revolutionizing the Means of Consumption*. Thousand Oaks: Pine Forge Press
- Ruane, Janet M. og Karen A. Cerulo (1997) *Second Thoughts. Seeing Conventional Wisdom Through the Sociological Eye*. Thousand Oaks: Pine Forge Press
- Short, John R. (1991) *Imagined Country*. London: Routledge
- Shucksmith, Mark, Polly Chapman og Gill M. Clark (1996) *Rural Scotland Today. The best of both worlds?* Aldershot: Avebury
- Slettan, Dagfinn og Ola Svein Stugu (1997) "Det nasjonale i det lokale, det lokale i det nasjonale". I Dagfinn Slettan og Ola Svein Stugu (red.) *Det nasjonale i det lokale, det lokale i det nasjonale*. KULTs skriftserie nr. 92, Oslo: Norges forskningsråd
- Sørhaug, Hans Christian (1984) "Totemisme på norsk – betraktninger om den norske sosialdemokratismes vesen". I Arne Martin Klausen (red.) *Den norske væremåten. Antropologisk søkelys på norsk kultur*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag AS
- Vartdal, Barbro og Arild Blekesaune (1998) *Famile- og hushaldsendringar etter 1970 i ruralt perspektiv*. Rapport nr. 6. Trondheim: Senter for bygdeforskning
- Villa, Mariann (1997): Det særeigne ved bygda. *Landbruksøkonomisk forum*, tidsskrift for landbruk, miljø og samfunn, 4: 35–42
- Villa, Mariann (1999) Sosial kontakt i bygdene. Familie, venner og naboar. *Tidsskrift for Samfunnsforskning*, 40, 4: 439–464
- Villa, Mariann (2000) "Livsfasebygda". I Marit Husmo og Jahn Petter

52 Bygda – sosial konstruksjon av "trygt og godt"
Mariann Villa

Johnsen (red.) *Fra bygd og fjord til kafébord*. Trondheim: Tapir Forlag
(under publisering)

Wiborg, Agnete (1996) "Det moderne bygdesamfunnet: Naboskap uten fellesskap?" i Kristian Aasbrenn (red.) *Opp og stå, gamle Norge*. 16 artikler om distriktpolitikk og lokalt utviklingsarbeid, Oslo: Landbruksforlaget

Ziebarth, Ann, Kathleen Prochaska-Cue og Bonnie Shrewsbury (1997) Growth and Locational Impacts for Housing in Small Communities. *Rural Sociology* 62, 1: 111–125

Mariann Villa

Livsfasebygda

– når sosialt behov endrar seg

I mange europeiske land er flytting frå byane til bygdene ein omfattande trend, og bygdeforskinga har følgeleg vore oppteken av å studere denne flyttinga. Særleg har folkeveksten i bynære bygder medverka til eit fokus på den differensierte og mangesidige bygda, samtidig som det har skapt ei interesse for bygdelivet og bygdas kulturelle image (Berg 2002, Phillips 1998, Miller 1996, Persson og Westholm 1994, Cloke og Thrift 1990). I Noreg er flytting til bygdene ei mindretalsflytting, men det er like fullt interessant å studere bygdebusetting i lys av denne forskinga. Dei som bur i bygdene og vi som forskar på bygdene, tolkar og forstår bygda på ulike måtar, og erfaringane varierer med aldersgrupper, sosial tilhøyre, kvar ein er i livsløpet og andre omstende. Opplevingane kan og gå på tvers av etablerte grupper og klassar (Nelson 2001). Dette bidreg til at det finst mange bilete av bygd og ruralitet, samtidig som det finst mange typar bygder (Chapman 1996). I dette ligg det og at det er mange som konkurrerer om «den rette» framstillinga av korleis det er å bu i bygda (Cloke og Thrift 1994, Burnett 1996).

Gjennom ulike livsfasar og -situasjonar brukar og opplever ein bygda på forskjellige måtar. I denne artikkelen vil eg gje nokre bilete av bygda, laga med bakgrunn i ulike livsfasehistorier. Typologiseringa av ulike generasjonar gjennom utflyttarane, tilbakeflyttarane, dei globale besteforeldra og sein-urbanis-

-
1. Dette er ei utvida utgåve av artikkelen «Livsfasebygda» som er publisert i Marit Husmo og Jahn Petter Johnsen, red., 2000, «Fra bygd og fjord til kafébord?», Trondheim: Tapir Akademiske Forlag. Takk til Marit S. Haugen og Jahn Petter Johnsen for kommentarar til denne nye utgåva. Artikkelen er basert på to forskingsprosjekt: «Bygdehushald – livsform og strategi», finansiert av Norges forskningsråd 1994-1998, og «Sosiale nettverk i bygdene – forvitring og nydanning», finansiert av Extra-midler frå Helse og Rehabilitering 1998-2001, oppdragsgjevar Norske Kvinners Sanitetsforening.

tane, beskriv noko av innhaldet ein gjev bygdelivet gjennom eit livsløp, og slik bygda sosialt og kulturelt vil vere samansett på ei og same tid.

Data

Datamaterialet er basert på 47 personlege intervju og eitt gruppeintervju. Dei personlege intervju er gjort med ektepar/sambuarar og einslege i til saman 29 hushald. Dette utgjer 47 personar (19 menn og 28 kvinner fødde mellom 1926 og 1975) som er intervju i perioden 1995–1999. I desse intervju er det gjort ei biografisk tilnærming, og flestparten av personane er intervju to gonger. Så langt som mogleg vart sambuarar og ektepar intervju kvar for seg første gongen, ved siste intervju vart dei mest intervju parvis.

Intervjupersonane har ulik bakgrunn med omsyn til utdanning, yrke og flyt-tehistorie. 17 personar var innflyttarar, 17 var tilbakeflyttarar (av desse var det sju som flytta heim for å ta over eigedom eller bedrift), og 12 var bufaste, i den tyding at dei hadde budd i bygda meir eller mindre heile livet. Av dei eg har kalla bufaste var det også minst åtte personar som for ein kortare periode (oftast 1–2 år), anten før familieetablering, under militærteneste, i løpet av utdan-ningsfasen eller ved ekteskapsbrot, hadde vore busette utanfor bygda. I alt 34 av dei 47 intervju hadde for kortare eller lengre tid budd i storby eller småby. På intervjutidspunktet budde alle i bygder i Sør-Trøndelag og Møre og Roms-dal. Dette er bygder som ligg i kommunar med om lag 1000–4000 innbyggjarar og er geografisk lokaliserte rundt ein til halvannen times bilkøyring til nær-maste by.

Gruppeintervjuet er med to menn og fem kvinner, fødde mellom 1972 og 1977. Dette er ungdommar frå bygder i Østfold, men som på intervjutidspunk-tet (1999) var busette i Oslo for å studere eller arbeide. Ungdommane var alle del av samme vennegjeng, og intervjugruppa kom i stand ved at eg kontakta ein av ungdommane med spørsmål om å setje saman ei intervjugruppe, for delta-king i eit forskingsprosjekt om sosial kontakt i bygdene. Felles for alle intervju, både dei individuelle og i gruppa, er samtalan om opplevde kvalitetar ved bygda, samanlikning mellom by og bygd, sosialt liv i bygda og kontakt med familie, venner og naboar. Dette er også det tematiske datagrunnlaget for denne artikkelen.

Bygda dreg til byen

Ein gong i slutten av tenåra dreg bygda til byen. Utflyttarane er unge menneske og studentar. Dei er frie i tydinga uetablerte når det gjeld familie, arbeids- og bustadmarknad. Utflyttarane si befattning med bygdelivet er, utanom eigen

oppvekst, stort sett høgtidsbesøk hos foreldra. Elles prioriterer dei vennene og bylivet. For dei frie utflyttarane handlar bygdeorienteringa for tida mykje om kor vidt ein har noko til felles med dei andre som bur der. Venner er dei ein er mest lik, og for utflyttarane sin del bur ikkje desse i bygda.

Det er derfor det ikke ville vært helt aktuelt å flytte hjem nå, fordi at flere av de du har noe til felles med, vennene dine, som alle har flyttet vekk, må flytte tilbake før du kommer tilbake. For akkurat nå så er det ingen å flytte hjem til annet enn familie. Man må vente på de andre fordi at det er de man vil omgås.

(Kvinne 23 år)

Utflyttarane må forhalde seg annleis til dei som bur heime, for dei unge utflyttarane lever heilt forskjellig frå jamaldringane som har vorte buande i heimbygda, og som har etablert seg med barn. I slike situasjonar tilpassar utflyttarane seg heimemiljøet og gjer seg gjerne mindre enn dei er.

Da pålegger man seg selv at man ikke skal begynne samtalen med å fortelle hvor bra du har det i Oslo. Du må heller snakke om det dere har felles fra barneskole og ungdomsskole, og så ta det der. Du må feie litt under teppet den utdannelsen du tar.

(Kvinne 22 år)

Å ha bygdebakgrunn er noko utflyttarane blir kategorisert etter i byen. Men det tek dei ikkje så tungt. I bysamanheng kjenner utflyttarane bygdebakgrunnen som ein styrke. For utflyttarane meiner at ansvar og samvit er noko dei lærte i det opne og gjennomsiktige samfunnet. Og når dei kombinerer lærdomen frå byen og bygda, gjev dette både balanse og eit utvida perspektiv. Dei har sett meir, både av bygdelivet og av bylivet. Og ofte er det slik at dei utflyttarane treff i byen, og som utgjer seg for å vere urbane, ikkje er frå byen dei heller.

I bygda hadde utflyttarane ein skjerm oppvekst med basis og sosial tryggleik i bygdenettverket. I den oversiktlege bygda var det alltid einkvan sin onkel som køyrte forbi, og som kunne fortelje foreldra dine kvar du var. I bygda må ein ta omsyn til at ein skal sjå personar igjen og igjen. I byen kan ein bli likegyldig, meiner utflyttarane.

Problemer når det gjelder narkotika og sånne ting blir fanga opp tidligere i bygda. Det er det jeg kaller nettverk. Du hater det som ung, at du alltid blir sett. For du synes det er noe brysomt, men du setter pris på det i ettertid.

(Kvinne 23 år)

Dette er også noko av grunnen til at dei frie utflyttarane ønskjer seg tilbake til bygda ein gong i framtida. Utflyttarane er ikkje berre fråflyttarar, men tilbake-

flyttarar «in spe», som vurderer framtidig bygdeetablering. Om dei ikkje kan arbeide der – for utflyttarane tek gjerne ei utdanning som ikkje utan vidare finn sin plass i den lokale arbeidsmarknaden – vil dei bu der så framtpending tillet det. Deira barn skal ikkje vekse opp i storbyen. Då søker utflyttarane det dei meiner er det tryggaste og minst valdelege alternativet, der grensene er klarare og ansvarskjensla større: Det oversiktlege samfunnet med naturopplevingane rett bak huset – slik dei hadde det sjølve.

Utflyttarane trur ikkje at dei sjølve blir slik som dei opplever bygdefolket i dag, med kritiske blikk og bekymring over kven som kjem og går. Utflyttarane vil ha forandring, og trur dei kan forandre. Dette er fordi utflyttarane tenkjer i flokk; saman skal dei skape seg eit miljø i bygda med sine nye verdiar frå den ungdommelege og urbane verda. Utflyttarane er opptekne av at bygda skal vere open for den som er annleis og som avvik frå vanlege folk. Utflyttarane sitt paradoks er at dei også vil bevare.

Det er jo et paradoks. Vi ønsker hele tiden at det skal bli mer aktivitet og flere folk, men på en måte så ... Vi vil ha det beskytta og skjermma.

(Mann 27 år)

Utflyttarane vil ha meir aktivitet og fleire folk til bygda, samtidig som dei vil ha det oversiktleg slik det alltid har vore. Og kanskje, dersom utflyttarane kjem frå bynære bygder, vil desse etterkvart vekse til drabantbyar og i framtida vere for lite bygd for utflyttarane.

Ja, for det er et bygdesamfunn, og vi ønsker jo at gårdene skal bevares og at ikke McDonalds skal komme og plassere seg der, og at ikke du skal kjøre over og rive en hel gård for å plassere et kjøpesenter der.

(Kvinne 23 år)

Som vi skal sjå, har utflyttarane mykje av tilbakeflyttaren i seg.

Med byen tilbake til bygda

Det er usikkert kor mykje tilbakeflyttarane hadde tenkt og planlagt at dei skulle tilbake til bygda, men dei har gjerne hatt det i bakhovudet heile tida. Tilbakeflyttaren som har eigen gard eller anna familiebedrift, står i ei særstilling. Han (oftast ein han) har heile tida visst at eigeodomen skulle bli hans. Det varierer difor kor mykje denne tilbakeflyttaren synest han måtte tilbake, men oftast hadde han også lyst. Dei andre tilbakeflyttarane har valt bygdelivet i familieetableringsfasen. Kva som var høna og egget i den avgjerande augneblinken er

ikkje sikkert, men i tillegg til barn hadde tilbakeflyttarane arbeid då dei flytta tilbake.

Jeg trivdest veldig godt i byen, for da var jeg ung og hadde ikke unger. Men det tenkte jeg hele tida, at – hvis jeg får unger, så ville jeg ikke bo der.

(Kvinne 35 år)

Tilbakeflyttarane samanliknar bylivet og bygdelivet, og dei ser fordelar og ulemper med begge. Dei trivdest godt i byen, men byen vart likevel for stressande når dei fekk barn. Tilbakeflyttarane vil ikkje at deira barn skal vekse opp i storbyen. Dei vil at barna skal vekse opp saman med besteforeldre, tanter, onklar og søskenbarn. Men tilbakeflyttarane er heller ikkje tilfredse med dei mest grisgrendte av bygdene. Dei vil ha naturlege omgjevnader med skog og mark, og set pris på å spenne på seg skiene utanfor stovedøra, samtidig som dei vil ha naboar og leikekameratar for ungene. Og naboane skal vere av den sorten som helsar og som kan halde eit halvt auge med kva som skjer i nabolaget. Om dei ikkje bur på ein gard, bur tilbakeflyttarane i byggjefelt og er som regel naboar med andre i samme livssituasjon. Men det er ikkje berre dei gamle vennene som er omgangsvennene – nokre gamle venner har vorte erstatta av nye som ein har meir til felles med.

I likskap med alle andre likar ikkje tilbakeflyttarane sladder, eller at folk bryr seg på feil måte. Men med åra har dei også fått eit anna syn på bygdesladderer og den sosiale kontrollen. Når behovet for sosial kontroll vert sterkare, når ein ønskjer at andre skal vere eit nettverk for ungene sine, då er bygda det beste alternativet, meiner tilbakeflyttaren.

Det beste ved å bo her er å trø i kjente spor. Det gir en viss trygghet.

(Mann 33 år)

Tilbakeflyttarane set pris på eit oversiktleg samfunn som dei opplever som trygt og godt, og som dei har røtene sine i. Dei likar å kjenne folket og at folket kjenner dei, framfor å leve eit anonymt tilvære i ein stor by. I bygda kjenner tilbakeflyttarane seg trygge for hus og eigedom, og dei er trygge for ungene, sjølv om ungdomsmiljøet har vorte tøffare og vegane er minst like farlege som før.

Men tilbakeflyttarane er også kritiske. Dei er lite lystne på å sitje på ukomfortable og harde trebenkar på den lokale kinoframsyinga, og dei vil sjølve avgjere kva dag og tid det passar å gå på kino. Dei finn seg ikkje til rette på den lokale puben, der dei yngste treffest for å smugrøykje og dei litt eldre for å drikke seg fulle. Dei saknar også det varierte handels- og underhaldningstilbodet som finst i meir sentrale område. Men tilbakeflyttarane har venner og slekt-

ningar i byen, og veit at ute- og kafélivet til desse heller ikkje er øvst på tiltakslista når dei har etablert seg med eigen familie. No er det likevel slik at tilbakeflyttarane har ein tettstad eller større eller mindre by innafor ein bilturs avstand, og med gode vegar, tunnelar og bruer ser dei heller ikkje på bygda som særleg avsides. Men alt i alt er det begrensa kor mange frikveldar og -dagar ein har å ta av. For tilbakeflyttarane har det travelt i kvardagen, og ungane sine aktivitetar krev sitt.

Tilbakeflyttarane veit òg at om bygdesamfunnet er lite, den leiande posisjonen høg og den økonomiske rikdommen stor, er det viktig å ikkje vise sin overlegenskap på det området. For er det noko sambygdingane set pris på, er det villfaringa at her er alle like. Difor får ein det best ved å vere som folk flest, sjølv om ein er annleis.

Det ville ikke ha blitt akseptert om de [næringslivsleiarane] hadde hatt palassbus. De blir påpassa. De er også bevisst det selv. De har gjerne penere bus og bedre standard enn de andre, men de bor nå i byggefelt de også.

(Mann 53 år)

Tilbakeflyttarane har ei fortid i bylivet som dei ikkje kan dele med alle sine sambygdingar og venner. Dei føler seg ikkje annleis for det, men når ein kjenner folket og folket kjenner ein, vert det samtidig vanskelegare å utfalde seg.

Jeg har sånn behov noen ganger for å komme meg til byen, bare gå i gatene og butikkene og se, sitte på kafé, uten å gjøre noe spesielt. For det føler jeg litt, at i byen så kan jeg gå uten at noen ser på meg. Her så kan du ikke ha på deg de klærne du kanskje har lyst å ha på deg hvis de er litt uvanlige. For da snakker de om det – det er litt sånn i ei bygd. En blir friere på en måte i byen, føler jeg. Jeg må innrømme det at jeg har en del klær som jeg ikke har brukt her. Jeg kan ikke gå på butikken i de klærne, selv om jeg har lyst kanskje å ha dem på og synes det er artig. Ingen andre har på seg sånne her, og da kan jeg ikke stikke meg ut.

(Kvinne 30 år)

Tilbakeflyttarane opplever at bygda representerer enklare rutinar i kvardagen med tanke på arbeids- og barnehagereiser, dei veit kven dei skal vende seg til ved ulike behov, og dei har fysisk nærleik til dei som utgjør deira sosiale støtte. Når tilbakeflyttarane også tenkjer på dei gode moglegheitene for friluftsliv og tilgangen til rein luft og fin natur, er dei ikkje i tvil om at bygda var verdt å flytte tilbake til. Og dagens tilbakeflyttarar kan bli framtidens globale besteforeldre.

Dei globale besteforeldra

Ein tredje generasjon i bygdelivet er den unge besteforeldregenerasjonen. Både bestemor og bestefar er eller har vore yrkesaktive, og deler sitt sosiale liv på fleire arenaer; i bygda, på hytta, hos barna i byen og på ferieturane til Syden. Til Syden er dei fast kvar vinter, gjerne i fleire veker, på same stad og saman med andre vennepar. I bygda er dei med i foreiningar, går på bingo og organiserer seg i tippelag med vennsamankomst ein laurdagskveld i blant. Besteforeldregenerasjonen har ikkje vore på kino sidan dei såg Flåklypa og det enno var kino i bygda, men dei dreg til byen på revyforestillingar med Dizzie Tunes og Wenche Myhre.

Besteforeldregenerasjonen vil førtidspensjonere seg, og då vil dei reise, nyte fritida og friluftslivet. Hyttelivet er viktig for dei. Dei har både ei og to hytter som skal brukast og vedlikehaldast, i tillegg til ein bustaden i bygda. Dei har jo levd litt lenger, og har både arva og bygd sjølve.

Vi har hatt det litt travelt de senere åra. Har bygd hus og to hytter siden 1980. Og det har tatt litt tid, og vi blir litt usosiale, for vi synes jo vi må bruke disse hyttene våre også. Så det er midt på vinteren at vi lever et sosialt liv her i bygda. Om sommeren er vi på hytta ved fjorden. En treukers ferie. Og så har vi ei uke på hytta på fjellet, molteplukking og den slags sysler. Om høsten utover så er vi mye på fisking på hytta på fjellet. Rakfisknedlegging. Vinterhalvåret så har vi vært fast i ti – tolv år på Kanariøyene. Det er på februar, som regel, nokså fast. Samme plass, stort sett. Og i påska er vi på hytta på fjellet.

(Mann 58 år)

I hyttebyggjefeltet er dei naboar med andre frå bygda, med utflytta bygdefolk som har ei hytte på landet, og med byfolk. Besteforeldra synest ikkje byfolket er noko særleg annleis enn bygdefolket når dei er på hytta. Det viktigaste er om ein har det triveleg i lag.

Besteforeldregenerasjonen har sett bygda endre seg, frå då kvinnene var heimeverande på dagtid og med overskot og stort sosialt behov for nabo- og vennekontakt på kveldstid, til den meir forsiktige sosiale omgangen der ein sjeldan går ubedt til kvarandre, og heller sit heime og ser fjernsyn. På hytta er den sosiale omgangen annleis. Der har dei det enkelt, men ikkje enklare enn at dei har solcellepanel som dei koplur fjernsyn, kjøleskåp og lys til, og dei har sjølv sagt mobiltelefon og radio. Men det er sjeldan at fjernsynet er på, Dagsrevyen og fotballkampar er unntaka. På hytta er alle saman og ein er friare i den sosiale omgangen. Til hyttenaboane går ein ubedt. Ein vert beden inn på kaffi og ein dram, og så er kontakten med nye venner oppretta. 17. mai heiser besteforeldra

flagget på hytta framfor å vere i bygda. Dei kunne tenkje seg å vere i bygda for barnebarna sin del, men dei har jo vore med på så mange arrangement før om åra.

I bygda er naboane til besteforeldregenerasjonen yngre folk som dei ikkje har så mykje kontakt med, med unntak av ein son eller dotter i nærheita. Anten har tidlegare naboar flytta eller døydd og nye kome til, eller så har besteforeldra flytta sjølve. Dei har i staden vedlikehalde vennekontakten med dei gamle naboane, dei som dei etablerte seg saman med, og som hadde små barn då dei sjølve var i ungfamiliefasen. Er besteforeldra gardbrukarar, har dei ei formeining om at det beste ville vore å budd utanfor synsavstand til dei nye brukarane. Dei av besteforeldra som bur slik, hjelper til, både med gardsarbeidet og barnepass, men dei lever òg sitt eige liv og unngår å irritere seg over dei unge sin måte å gjere ting på.

Blant dei globale besteforeldra og tilbakeflyttarane finn vi også dei potensielle sein-urbanistane.

Sein-urbanistane

Blant dei godt vaksne finn vi eit eksklusivt, men illustrerande mindretal. Bygda representerer tryggleik og nære sosiale relasjonar i småbarnsfasen, medan dei godt vaksne søker nye og andre utfordringar. Her finn vi sein-urbanistane; dei som ønskjer meir sentrale eller urbane buforhold i ein seinare fase av livet. Dei vil etterkvart ha andre tilbod enn det bygda kan gje og stiller seg opne for miljøskifte.

Jeg trives godt. Men jeg har aldri tenkt slik at når jeg har bygd meg hus så skulle det bety at her må vi være. Jeg vil gjerne se andre plasser, og er veldig glad i å oppleve noe nytt. Ungene blir jo store en gang. Vi blir alene. Ting kan forandre seg. Jeg kan få andre behov. Jeg ser ikke svart på å flytte hvis forholdene ligger til rette for det. Jeg har trivdes alle steder jeg har bodd.

(Kvinne 41 år)

Dei vil ha andre utfordringar i yrkeslivet, dei ønskjer vidare utdanning eller dei vil følgje barn og barnebarn ut av bygda. Naturopplevingane og fridomskjensla ved det rurale vert fortsatt vedlikehaldne på hytta. Dette er pensjonistutflyttarane som sel einebustad, plen og reiskapsbod for å flytte til ei lettvent leilegheit i bystrok, eller det er vaksne som er ferdige med småbarnsfasen, men som enno er yrkesaktive.

Det er godt mulig at vi kommer til å flytte, jeg ser ikke bort i fra det. Jeg er i alle fall ikke så stedbunden, men jeg liker godt at det er litt luft omkring meg. Veldig greit at du kjenner nesten alle du treffer etter veien. Men samtidig så er det en del ting i en by – det er mer lettvent, du har alt der. Du kan heller treffe folk som har

de samme interessene som du har. Hvis ungene bosetter seg i byen, så skal du ikke se vekk i fra at vi flytter, kanskje før vi blir pensjonister.

(Mann 37 år)

De gjorde det de som eigde buset her før oss. De hadde ingen unger her, ungene deres hadde flytta ut, og de kjøpte seg hus der ungene bor, for å være i nærbeta av barnebarn.

(Kvinne 38 år)

Ein viktig karakteristikk av dei vaksne og potensielle sein-urbanistane er trivsel og tilpassing. Dei trivest med bygdelivet, dei er aktive i fritidssamanheng, dei er ressurssterke og har bevisst valt bygda. For desse er bygdelivet eitt alternativ blant fleire. Dei gjev seg sjølve fridom til å velje livsstil. Fridom til å velje bygda eller ikkje er eit val med positive forteikn, eit val basert på ressursar og moglegheiter, og ikkje på tap eller flukt.

Bygda og dei andre

Utflyttarane, tilbakeflyttarane, dei globale besteforeldra og sein-urbanistane skisserer både eit mogleg livsløp i den rurale-urbane dimensjonen, og forskjellige, men samtidige livsløp. I overført tyding kan dei òg vere bilete på at bygda dreg til byen, kjem tilbake, for så å fare ut i verda. Rurbanisering er beskrive som ei urbanisering av blant anna livsmåte og forbruksmønster i distrikta utanom store byar (Hompland 1984, 1991). Den urbane kulturen vert utvatna, spreidd og i avtakande grad bevart som eit storbyfenomen (Sørli og Juvkam 2000). Dei ulike livsfasane som er beskrivne ovanfor kan sjåast som ein del av dynamikken i dette, der overføringsagentane er bygdefolk på livsløpsreise.

Utflyttarane har, på same måte som tilbakeflyttarane, teke opp i seg sider ved byen. Utflyttarane tek avstand frå det dei oppfattar som bygderasismen og redsla for alt som er annleis, det vere seg hudfarge, legning eller livsstil. I utflyttarane sine auge representerer bygda det naive både i negativ og positiv betydning. Det kan bety manglande forståing for andre levemåtar og det som er annleis. Det naive ved bygdelivet gjorde samtidig at dei hadde ein skjerma og god oppvekst. I bygda med det oversiktlege sosiale landskapet lærte dei både å ta ansvar og å forhalde seg til at slekt og naboar og andre kjenningar ville korrigere uakseptabel åtferd. Dette trur dei ikkje fungerer på samme måten i ein større by.

Skogen (2001) identifiserte i intervju med bygdeungdom det han kallar ein gammalmodig frykt for urbanitetens skuggesider. Det var det utrygge i storbyen med vald, mangel på folkeskikk og dårlege sosiale nettverk som kunne tol-

kast som den største risikoopplevinga for desse ungdommane. Skogen peikar på at dette er den klassiske frykta for byen: Kriminalitet, normoppløysing og einsemnd. Nokre av bygdeungdommane ga og uttrykk for at «det blir betre folk av deg når du veks opp her».

Ei liknande haldning finn vi igjen blant dei unge utflyttarane i min studie. Men utflyttarane er ikkje heilt som dei bufaste bygdeungdommane. Dei har flytta ut og «sett litt meir, fått ei forståing for fleire ting». Utflyttarane gjev her uttrykk for det Bringslid (1996, s. 138) identifiserer som tilbakeflyttaren sitt perspektiv på det lokale; dei har vore ute og sett. Utflyttarane synest at dei veks på å ha tilknytning til eller erfaring frå ulike miljø, og opplever dette både som eit skilje mellom seg sjølve og dei bufaste, men òg mellom seg sjølve og byfolket.

Ungdommane framstiller eit kjent skilje mellom byen og bygda (t. d. Kåks 1997, Valentine 1997, Kjell 1994). Men slike stereotypiar eller konstruerte skilje mellom oss og dei andre kan like gjerne oppstå mellom bygdesamfunn eller innafor samme bygdesamfunn (Valentine 1997). Ikkje minst kan eit skilje mellom oss og dei andre variere med sak og situasjon (Stenbacka 2001). Bonden som driv gard nær eit byggjefelt er døme på ei interessemotsetning innafor samme bygd (Lønning 2000, Villa 1999a).

Nelson (2001) har vist at det ikkje nødvendigvis er eit interesseskilje mellom innfødde og innflyttarar, men at tilbakeflyttarar (eller innflyttarar) og bufaste kan oppleve seg som to ulike grupper i eit bygdesamfunn. Det kan vere problematisk å komme tilbake til den kommunen eller bygda ein flytta frå, med anna status enn då ein drog (Grimsrud 2000). Dei innfødde kan ha så ulike interesser, kultur- og verdimønstre, at dei innflytta held seg saman og for seg sjølve. Kjell (1994) skildrar ein kulturkollisjon som finn stad når bykulturen møter bygdekulturen på bygdekulturen sitt område. Kåks (1997) seier at dette er eit døme på at det kan vere meir fruktbart å snakke om ulike lokale fellesskap enn å forfølge tanken om lokalsamfunnet som eit overgripande fellesskap. Eit overgripande bygdefellesskap kan vere basert på ein konstruert likskap der enkeltpersonar lever opp til denne ved bevisst å la vere å skilje seg ut.

I eit bygdesamfunn opplever ein at det finst egne reglar for god og dårleg framferd. Å vere lik dei andre er ofte rekna for å vere av det gode, og nokon gonger vert det for mykje av det gode. Det kan bli problematisk når ein har «vore ute og sett» meir enn dei gamle vennene, når ein har kjøpt seg «uvanlege klede» eller når ein er på toppen av klassebygda. Gøymer ein klede i skåpet eller snakkar om det dei andre er interesserte i, set ein korkje dei andre i forlegenheit eller seg sjølv i eit dårleg lys. Både tilbakeflyttarane og dei unge utflyttarane praktiserer dette når dei er tilbake i heimbygda. Er ein ulik dei andre i bygda i kulturell, sosial eller økonomisk tyding, er underkommunikasjon ein måte å handsame det på.

Dei unge utflyttarane har ingen likesinna i bygda, i alle fall ikkje slik dei ser det no. Dei må vente på dei andre vennene før dei kan flytte tilbake. Dette kallar Grimsrud for ei kollektiv tilbakeflytting eller tilbakeflytting i flokk. Ho ser nettopp dette som eit potensiale til å rette opp at det ikkje finst likesinna og eit sosialt miljø som ein ønskjer å flytte tilbake til (Grimsrud 2000: 75-76). Og, kanskje er det likesinna som er vanskelege å finne fordi ein ikkje viser seg sjølv som ein er, men held seg innafor den trygge ramma det gjev å vere som alle andre (Kjell 1994: 12). Kjell fann at dei ulike interessene til innfødde og innflyttarar hadde samanheng med klassebakgrunn og sosialt tilhøyre. Innfødde bygdekviner snakka om naboar, husarbeid og innkjøp, noko som vart for «smalt» for dei tilflytta bykvinnene. Kva ein var oppteken av var ei kulturelt betinga gradering av interesseområde (Kjell 1994).

Den idylliske bygda

Bygda symboliserer for mange nostalgiske forestillingar om det gode liv på landet (Wiborg 1996), og også blant dei unge nyutflytta i denne artikkelen finn vi att dette. I den sosiale konstruksjonen av bygda er fordelane med bygdas livsstil sentral, og andre studiar har vist at folks oppleving av fordelane ved bygdelivet er knytt til lite kriminalitet, gode oppvekstvilkår for barn, tett og omsorgsfullt lokalsamfunn og naboskap, fred og ro, attraktivt landskap og høg livskvalitet (Villa 1999b, Ziebarth, Prochaska-Cue og Shrewsbury 1997, Burnett 1996, Shucksmith, Chapman og Clark 1996). Denne opplevinga er gjerne knytt til eit skilje mellom by og land. Ein kan likevel ikkje hevde å finne årsakssamanhengar som er spesielle for bygdene, fordi det finst samanliknbare sosiale prosessar i urbane område (Hoggart 1990). Oppleving av skiljet er på den andre sida ein del av daglegtalen, og kan vere viktig for å forstå og snakke om bygda (Bringslid 1996, Bell 1992, Frandsen 1991, Hoggart 1990).

Som ei konkretisering av at bygda framleis har makt som symbol og kulturell kategori (Wiborg 1996), kan vi seie at «trygt og godt» vert ein kulturell kategori som symboliserer bygda. At bygdelivet er opplevd som trygt og godt, roleg og fredeleg, kjem til uttrykk trass i at ein også tematiserer «deidyllisering» av bygdene og oppleving av negative sosiale endringar (Villa 1999b). Forestillinga eller opplevinga av at bygdelivet representerer mindre stress enn bylivet, at i bygda er livet stabilt, trygt og godt, kan eksistere uavhengig av ei etterprøving av «faktiske» forhold. Eit hovudfunn hos Shucksmith m. fl. (1996) var til dømes at bygdefolk sine subjektive vurderingar av fordelar ved eige liv ofte var motsett av kva objektive definisjonar seier.

Familieetablering er ein overgang i livsløpet der dei positive kulturelle kategoriane relatert til bygda vert eit dominerande grunnlag for handling, i betyd-

ning å busette seg i bygda (Villa 1999b). Den trygge og gode bygda vert ein del av ein opplevd livskvalitet, og rasjonaliteten bak bygdebusettinga kan ha meir å gjere med opplevd livskvalitet enn med den lokale arbeidsmarknaden og det lokale tenestetilbodet (Persson 1992). Særleg uttrykt finn vi det blant tilbakeflyttarane i småbarnsfasen. Opplevinga av bygda som stabil og oversiktleg gjev ei positiv oppleving av risikohandsaming. Det oversiktlege samfunnet er framstilt som det som best kan realisere det trygge livet. I mange samanhengar er det negative (sladder, kritikk, sosial kontroll, tilbodsmangel og så vidare) noko som ein får ta med på kjøpet, og som vert oppvegd av det ein reknar for positivt ved bygda som bustad (jfr. også Anvik, Elvehøi og Mariussen 1998, Fosso 1997, Little og Austin 1996).

Landsbygda som bumiljø inneheld mange paradoks (Stenbacka 2001). Bygda som ein trygg oppvekststad er viktig i konstruksjonen av den idylliske bygda. Dette kan samtidig vere ei romantisk forestilling som ikkje passar heilt med det som faktisk skjer med barn på bygda; drap, vald, farleg trafikk og så vidare (Valentine 1997). Foreldre kan understreke den rurale idyllen, samtidig som redselen for at noko eller nokon skal skade barna, bidreg til at ein køyrer til og frå aktivitetar og elles organiserer kvardagen for å skjerme barna mest mogleg. Barnas frie leik, som er viktig i den rurale idyllen, vert tvert om svært regulert (Valentine 1997). Det er òg eit paradoks at biletet av den rurale idyllen er skapt av sambygdingar med stor omsorg for kvarandre, samtidig som det er dei private måla og ambisjonane som står i sentrum når ein vel bygda som bustad (Stenbacka 2001). Ein skal få det best mogleg for seg sjølv og gjere det enklare å organisere eigen kvardag ved hjelp av slektsnettverket i bygda (jfr. også Fosso 1997). Vidare seier Stenbacka at det er eit paradoks at ein vil ha det idyllisk og landleg, samtidig som ein vil ha det moderne. Også i denne studien ser vi slike paradoks. Ein søker fridom og ro ved å bu på bygda, samtidig som ein er bunden av lange avstandar og ein travel kvardag. Ein vil ha små og skjerma forhold, samtidig som ein vil ha vekst og modernisering.

Livsfasebygda

I denne artikkelen har vi sett at det å flytte frå bygda seinare i livet er eit mogleg prospekt, og då gjerne etter at ein har vore tilbakeflyttar i småbarnsfasen. Bygdefråflytting har tradisjonelt hatt konkurrerende forklaringar i neonlysteori og arbeidsmarknadsteori. Den eine set fokus på byens tiltrekningskraft, den andre på manglande jobbtillbod i distrikta. Ei anna side ved mobiliteten er når bygda (og byen) er brukt på ulike måtar gjennom livet, basert på bevisste val. Blant norsk-amerikanske bønder har det vore vanleg å selje eller overdra garden medan ein enno er i produktiv alder, gjerne for å flytte til byen og realisere

andre planar (Almås 1988). Når dette er aktuelle problemstillingar også blant besteforeldregenerasjonen i bygda, er desse baserte på fridom og ressursar framfor mistrivsel og manglar. Bygda huser ein subkultur av globale besteforeldre med større fridom og nedbetalt gjeld, samanlikna med yngre folk. Blant desse finn vi dei rike unge eldre, som kulturelt og sosialt vil organisere livet sitt på ein annan måte enn tidlegare eldre generasjonar (Frønes og Brusdal 2000). Fridomen og mobiliteten blant dei globale besteforeldra gjer dei til den moderne bygdas nytelsesnomadar. Det er vågalt å forklare eit fenomen med éin teori, men dei som passar best inn i neonlysteorien er kanskje dei pensjonerte sein-urbanistane som sel einestaden når barna har flytta ut, og buset seg i meir sentrale område. Desse er per definisjon utelukka frå arbeidsmarknaden, men tiltrekte av dei sosiale og kulturelle gevinstane dei opplever å få ved å bu i eller nær byen og tettstaden.

Fosso (1997) seier at ulike livsfasar dannar ulike grunnlag for å gje mening til staden, og gjev ei framstilling av det som kan vere ei livsfaseflytting til og frå bygda. Ho viser at tilbakeflyttarar legg vekt på spesielle kvalitetar ved bygda som er relevante for deira livssituasjon akkurat der og då. Dette er velferd i form av naboskap med besteforeldre, slik at det vert enklast mogleg å ivareta familiens viktigaste interesser slik som karriere, barn og familie. Byen tilbyr ikkje i denne fasen den samme eksistensielle kvardagstryggleiken. «Men byen er ikkje ein buplass eg har utelukka for framtida,» seier ein av informantane hennar, «det var veldig fint å bu i by» (Fosso 1997: 170).

Berg (2002, 1998) viser i likskap med Fosso at ein ikkje treng å vere misnøgd med bytilværet for å flytte til bygda, men at flyttinga kan vere eit ønske om eit betre kvardagsliv. Berg baserer sin studie på byfolk som har flytta til eit bygdesamfunn, og alle la vekt på at bygda er ein god stad for barn. Men ingen av informantane planla å flytte tilbake til byen når barna var store eller vaksne, og fleire sa at dei hadde flytta også om dei ikkje hadde hatt barn. Ho ønskjer difor ikkje å tolke dette som kun, eller først og fremst, ei livsfaseflytting. Det er imidlertid mogleg å sjå Berg sin studie som eit eksempel på at det er fleire vurderingar i ein flytteprosess, og at bygda som staden å bu i spesielle livsfasar er ei av desse – uavhengig av om ein ser for seg dette som midlertidig eller ikkje.

Ei tilnærming til bygdeforståinga kan vere fokus på fasefelleskapet, slik Hompland (1991) beskriv det. Han seier at dei viktigaste fellesskapa på landsbygda i dag er fellesskap i fase, basert på det ein har felles ved å ha hus og barn i samme alder. Med typologiseringa av utflyttarane, tilbakeflyttarane, dei globale besteforeldra og sein-urbanistane har eg forsøkt å vise korleis bygdelivet varierer med livsfasar. Bygdeorienteringa skiftar og kan framstå forskjellig gjennom eitt og same livsløp. Dette illustrerer refleksiviteten og valfridommen i bygdebusettinga, men også funksjonstøemminga av bygda i visse periodar. Det

illustrerer også det som er sagt innleiingsvis at det ikkje finst eitt bilete av bygda, men mange. Ulike generasjonar har ulik tilnærming. Hos dei unge utflyttarane er bygda ein viktig referent i identitetskonstruksjonen når denne brytes mot deira notid i bylivet. Dei vurderer i ettertid eigen oppvekst i bygda og opprettheld, som Larsens (1984:38) bønder i byen, eit ruralt ideal i ein urban kontekst. Men i motsetning til Larsen sine bønder som avviser livsforma i byen, ser desse unge seg sjølv som ein del av det urbane og det som framstår som det urbane. På samme tid er dei også gjestar i byen, som adopterer eit urbant ideal tilbake til ein rural kontekst. Tilbakeflyttarane ser bygda med nye auger, og set pris på det dei finn der som dei ikkje fann i byen. Dei eldre søker nye interesseområde når ungane er vaksne, og finn eit nytt liv på hytta, i Syden eller i den sentrumsnære leilegheita. Og på same måten som venner ønskjer å flytte kollektivt tilbake til bygda, ser vi ei kollektiv generasjonsflytting når besteforeldre følgjer barn og barnebarn ut av bygda.

Variasjonen i bruk av bygda gjennom livsløpet skaper livsfasebygda. Ein prioriterer bygdelivet i ulike fasar av livet, med referanse til kva ein ønskjer til kva slags tid. Ei anna side ved livsfasebygda vert variasjonen i bygdelivet grunna ulike, men samtidige generasjonar.

Ei livsfasetilnærming til bygdeforskninga bidreg til å nyansere motsetningsforestillingane om by og land, og framstiller i staden desse som ulike arenaer som vert utnytta i ulike samanhengar og ved ulike behov. «Å bli sett» er til dømes ei side ved bygda som vert tatt opp til vurdering. Som barn og småbarnsforeldre ønskjer ein å bli sett, som ungdom og vaksen annlestenkande kan det vere ei plage. Høvet til å kombinere desse to arenaene og utnytte anonymiteten i byen sporadisk eller i periodar, hevar då den einskildes livskvalitet.

Typologiseringa som er gjort her kan vere eit steg i retning av ei ytterlegare differensiering i flyttesegment, slik Orderud (2002) etterlyser i flytteforskninga. Dei som har mislykkast med livet i byen (utdanning, jobb, ekteskap og liknande) kan komme tilbake til heimbygda på grunn av havarerte prosjekt (Grimsrud 2000; Wiborg 1990, Eikeland 1988). På samme måten kan vi finne utflyttarar med havarerte bygdeprosjekt, sjølv om desse ikkje har fått plass i denne artikkelen. Det er mange som fell utanfor typologiseringa som er gjort her; som nyttilflyttarane, den einslege tilbakeflyttaren, paret utan barn, dei som alltid har budd i bygda og så vidare. Det har heller ikkje vore poenget å vise alle dei ulike variantane, men at variasjon i livsfase legg føringar på korleis ein brukar og forhold seg til bygda. Samtidig finst det likskapar på tvers av desse gruppene som kan bidra til at andre enn dei her portretterte kjenner seg igjen. Ulikt innhald og oppleving av bygda er eit livsfasefenomen. Men det er òg eit spørsmål om kva motiv og ønskemål ein har for seg sjølv eller sin familie i den enkelte fasen, og korleis eller kvar ein best kan forfølge dette.

Litteratur

- Almås, R. (1988): *Norwegian farmers in the USA: A Contemporary Report based on the Stories of 36 Midwestern Families*. Santa Cruz: University of California / Senter for bygdeforskning, Trondheim.
- Anvik, C. H., O. M. Elvehøy og Å. Mariussen (1998) Tilgjengelighet av tjenester. En undersøkelse av utvalgte bygder i Nordland, Nord-Sverige og Finland. *Med bidrag frå Ö. Pettersson, O. Rosenqvist, E. Sondell, S. Virkkala og U. Wiberg. NF-rapport 6/98, Nordlandsforskning, Bodø.*
- Bell, M. (1992): «The Fruit of Difference: The Rural-Urban Continuum as a System of Identity.» *Rural Sociology*, 57, 1, 65–82.
- Berg, N. G. (1998): *Kjerringer og gubber mot (flytte)strømmen – hvorfor noen flytter til bygde-Norge*. Foredrag Tydal 4. mai, Geografisk institutt, Trondheim.
- Berg, N. G. (2002): Kjønn på landet og kjønn i byen – om betydningen av kjønnete konstruksjoner av ruralitet for urban-rural migrasjon og hverdagsliv. *Kvinneforskning*, årgang 26, nr. 1, s. 67–82.
- Bringslid, M. B. (1996): *Bygda og den framande*. Ein studie av det lokale de- og rekontekstualisering i ei vestnorsk bygd. Dr. polit avhandling, Institutt og museum for antropologi, Universitetet i Bergen.
- Burnett, K. A. (1996): «Once an incomer, always an incomer?» I: P. Chapman og S. Lloyd, (red.): *Women and Access in Rural Areas*, s. 18–31, Aldershot, Avebury.
- Chapman, P. (1996): «Women's experience of rural disadvantage.» I: P. Chapman og S. Lloyd, (red.): *Women and Access in Rural Areas*, s. 3–17, Aldershot, Avebury.
- Cloke, P. og N. Thrift (1990): Class and Change in Rural Britain. I T. Marsden, P. Lowe og S. Whatmore, red, *Rural restructuring: global processes and their responses*. Critical perspectives on rural change series I, s. 165–181. David Fulton Publishers, London.
- Cloke, P. og N. Thrift (1994): «Introduction: Refiguring the 'Rural'.» I: P. Cloke, Doel, Matless, Phillips og Thrift, *Writing the Rural. Five cultural geographies*. s. 1–15, Paul Chapman Publishing Ltd.
- Eikeland, S. (1988): Flyttemotiv og flyttekarrierer i Berlevåg. I: R. Nilsen, red, *Flyttemotiv og flyttekarrierer i Nord-Norge*. Delrapport 1, Arbeidsnotat 1028/88, Nordlandsforskning, Bodø.
- Fosso, E. J. (1997): *Industristeders arbeidstilbud og generasjoners forhold til utdanning, arbeid og sted – eksempelet Årdal*. Avhandling for dr. polit.-graden, Institutt for geografi, Norges Handelshøyskole og Universitetet i Bergen.
- Frandsen, J. N. (1991): «At skabe seg selv på Fyn.» *Nord Revy* nr. 4, 90/1-91, s. 59–66.
- Frønes, I. og R. Brusdal (2000): *På sporet av den nye tid. Kulturelle varsler for en nær framtid*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Grimsrud, G. M. (2000): *Kvinner på flyttefot*. ØF-rapport nr. 13, Østlandsforskning, Lillehammer.
- Hoggart, K. (1990): Let's do away with rural. *Journal of Rural Studies* 6, 247–257.
- Hompland, A. (1984): *Rurbaniseringsprosessen: Bygdebyen og det nye Norges ansikt*. AN 9/84, Institutt for Samfunnsforskning, Oslo.
- Hompland, A. (1991): Det store kappeskiftet. I: R. Almås (red.), *Åtte perspektiver på bygdeutvikling*, s. 55–74, NLVF, Oslo.
- Kjell, A. (1994): *Från stan till landet. Urbana människors möte medlandsbygdsbefolkningen*. Uppsats för påbyggnadskurs, etnologi. Institut för folklivsforskning, Stockholms Universitet.
- Kåks, H. (1997): *När en plats förändras. Platskänsla, rotfasthet och lokal identitet i 1990-talets Stjärnsund*. Arbeidsrapport, Dalarnas forskningsråd, Falun.
- Larsen, T. (1984): «Bønder i byen – på jakt etter den norske konfigurasjonen.» I: A. M. Klausen (red.): *Den norske væremåten*. Antropologisk søkelys på norsk kultur, s. 15–38, J. W. Cappelens Forlag AS, Oslo.
- Miller, S. (1996): Class, Power and Social Construction: Issues of Theory and Application Thirtiery Years of Rural Studies. *Sociologia Ruralis*, Vol. 36, No. 1, s. 93–116.

- Nelson, P. B. (2001): Rural restructuring in the American West: land use, family and class discourses. *Journal of Rural Studies* 17, s. 395–407.
- Orderud, G. I. (2002): Unge voksne i distrikts-Norge – flytteplaner og flyttemotiver. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 2 (1): 83–88.
- Persson, L. O. (1992): «Rural Labour Markets Meeting Urbanisation and the Arena Society: New Challenges for Policy and Planning in Rural Scandinavia.» I: T. Marsden, P. Lowe og S. Whatmore, (red.): *Labour and Locality: uneven developmen and the rural labour process. Critical perspectives on rural changeseries*, vol 4, pp. 68–94, David Fulton Publishers, London.
- Persson, L. O. og E. Westholm (1994): *Europas landsbygd i förändring*. Rapport 83, expertgruppen för forskning om regional utveckling (ERU), Stockholm.
- Phillips, M. (1998): The Restructuring of Social Imaginations in Rural Geography. *Journal of Rural Studies*, Vol. 14, No. 2, s. 121–153.
- Shucksmith, M., P. Chapman og G. M. Clark (1996): *Rural Scotland Today. The best of both worlds?* Avebury, Aldershot, England.
- Stenbacka, S. (2001): Landsbygdsboende i innflyttarnas perspektiv. Intention och handling i lokalsamhället. *Geografiska regionstudier nr. 42, Uppsala Universitet*.
- Sørli, K. og D. Juvkam (2000): Storbyene – landets opplærings- og oppdragerarena. *Regionale trender 1/2000*, s. 16–23, NIBR, Oslo.
- Valentine, G. (1997): A Safe Place to Grow Up? Parenting, Perceptions of Children's Safety and the Rural Idyll. *Journal of Rural Studies*, Vol. 13, No. 2, s. 137–148.
- Villa, M. (1999a): Born to be Farmers? Expectations in Norwegian Farmers' Life Courses. *Sociologia Ruralis* Vol. 39, No. 3, s. 328–342.
- Villa, M. (1999b): «Bygda – sosial konstruksjon av «trygt og godt».» *Sosiologi i dag*, nr. 4/99.
- Wiborg, A. (1990): *Jenters utdanning – enveisbillett ut av distriktene?* Rapport 3/90, Arbeidsforskningsinstituttet, Oslo.
- Ziebarth, A., K., Prochaska-Cue and B. Shrewsbury (1997): «Growth and Locational Impacts for Housing in Small Communities.» *Rural Sociology* 62 (1), s. 111–125.

Sosial kontakt i bygdene

- familie, venner og naboar

Mariann Villa

Artikkelen tek opp spørsmålet om det er forskjellar i nabo- og slektskontakt mellom spredtbygde og tettbygde områdetypar. Det viser seg at medan det er store forskjellar i nabokontakt, er det ingen forskjell mellom områdetypane i å yte ulønna omsorgshjelp til slektningar, naboar eller venner. Dette kan ha samanheng med at høg andel nabobasert kontakt er eit fenomen knytt til det oversiktlege samfunnet, medan det uformelle hjelpe- og støttenettverket i mindre grad er geografisk strukturert.

TETTE FAMILIENETTVERK OG GODE OG HJELPSAMME naboar er ingrediensar i forestillinga om det trygge og oversiktlege bygdesamfunnet. Fleire av studiane som har tematisert bygdenes sosiale nettverk er imidlertid gjort for 20 år sidan (t.d. Stave 1977, Midré 1978). I ein moderne kontekst har endringar i økonomi, arbeidsliv og teknologi skapt muligheter for folk flest til å prioritere sosiale kontaktar som gjev utbytte for ein, og dette skaper muligheter for ein annan form for sosial integrasjon i bygdene (Bø 1993). Nye livsstilar og nye fritidsinteresser vil kunne endre bygdefolks sosiale nettverk. Eit eksempel er når hyttelivet opptek familiar både i helgar og feriar, og det tidlegare nabofellesskapet vert utfyllt både av nye naboar i hyttfellesskapet, nye reisevanar og flytting (Villa (under utgivelse)).

Temaet for denne artikkelen er sosial kontakt mellom familie, ven-

Artikkelen er skriven i tilknytning til prosjektet «Sosiale nettverk i bygdene. Forvitring og nydanning», finansiert av Stiftelsen for helse og rehabilitering v/Norske Kvinners Sanitetsforening. Eg vil takke Barbro Vartdal, Arild Blekesaune, Hilde Bjørkhaug og Reidar Almås, alle Senter for bygdeforskning, for diskusjonar, kommentarar og teknisk assistanse. Eg vil også takke Inge Bø, Høgskulen i Stavanger, og ein anonym konsulent i *Tidsskrift for Samfunnsforskning* for kommentarar og rettleiing.

ner og naboar i spredtbygde og tettbygde område. Den tek opp forskjellar i sosial kontakt mellom spredtbygde og tettbygde område, og belyser korleis dette varierer med kjønn og alder.

Bakgrunn

Den sein-moderne bygda

Framveksten av industrisamfunna, med auka spesialisering og oppsplitting, samt konsekvensane av denne utviklinga for folks levkår og trivsel, har vore eit klassisk tema i sosiologien. Med industrialiseringa vart balansen mellom lokalitet, slekt og normative autoritetar skipla, og teoretikarar som Durkheim, Simmel og Tönnies var opptekne av korleis dei sosiale relasjonane mellom folk endra karakter i overgangen frå jordbrukssamfunn til urbanisert industrisamfunn (Bø 1993:36). Sidan dei gamle klassikarane tok opp temaet, har diskusjonen fortsett om kva samfunn det er best å bu i og kva som karakteriserer det rurale og det urbane. Tönnies' begrepspar *Gemeinschaft* og *Gesellschaft* var opprinneleg meint å beskrive sosial omgang utan noko geografisk referanse, men har i ettertid misvisande vorte brukte for å kategorisere det rurale og det urbane samfunnet (Newby & Buttel 1980).

Tidlegare var problema med å definere «det rurale» skjult ved at dei fleste rurale områda hadde det til felles at befolkninga var knytt til jordbruket (Newby & Buttel 1980). I dag er fokuset mykje retta mot den heterogene og mangesidige bygda, på generelle endringsprosessar og glidande overgangar mellom urbant og ruralt. «Bygda» er ikkje eit statisk og einsarta lokalsamfunn, og bygdene varierer frå dei mest perifere og fråflyttingstrua til dei meir sentrale og veksande. Mange er kritiske til å beskrive sosialt liv i bygda som det motsatte av sosialt liv i byen, då samfunnsutviklinga bidreg til at det vert mindre klart kva som utgjør «det rurale» (Newby & Buttel 1980). For å forstå utviklinga i bygda kan det og vere behov for å fokusere på det som er likt i forhold til meir urbane område (Villa & Vartdal 1999). Fleire har hevda at det ikkje er nokon stor forskjell i sosial involvering mellom by og land, i alle fall ikkje når det gjeld nettverkas storleik (Schiefløe 1990, Fischer 1982). Forskjellane består stort sett i at folk på mindre stader oftare har kontakt med naboar og slektningar, medan byfolk synest å ha eit større vennenettverk. Byfolks nettverk er geografisk spreidde, og lokal forankring kan vere svak, men desse nettverka kan ikkje seiast å vere mindrevverdige eller utilfredsstillande for fleirtalet av bybefolkninga (Schiefløe 1990:10–11).

I følge Giddens (1991) er moderniseringsprosessane blant anna kjenneteikna ved auka individualisering, sosial disintegrasjon, frikopling mellom folk og stader og frigjering frå tradisjon og tradisjonelle nettverk. Familie, naboskap, vennskap og band til ein regional kultur og landskap vert såleis ein motsetnad til den individuelle mobiliteten i det moderne samfunnet. Med fokus på bygda som sosialt system seier Wiborg (1996) at det nettopp er individualismen og muligheta til å melde seg ut og leve på «bymaner» som er den moderne versjonen av bygda. Ein konsekvens av dette er at medlemskap i bygdefellesskapet er frivillig (Wiborg 1996). Frigjeringa av personlege nettverk frå lokale arenaer kan på den andre sida innebære at ein ikkje automatisk vert sosialt integrert. Sosial integrasjon vert istaden avhengig av individuelle initiativ og ressurser, og tilsvarende sjanse for å mislykkast (Schiefløe 1990:11). Det kan også vere store variasjonar med omsyn til integrasjon og sosial forankring i bygdene (Bø 1993:106). Larsen (1984) fann til dømes at samværet mellom naboar i ei bygd var formalisert, og at folk sjeldan kom saman utan at det var ei ytre hending som låg til grunn. Studiar har altså vist at livet på landet ikkje alltid er prega av primære relasjonar, idyll og samhald, samtidig som dette kan finnast innanfor storbyen. Dette gjer det problematisk å kople spesielle sosiale livsformer til spesielle geografiske område (Schiefløe 1991:50–51).

Generelle trendar som individualisering og privatisering endrar sosialt liv. Hompland (1991) beskriv sosialt liv i det moderne bygdesamfunnet, eller bygdebyen, som karakterisert ved at det er folk i same livssituasjon som i aukande grad omgås kvarandre; dei med hus, hage og barn i same alder. Valfridom, privatisering, kommunikasjon og fritt komponerte fellesskap er prosessar som Hompland meiner gjer bygda og lokalsamfunnet meir til ein tilfeldig buramme for mobile menneske, der kravet og forventninga til lokalsamfunnet ikkje er tilhøyre eller særpreg, men tilgang på standardiserte tenester og muligheter. Ein del av dette er konsentrering av folks private nettverksrelasjonar; mot arbeidskollegaer og inn i eige hus og hage. Utover det er det reduserte nettverk og redusert sosial kontroll i lokalsamfunnet (Hompland 1991:64–65).

I ein sein-moderne kontekst er uttynning, mobilitet og høgare utdanning faktorar som er med på å differensiere bygdesamfunna, og dette har innverknad på folks sosiale relasjonar og endringar i desse. Tilflyttarar kan til dømes utfordre den sosialt aksepterte normen om idyll i bygda (Burnett 1996, Bringslid 1995), og tilflyttarar er med på å forstyrre den slektsbestemte stabiliteten i små lokalsamfunn (Solheim

1984). Endringar i bygdens sosiale struktur har òg samanheng med endringar i livsløp og daglegliv, ikkje minst endringar i kvinners livsløp gjennom auka yrkesaktivitet. Mange lag og foreiningar som kvinner har drive er i ferd med å endre karakter eller forsvinne, blant anna på grunn av eit stadig meir privatisert og tidsstramma daglegliv. Men forvitring i sosiale nettverk på eitt område kan også bety nyskaping på eit anna, og Holtedahl (1984) har vist korleis økonomiske endringar i ei kystbygd både skaper nye lokale samhandlingsformer, ny oppgåvefordeling mellom kjønna og dermed nye arenaer å opptre på.

Kjønnsforskjellar i sosiale nettverk

Det er få samanliknande studiar av menn og kvinners ulike nettverk (Bø 1993). Dei funn som går igjen er at det er små kjønnsforskjellar med omsyn til nettverkas storleik, men meir forskjellar med omsyn til samansetjing, kontakthypphet, intimitet og samhandlingstypar. Kvinner er meir slekts- og «nær»-orienterte, og meir engasjerte i samhandling med familiemedlemmar, venner og naboar. Eigenskapane ved kvinnenettverka liknar på såkalla Gemeinschaft-relasjonar (tette, nære og oversiktlege nettverk), og jenter synest å vere meir inkluderande i sine nettverk enn gutar (Bø 1993:122–23). Bærenholdt (1991) sin bygdestudie fann til dømes at familiære nettverk og kontinuitet i bygdefellesskapet var vedlikehalde og utvikla av kvinner med ei utprega lokal tilknytning til bygda, særleg relatert til jordbruket.

House, Umberson & Landis (1988) har funne at kvinner både gjev og mottek meir sosial støtte i sitt nettverk. Kvinner er gjerne meir tilbøyelege til å yte følelsemessig hjelp. Menn fiksar ting, kvinner fiksar sosiale relasjonar og held nettverk gåande. Dette er understreka i studiar av sosiale relasjonar og sosial støttes betydning for folks helsetilstand, der kvinner synest å stå for dei næraste sosiale relasjonane til både menn og kvinner.

Bygdefamiliens sosiale relasjonar

Studiar tyder på at familienettverka er meir framtrudande i bygdene enn i byane (Hofferth & Iceland 1998, Fischer 1982). Samtidig skaper endringar i bygdens familiemønster og demografi grunnlag for endringar også i familienettverka. Synkande barnetal og auke i samlivsbrot er ein del av endringane i bygdefamilien, og har fortrent den tidlegare storfamilien. Gjennomsnittleg hushaldsstorleik har vore minskande i både rurale og urbane område sidan 1970, og ein aukande del

av befolkninga bur i einpersonshushald, også i bygdene. I 1990 hadde rurale område høgaste andel einpersonshushald og lavaste andel hushald med barn (Vartdal, Almås & Blekesaune 1997). Veksten i einpersonshushald i rurale område består i aukande grad av ugifte, enkjer/enkjemenn og skilde. Frå 1970 til 1990 har det vore ei tredobling i talet på skilsmisser i rurale område, samtidig som det har vore ein auke i andel sambuarpar. Utviklinga har alt i alt gått i retning av eit meir pluralistisk familiemønster også i bygdene (Vartdal et al.).

Det private omsorgs- og forsikringssystemet har tradisjonelt vore familie og slekt, og uttrykket «skyldfolk» avspeglar dei gjensidige forpliktande relasjonane som finst mellom slektningar (Bø 1993:35). I ei samanlikning av utbreiing av ulønna omsorgsarbeid i landbruksbefolkninga samanlikna med heile befolkninga, fann Blekesaune, Haugen & Vartdal (1997) at det i landbruksbefolkninga var ein høgare andel som har gitt ulønna praktisk hjelp til sjuke, uføre eller eldre, og som har gitt ulønna hjelp og tilsyn til foreldre. Det var òg ein høgare andel i landbruksbefolkninga som har mottatt ulønna barnepass, sjølv om dette berre gjaldt den mannlege delen av landbruksbefolkninga. Ei forklaring på desse funna kan vere at landbruksbefolkninga fortsatt har sterke familieband, der fleire generasjonar på samme bruk eller i nær geografisk avstand kan utveksle hjelp over generasjonsgrensene (Blekesaune et al.). Den samme undersøkinga fann òg at landbruksbefolkninga hadde ein lavare andel utan nære venner på staden enn i befolkninga for øvrig, og at landbruksbefolkninga var meir aktiv i organisasjonar og foreiningar (Blekesaune et al.). Landbrukshushald representerer ein hushaldsstruktur og kultur som tradisjonelt har vore dominerande i bygdesamfunnet. Dette kan forventast å ha eit mentalt etterslep som ikkje endrar seg i samme takt som dei økonomiske og materielle strukturane. Men bygdesamfunn har i dag ei heterogen befolkning med tanke på yrkessamansetjing, og studiar gjort i landbruksbefolkninga er likevel ikkje gyldige for bygdebefolkninga sett under eitt.

Ein amerikansk studie fann at det eksisterer urbane-rurale forskjellar i sosial kapital blant familiar, i betydning å gje hjelp til kvarandre (Hofferth & Iceland 1998). Dei fann at rurale familiar byttar meir tenester eksklusivt med slekt enn urbane familiar, og rurale familiar var meir tilbøyelege til å motta økonomisk støtte frå slekt. Om personar var fødte og oppvaksne i eit ruralt område, var meir utslagsgjevande for Hoffert og Icelands funn enn om ein berre budde i eit ruralt område. Samtidig var det dei med dårlegast råd som ga mest økonomisk støtte i

rurale område. Hofferth & Iceland meiner dette blant anna er knytt til ulike normer i urbane og rurale område, og forskjellar i tilgangen til offentleg service. Den norske levekårsundersøkinga (1995) viser til samanlikning at det var færre i spredtbygde område som hadde motteke økonomisk støtte frå nære slektningar, og færre som hadde vanskar med å betale uforutsette rekningar, samanlikna med befolkninga i tettbygde område. Dette kan blant anna skuldast at den norske landsbygda gjennomgåande har høgare levestandard samanlikna med rurale område i Amerika, og at det i Norge generelt er mindre forskjellar i levekår mellom bygd og by. Dårlege levekår i by kan også på enkelte område først og fremst vere eit storbyproblem (Barstad 1995).

Uformell omsorg

I den siste stortingsmeldinga om distrikts- og regionalpolitikken er den store eldrepresenten i uttynningssamfunn med dertil auka omsorgsbehov framhalde som eit kritisk moment i lokalsamfunnet. «Uttynninga av busetnaden kan føre til at nettverket rundt dei eldre blir mindre, og at det blir vanskeleg for dei å få hjelp til praktiske tenester» (Stortingsmelding nr. 31, 1996–97, s. 51). Det er imidlertid sagt at det ikkje er noko som tyder på at uttynninga har ført til alvorlege velferdsproblem. Stortingsmeldinga viser til forskning som har funne at folk i distrikta er mobile og har greidd å finne praktiske løysingar på dei aktuelle problema, og at den auka mobiliteten til folk har kompensert for reduksjon i tenestetilbodet lokalt. Dei som ikkje er mobile, kan til dømes få hjelp av familie eller naboar, eller ordningar av offentleg regi (St.meld. nr. 31, 1996–97). Uformell omsorg utgjer eit viktig supplement til offentlege omsorgstenester, og fleire enn før gjev ulønna hjelp til andre hushald, sjølv om innsatsen per gjevar har vorte mindre (Kitterød 1996). Hofferth & Iceland (1998) hevdar at deira funn om rurale og urbane forskjellar har stor relevans for politikarar som er opptekne av om personleg støtte kan erstatte nedgang i offentleg tenesteyting. Med bakgrunn i sin studie hevdar dei at personleg støtte kan vere eit alternativ, når denne er lært tidleg i livet. Schiefloe (1990:16) er imidlertid kritisk til mulighetene som ligg i uformelle relasjonar. Han seier at det er ei overdriven tiltru til kva meir perifere nettverksdeltakarar som venner, naboar og slektningar kan bidra med, og tunge og varige omsorgsyttingar finn nesten berre stad innan næraste familiekrins.

Familie, venner og naboar utgjer primære kontaktar, det vil seie personlege og uformelle relasjonar mellom folk. Oppsummert kan vi seie

at både utanlandske og norske nettverksstudiar har framheva at familiekontakten er tettare i rurale enn i urbane område. Levekårsundersøkingar viser at ei viktig utvikling av sosiale relasjonar er auken i andelen av befolkninga som har fortrulege venner, og dei største forskjellane mellom by og land er den høgare andelen utan nabokontakt i byområde (Barstad 1996). I Oslo og Akershus var ved siste levekårsundersøking 38 prosent utan slik kontakt, medan det i Nord-Norge var 20 prosent. Regionale forskjellar i andel av befolkninga utan fortrulege venner har vorte mindre i perioden 1980–1995, og landsdelane der flest mangla fortrulege venner har hatt dei største endringane i positiv retning (Levekårsundersøkelsen 1995:31).

Problemstillinga i denne artikkelen er om vi finn dei same tendensane mellom spredtbygde og tettbygde områdetypar også om vi ser på sosial kontakt blant menn og kvinner, og i ulike aldersgrupper. Utgjer kjønn og alder andre nyanseringar mellom spredtbygde og tettbygde områdetypar? Ved å samanlikne ulike aldersgrupper i områdetypane kan vi òg sjå om sosial kontakt varierer med ulike livsfasar.

Data og metode

Utval

Data er henta frå levekårsundersøkingane 1980, 1983, 1987, 1991 og 1995. Alle undersøkingane er gjort av Statistisk sentralbyrå (SSB). Levekårsundersøkingane er baserte på eit tilfeldig utval av rundt 5000 personar i alderen 16-79 år. Samanlikningane over tid er gjort på bakgrunn av publikasjonar frå SSB, og det er her brukt heile utvalet i undersøkingane. Undersøkinga frå 1995 er stilt til rådighet av Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste, og i samanlikningane av aldersgrupper er studien avgrensa til personar som er 25 år eller eldre. Framstillinga av sosial kontakt er gjort både med bakgrunn i trykte publikasjonar (SSB, levekårsundersøkingane) og eit tilrettelagt materiale frå spørjeundersøkinga i 1995. Ikkje alle spørsmål er direkte samanliknbare over tid, og prosentandelar for enkelte år er difor utelatne i statistikken.

Levekårsundersøkingane er landsomfattande og representative studiar av sosial kontakt i ulike områdetypar og over tid, og er valt som ei kvantitativ oversikt og bakgrunn for vidare diskusjon og analyse av sosial kontakt i bygdene.

Variablar

Det er teke utgangspunkt i levekårsundersøkingane sine definisjonar på sosial kontakt og omsorgsarbeid/praktisk hjelp, der respondentane skulle relatere dette til dei siste 12 månadane.

Tettbygde område er i levekårsundersøkingane definerte som område med minst 200 busette der avstanden mellom husa som hovudregel ikkje overstig 50 meter.

Spredtbygde område er all spredt busetjing og husklynger med færre enn 200 busette. Inndeling i områdetypar vil legge føringar på kva resultat ein får, og alternative inndelingar vil kunne gje andre nyansar til analysen. Tradisjonelle statistiske og demografiske definisjonar av bygd og ruralitet har særleg vore kritiserte utifrå eit post-strukturalistisk perspektiv, og det er hevda at slike rigide geografiske typologiar mislykkast i å ta opp i seg at sosiale relasjonar i bygdesamfunn endrar seg (Harrington & O'Donoghue 1998). Ein geografisk definisjon som spredtbygd og tettbygd område inneber til dømes at store delar av busetjinga i distrikta vert definert som tettbygd område, og dette kan gje eit feilaktig skilje assosiert med by-bygd og urban-rural. «Rural» og «urban» hos Vartdal, Almås & Blekesaune (1997) refererer til ei inndeling av kommunar etter andel sjølvssyssette, andel primærnæringsssyssette, avstand frå næraste større sentrum og folketal i kommunen. Dette er også ei strukturell inndeling, men dei ser urban og rural langs ein dimensjon og med glidande overgangar. «Tettbygd» er altså ikkje eit dekkjande mål på «urban», og «urban» kan vere ein kulturell og mental tilstand som ikkje er geografisk avgrensa eller målbar. «Bygd» kan også vere noko meir enn eit spredtbygd område. «Rurbanisering» (Hompland 1984) er eit begrep som nettopp skildrar korleis bygdene blir mindre rurale ettersom livsstil og levemåtar vert blanda i og mellom ulike område. Det er likevel ei vanleg oppfatning at skiljet mellom det urbane og det rurale er knytt til busetjingas storleik og tetthet, ikkje minst fordi dette er ein del av vilkåra for sosial handling og kontakt (Barstad 1995, Haveraaen 1993). Dette er også den stadsinndelinga som er brukt i levekårsundersøkingane. For å differensiere tettbygde områdetypar noko, er det i tabell 2 også brukt kategoriane «bygdeby»¹ (område under 20 000 busette), «by» (område mellom 20 000 og 99 999 busette) og «storby» (område over 100 000 busette). «Urbanisering» viser til folkemengden i dei tettbygde områdetypane.

Levekårsundersøkingane har visse begrensingar som kjelde til å forstå sosiale relasjonar (Barstad 1996:24). Hovudvekta er lagt på dei

kvantitative sidene ved sosial kontakt (kor ofte ein treff naboar osv.), og dette seier ikkje noko om innhaldet i relasjonane, heller ikkje kven som er initiativtakar og kvifor. Andre former for kontakt (brev, telefon) er utelatne. Familiekontakt omfattar heller ikkje kontakt med tanter, onklar, søskenbarn eller besteforeldre. Det kan òg vere ei viss underrapportering, som til dømes vanskar med å innrømme at ein er utan fortrulege venner. For nokon kan det vere eit problem å definere eller å kjenne seg vel med uttrykket «fortruleg venn». «Saman med naboar» kan også vere forskjellige ting, som å treffast på arrangement i bygda eller bydelen, arbeide i lag, gå på besøk eller turar og så vidare.

Utan fortruleg venn er personar som, utanom si eiga familie, ikkje har nokon som «står ein nær» og som ein «kan snakke fortruleg med».

Gode venner på staden er venner utanom medlemmar av eigen familie.

Sjeldan kontakt med/utan gode venner på staden er personar som utanom medlemmer av eigen familie anten ikkje har gode venner på bustaden, eller har kontakt med venner sjeldnare enn kvar månad. Variabelen er samansett av spørsmål 128 a og b i spørjeskjemaet.

Sjeldan kontakt med, eller heilt utan nære familiemedlemmar. Familiemedlemmar er foreldre, søsken (uansett alder) og egne barn over 16 år. Sjeldan kontakt vil seie kontakt sjeldnare enn kvar månad, med foreldre, med søsken og med egne barn. Variabelen er samansett av spørsmål 36, 125 og 127 i spørjeskjemaet.

Familie- og vennekontakt sjeldnare enn kvar veke gjeld personar som korkje har kontakt med familiemedlemmar kvar veke, eller kontakt med gode venner på staden kvar veke. Variabelen er samansett av spørsmål 36, 125, 127 og 128 i spørjeskjemaet.

Utan besøkskontakt med naboar er personar som ikkje kjenner familiar eller husstandar i nabolaget så godt at ein «besøker kvarandre av og til».

Saman med naboar kvar veke. Personar som omtrent kvar veke men ikkje dagleg er saman med naboar.

Besøkskontakt med tre eller fleire naboar er personar som kjenner tre eller fleire familiar/husstandar i nabolaget så godt at ein «besøker kvarandre av og til».

Ulønna hjelp/tilsyn til sjuke, uføre eller eldre er «regelmessig ulønna hjelp» som gis til slekt, venner eller naboar i andre hushaldningar.

Ulønna barnepass er regelmessig ulønna pass av barn for slekt, venner eller naboar i andre hushaldningar.

For å utforske forskjellar og likskapar i sosial kontakt i spredtbygde

og tettbygde område, er det i den multivariate analysen gjort separate samanlikningar for kvinner og menn, og ulike aldersgrupper, i område-typane spredtbygd og tettbygd. For å signifikanteste forskjellane mellom dei ulike utvala er det rekna ein prosentdifferanse etter eit 95-prosents konfidensintervall og multiplisert standardavviket for differansen med 1,96 (Hellevik 1991: 355).

Resultat sosial kontakt

Venner

Den generelle utviklinga i Norge er at stadig fleire bur åleine, samtidig som fleire har fortrulege venner utanom familien. Tabell 1 (tabellvedlegg) viser sosial kontakt i spredtbygde og tettbygde område i perioden 1980–1995. Utviklinga går i retning av ein nedgang i andel utan fortrulege venner både i spredtbygde og tettbygde område, men nedgangen har vore størst i tettbygde områdetypar. I 1980 var det signifikant fleire som mangla fortruleg venn i tettbygde område enn i spredtbygde område, men detta har utjamna seg i 1995. Tabell 2 viser at med unntak av ein litt lavare andel utan fortruleg venn i by, er det ingen signifikante forskjellar mellom spredtbygde områdetypar og ulike tettbygde områdetypar.

Menn er oftare enn kvinner utan fortruleg venn. Bortsett frå denne generelle kjønnsforskjellen, er det ingen signifikant forskjell i andelen utan fortruleg venn mellom menn i spredtbygde og tettbygde område, eller mellom kvinner i dei to områdetypane (tabell 3). Når vi samanliknar ulike aldersgrupper, finn vi at andelen utan fortruleg venn stig med aukande alder i begge områdetypane. Medan auken er signifikant mellom alle aldersgruppene i tettbygde område, er imidlertid ikkje auken i andel utan fortruleg venn signifikant mellom dei to eldste gruppene i spredtbygde område (tabell 4). Ved samanlikning av samme aldersgruppe områdetypane imellom er det dei eldste i storby som har den høgaste andelen utan fortrulege venner.

Medan det i 1995 ikkje var signifikante forskjellar mellom områdetypane i andel av befolkninga som hadde fortrulege venner, var det litt fleire i spredtbygde enn i tettbygde områdetypar som oppgjev å ha gode venner på staden utanom eigen familie (tabell 1). Andelen med gode venner på staden avtek gradvis med veksande urbanisering (tabell 2).

Medan menn oftare enn kvinner var utan fortrulege venner i begge områdetypane, oppgjev menn i spredtbygde område oftare enn kvinner å ha gode venner på staden. Tilsvarende kjønnsforskjell finn vi ikkje i

tettbygde område (tabell 3). Også i alle aldersgruppene er det ein signifikant større andel i spredtbygde område som har gode venner på staden.

Det er ein liten tendens til at ein i alle aldersgrupper i spredtbygde områdetypar oftare har kontakt med venner på staden samanlikna med tettbygde områdetypar, men det er særleg dei eldste i tettbygd som har minst kontakt med venner på staden. I begge områdetypane aukar andelen med sjeldan eller ingen kontakt med venner på staden med aukande alder (tabell 4). Også menn i spredtbygd har oftare kontakt med venner på staden enn menn i tettbygd, og det er eit tilsvarande og statistisk signifikant mønster blant kvinnene i dei to områdetypane (tabell 3). I spredtbygde område hadde fleire gode venner lokalt, og ein hadde oftare kontakt med lokale venner.

Familie- og vennekontakt

Tabell 1 viser at ein i spredtbygde område oftare hadde kontakt med venner og nære familiemedlemmar, både i 1980 og 1995. Andelen i spredtbygde område som sjeldan har familiekontakt har halde seg stabil i perioden, medan det har vore ein signifikant auke i andel utan familiekontakt i tettbygde område. Det er særleg storbyområda som skil seg frå dei andre områdetypane med ein høgare andel som har lite familie- og vennekontakt (tabell 2).

Fleire kvinner enn menn i spredtbygde område har sjeldan eller aldri kontakt med nær familie. I tettbygde område sett under eitt er det ingen forskjell mellom menn og kvinner i familie- og vennekontakt (tabell 3). Menn i tettbygde område hadde signifikant mindre kontakt med familie og venner, samanlikna med menn i spredtbygde område. Hos kvinner er denne tendensen først gjeldande om vi samanliknar storbyområde med spredtbygd.

Folk i familieetableringsfasen i spredtbygde område har meir familiekontakt samanlikna med sine jamaldringar i tettbygde område. Mellom dei ulike aldersgruppene innanfor samme områdetype er det ingen signifikante forskjellar, med unntak av ein høgare andel blant dei yngste i tettbygde områdetypar som sjeldan har kontakt med nær familie. Dei yngste i spredtbygde område har også meir familie- og vennekontakt enn dei to andre aldersgruppene i samme områdetype (tabell 4).

Nabokontakt

Andelen som er utan besøkskontakt med naboar held seg nokså stabil i begge områdetypane i perioden 1980–1995 (tabell 1). Her er det imid-

lertid store og signifikante forskjellar områdetypene i mellom, då langt fleire i spredtbygde område, både kvinner og menn, kjenner familiar eller husstandar i nabolaget så godt at dei besøker kvarandre av og til. Nabokontakten avtek gradvis med aukande urbanisering (tabell 2). Dette gjeld for begge kjønn og i alle aldersgrupper. Menn i spredtbygde område er oftare enn kvinner utan besøkskontakt med naboar. Forskjellen er imidlertid ikkje statistisk signifikant. Det er ingen forskjell i nabokontakt av denne typen mellom menn og kvinner i tettbygde område (tabell 3).

I spredtbygde område er flest saman med naboar kvar veke, og fles-teparten har besøkskontakt med tre eller fleire i nabolaget (tabell 1). Litt fleire menn enn kvinner i spredtbygde område har besøkskontakt med fleire naboar, men dette er ikkje ein statistisk signifikant forskjell (tabell 3). Nabokontakten varierer ikkje signifikant med alder i spredtbygde område. I tettbygde område er det ein statistisk signifikant høgare andel eldre enn middelaldrande som er utan besøkskontakt med naboen, og middelaldrande har besøkskontakt med fleire naboar samanlikna med yngre (tabell 4).

Ulønna omsorgsarbeid

Ulønna omsorgsarbeid er døme på uformelle personlege relasjonar mellom folk. Generelt kan vi seie at det store fleirtalet i befolkninga ikkje gir regelmessig hjelp til slektningar, naboar eller venner. Der denne hjelpa finn stad, er det i dei fleste tilfella hjelp til slektningar.

Det er ingen forskjell mellom spredtbygde og tettbygde område sett under eitt i å gje ulønna hjelp til sjuke eller eldre eller pass av barn (tabell 1), og det er ingen forskjell mellom dei tettbygde områdetypene (tabell 2). Tabell 1 viser at andelen i befolkninga som ulønna har passa barn for andre har halde seg stabil i perioden, medan hjelp til sjuke og eldre har stige kraftig i begge områdetypene mot 1995.

Det er ingen forskjellar mellom menn og kvinner i å gje praktisk hjelp til sjuke, uføre eller eldre. Det er heller ingen forskjellar om vi samanliknar menn og kvinner områdetypene i mellom. Når det gjeld barnepass er det imidlertid signifikante forskjellar mellom menn og kvinner. Kvinner har oftare passa barn for andre i begge områdetypene (tabell 3). Ser vi praktisk hjelp i forhold til alder, er det ein statistisk signifikant høgare andel blant dei eldste i tettbygde område som har passa barn for andre, samanlikna med dei eldste i spredtbygde område (tabell 4). Denne andelen blant dei eldste aukar også med urbanisering.

Diskusjon

Eg har i avsnittet ovanfor framheva nokon tendensar i sosial kontakt i bygdene. Bygdesamfunna har dei siste tiåra utvikla seg i retning meir heterogene samfunn, og eit heterogent samfunn kan gje høve for fleire å finne sine likesinna, eller også å stimulere til å finne sine sosiale kontaktar uavhengig av geografisk område. Men bygdene har eit lavt folketal og dermed færre «partnarar» å velje mellom. Eit oversiktleg samfunn med ein «alle kjenner alle»-status kan òg skape ein større personleg risiko ved å gje fortrulege opplysningar til andre. Det er likevel ikkje signifikante forskjellar mellom spredtbygde og tettbygde område i å ha fortrulege venner. At det statistisk sett forhold seg nokså likt mellom områdetypene, kan ha si årsak i at det trass demografiske forskjellar er ei overordna felles utvikling i by og land som gjer kultur og samversformer meir like. Men levekårsundersøkinga seier ikkje noko om kva ein legg i «fortruleg» og kven ein er fortruleg med, eller om vennskapet er basert på gjensidighet eller avhengighet. Med omsyn til dei små forholda i bygdene, kan dei fortrulege vennane også vere slektningar og naboar. Når kvinner oftare enn menn har fortrulege venner, kan det vere eit utslag av dei samme kjønnsforskjellane som ligg i at kvinner er meir sosialt involverte, og både gjev og mottok meir sosial støtte enn menn (House, Umberson & Landis 1988, Bø 1993).

Vennekontakt på staden kan seie noko om nettverk i det daglege. Fleire i spredtbygde enn i tettbygde område har gode venner på staden, og ein er oftare saman med gode venner på staden. Dette er funn som får støtte i teorien om at sosiale nettverk har større lokal forankring i bygdene enn i byane (Schiefløe 1990). Bufastheta er generelt større blant befolkninga i bygdene, menn er meir bufaste enn kvinner, og kjønnsforskjellar i bufasthet aukar di meir perifert ein kjem (Sørli 1993). Dette har blant anna samanheng med menns større tilknytning til eigedom i bygdene. Fortrulege vennskap er ikkje i seg sjølve stadbundne, og kvinner som flyttar meir enn menn kan ha fleire muligheter til å finne likesinna og etablere nære vennskap. Fortrulege vennskap kan kompensere for eventuelt mindre stadstilknytning og bufasthet.

Levekårsundersøkinga viser at menn i spredtbygde område oftare enn kvinner har gode venner på staden, samtidig som kvinner har litt sjeldnare kontakt med familie. Kvinner flyttar oftare med mannen og til mannen sin heimstad enn omvendt. Slik vil menn oftare vere nærare knytt til dei nære omgjevnadane, og dei vil ha meir langvarig kjennskap til folk i lokalsamfunnet eller i nærmiljøet. Når kjønnsforskjellane

i bufasthet er minst i sentrale område, bidreg det til å forklare større likhet mellom menn og kvinner i andelen som har gode venner på staden i tettbygde område. At dei eldste oftast er utan fortruleg venn kan ha demografiske årsaker, som at nære venner (ektefelle eller andre) har falle bort. Det kan også vere eit uttrykk for at den yngre generasjonen lettare kjenner seg vel med begrepet «fortruleg» og at å «vere fortruleg» i seg sjølv er lettare for den yngre generasjonen. Dette samsvarer også med Almås' (1997, Almås, Karlsen & Thorland 1995) generasjonsstudie, som fann at individualisering og refleksivitet var eit kjenneteikn for den yngre generasjonen, til forskjell frå den eldre.

Dei største forskjellane mellom områdetypene er som før nemnt knytt til naboskap og besøkskontakt i nabolaget. Her skil personar i spredtbygde område seg ut med at mange fleire har besøkskontakt med husstandar i nabolaget. Andelen som er utan nabokontakt har halde seg stabil i begge områdetypene i perioden 1980–1995. Medan statistikken måler om ein har vore i kontakt med naboen, er den personlege opplevinga av kontakt gjerne basert på kor ofte ein har kontakt, kva slags kontakt og under kva høve ein treffest. I motsetning til stabiliteten vist i statistikken, opplever folk store endringar i nabokontakten. Studiar basert på intervjudata finn at det blant bygdefolk er ei generell erfaring at utviklinga går mot mindre kontakt mellom naboar og meir avtalebasert sosial omgang (Vartdal 1999, Villa (under utgivelse)). Å gå på besøk til naboar og venner har vorte eit ærende-avhengig fenomen, og tid har vorte eit knapt gode. Tidsintervallet som er brukt for å vise utvikling i denne artikkelen, kan også vere for lite, slik at ein må lenger tilbake enn 1980 for å få med signifikante endringar i nabokontakt. Kanskje var naboskapet i det gamle bygdesamfunnet eit geografisk og strukturelt betinga sosialt nettverk av personar som var gjensidig avhengig av hjelp og støtte frå kvarandre. Dette er ikkje situasjonen i dag. Tidlegare var kvinnene i nabolaget heimeverande, dei gjorde hus- og omsorgsarbeid på dagtid og hadde eit sosialt behov på kveldstid. Dette har endra seg med kvinnenenes lønsarbeidssituasjon. Folk har vorte økonomisk og materielt sjølvhjulpne, og det er dermed begrensa kor mange ærende ein har eller bytterelasjonar ein er avhengig av.

Den litt høgare andelen kvinner enn menn i bygdene som er utan besøkskontakt med naboar, kan ha samanheng med det som ovanfor er sagt om bulengde og stadbundenhet. Besøkskontakt med naboar kan vere kaffibesøk, men det kan òg vere utveksling av praktiske tenester. Andre har vist at mannlege bønder mottek meir hjelp til barnepass

(Blekesaune, Haugen & Vartdal 1997), og sjølv om dette er hjelp frå nære slektningar kan desse også vere busette i nabolaget. Menn (bønder) er også sameigarar av utstyr og reiskap, og dette skaper sosial kontakt i nærmiljøet.

I tillegg til forskjellar i nabokontakt, er det forskjellar mellom områdetypeane i familiekontakt. Ein del fleire i spredtbygde område har kontakt med familiemedlemmar, samanlikna med tettbygde område. Dette kan ha samanheng med at folk på mindre stadar faktisk har meir slekt rundt seg, som er fysisk nær og som ein må forhalde seg til på godt og vondt (jfr. Hofferth & Iceland 1998, Schiefloe 1990, Fischer 1982). Både nabo-, venne- og familiekontakt på staden kan vere tilfeldige treff på lokale arenaer. I bygdene opptreer folk saman på fleire arenaer (butikken, skulen, barnehagen, idrettslaget), og sosial kontakt vert eit strukturelt fenomen så vel som bevisste val og oppsøkande handlingar.

Å yte hjelp og støtte er i følgje Hoffert & Iceland (1998) normbasert, medan å motta er behovsbasert. Medan landbrukshushald gjev meir omsorgstenester enn befolkninga ellers (Blekesaune et al.), viser levekårsundersøkelsen ingen forskjell i ulønna omsorgsarbeid mellom tettbygde og spredtbygde område, eller mellom kjønna. Omsorg for andre hushald er meir praktiske og kjønnsnøytrale tenester, og inkluderer typiske mannsoppgåver som vedlikehaldsarbeid, reparasjonar, snømåking og så vidare (Lingsom 1985 i Kitterød 1996).

Eldre i tettbygde område passar oftare barn for slektningar enn eldre i spredtbygde område. Korleis kan dette sjåast i lys av den normative forskjellen mellom by og land som Hofferth og Iceland introduserer? At eldre i byområde oftare passar barn for slektningar, «stemmer» med deira påstand om at det i urbane område er meir akseptert at den eldre generasjonen hjelper dei yngre. Men utover denne statistiske tendensen har vi ikkje grunnlag for å forfølgje ein slik påstand i denne framstillinga. Mange bygder har god barnehagedekning, medan dette kan vere eit problem i byane. Samtidig har besteforeldre yrkesarbeid og egne interesser, og er gjerne saman med barnebarn for kvaliteten og kontakten si skuld heller enn som barnevakter. Den uformelle omsorgen kan ha betydning for og vere ein del av folks sosiale kontaktbehov, både for gjevar og mottakar sin del. Eldre i tettbygde område, som også oftast er utan venne- og familiekontakt og besøkskontakt med naboar, kan kanskje like gjerne ønskje å passe barn av egne behov som av nødvendighet for barnets foreldre. Vi veit imidlertid ikkje av denne analysen om det er dei eldre med lite venne- og besøkskontakt som pas-

sar barn for slektningar, eller om det er dei meir sosialt «ressurssterke». Familieomsorgen i landbruket kan delvis vere større på grunn av geografisk nærleik. Generasjonane i landbruket bur nært kvarandre, sjølv om endringar i retning meir krav om uavhengighet mellom generasjonane finn stad (Villa 1999b), og unge bygdekviner tek gamle moralnormer opp til vurdering (Bringslid 1990). Medverkande kan også vere særlege tradisjonar i landbruket der hjelp til familien vert forventa.

Vartdal (1999) hevdar at auka individualisering og strammare prioritering av tidsbruk hemmer potensialet for omsorgsytingar. Levekårsundersøkinga viser at det er ein lik og stor auke i andelen i begge områdetypene som har gitt ulønna hjelp til eldre eller sjuke. Har det skjedd ei endring i omsorgspotensialet eller i omsorgsbehovet? Alternativt kan auken vere eit resultat av at det offentlege tilbodet gjennom perioden ikkje har vore tilfredsstillande, korkje i tettbygde eller spredtbygde område. Hofferth & Iceland (1998) fann at det var meir hjelp og støtte mellom familiar i rurale område, og forklarar dette med ulikskap i normer, men også med eit dårlegare offentleg tilbod på bygdene. Framstillinga i denne artikkelen er ikkje detaljert nok til å forfølge ei ytterlegare samanlikning, men levestandarden i norske bygder er på fleire område betre enn i byane, og praktisk hjelp til andre har ikkje vist seg å ha ein tettbygd–spredtbygd dimensjon om vi ser befolkninga under eitt. I bygdene kan det offentlege servicenivået også vere betre per person, sjølv om reduserte tilbod og lengre avstand til butikkar og serviceinstitusjonar er ein del av sentraliseringa og også problema for mange i distrikta. Å gje praktisk hjelp er knytt til andre sitt behov, men og til eigen tidsbruk. At det ikkje er forskjellar mellom områdetypene, understrekar likskapar i levestøttet i spredtbygde og tettbygde område, som er meir relaterte til trendar i den generelle samfunnsutviklinga enn lokale variantar i omsorgsrutinar.

Avslutning

Eit hovudinntrykk er at sosial kontakt i den sein-moderne bygda følgjer dei same trendane som ellers i samfunnet. Med unntak av nabokontakten, som er tettare i spredtbygde område, er det ingen store forskjellar mellom spredtbygde og tettbygde område sett under eitt. Tre resultat relatert til kjønn og alder kan oppsummerast: Det er ein tendens til at sosial kontakt for kvinner sin del varierer mindre med buområde enn kva som er tilfelle blant menn. Det er også ein tendens til meir forskjellar i sosial kontakt mellom menn og kvinner i spredt-

bygde område enn i tettbygde. Dette kan ha samanheng med ulik stadstilknytning og bulengde i bygdemiljøet. Stadstilknytning i betydning tette nettverk og lenger bulengde er generelt meir knytt til bygdeområde enn byområde. Når menns sosiale kontakt varierer meir med buområde, kan dette ha samanheng med at menn også er meir stadbundne enn kvinner, og at deira sosiale relasjonar i større grad vert avhengig av fysisk tilgjengelighet. Når kjønnsforskjellar i sosial kontakt i større grad er eit spredtbygd-fenomen, kan dette også ha samanheng med kjønnsforskjellar i bufasthet og flyttemønster, og at menn i spredtbygde område oftare enn kvinner er busette i eiga heimbygd. Menn vil då oftare kunne dra nytte av dei stadbundne relasjonane og familienettverka som finst der. At kvinners sosiale relasjonar synest å vere mindre geografisk variable, kan også støtte opp under teorien om kvinner som generelt meir engasjerte i samhandling og nære relasjonar enn menn. Ein tredje tendens er at det i spredtbygde område kan sjå ut som at alder har mindre å seie for eins sosiale kontakt enn tilfellet er i tettbygde område. Sjølv om dei eldre i spredtbygde område oftare enn dei yngre er utan fortrulege vennar på staden, er ikkje forskjellen mellom aldersgruppene så stor som i tettbygde område. Dette kan ha samanheng med at bygdesamfunnet enno er eit relativt stabilt samfunn, med fleire som har budd der over lenger tid og fleire med sterke band og slektskapsforhold til kvarandre. Dette skaper meir kontinuitet i sosiale relasjonar og mindre livsfaseavhengige kontaktar, samanlikna med større buområde.

Notar

1. Ein kultursosiologisk omtale og definisjon av bygdebyen er bl.a. gjeve i Hompland & Kjølørød (1983), Hompland (1984).

Referansar

- Almås, Reidar (1997), «From the society of duty to the market place of opportunity». *Young, Nordic Journal of Youth Research* 5, 2: 31–48.
- Almås, Reidar, Kjetil Karlsen & Ingunn Thorland (1995), *Fra pliktsamfunn til mulighetstorg. Tre generasjoner skriver sin ungdom*. Rapport nr. 5, Trondheim: Senter for bygdeforskning.
- Barstad, Anders (1995), Levekår i by og land. *Samfunnsspeilet*, årg. 9, nr. 1:2–10.
- Barstad, Anders (1996), Flere aleneboende, men færre venneløse. *Samfunnsspeilet*, årg. 10, nr. 1:24–29.
- Blekesaune, Arild, Marit S. Haugen & Barbro Vartdal (1997), *Landbrukskvinnens levkår – en kartlegging av likhet og mangfold*. Notat nr. 1/97, Trondheim: Senter for bygdeforskning.
- Bringslid, Mary Bente (1990), «Home parties» i *Sommarfjord*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bringslid, Mary Bente (1995), Bygda og den framande. Ein studie av det lokales de- og rekontekstualisering i ei vestnorsk bygd. Dr.polit. avhandling, Institutt og museum for antropologi, Universitetet i Bergen.
- Bærenholdt, J.O. (1991), *Bygdelig*. Forskningsrapport nr. 78, Institut for Geografi, Samfunnsanalyse og Datalogi, Roskilde: Roskilde Universitetscenter.
- Bø, Inge (1993), *Folks sosiale landskaper. En innføring i sosiale nettverk*. TANO A/S.
- Fischer, Claude (1982), *To dwell among friends*. Chicago: University of Chicago Press.
- Giddens, Anthony (1991): *Modernity and Self-Identity. Self and society in the late modern age*. Stanford: Stanford University Press.
- Harrington, Vicki & Dan O'Donoghue (1998), Rurality in England and Wales 1991: A Replication and Extension of the 1981 Rurality Index. *Sociologia Ruralis*, 38, 2:178–203.
- Haveraaen, Morten (1993), Noen linjer i byens sosiologi. *Tidsskrift for Samfunnsforskning*, bind 34:153–168.
- Hellevik, Ottar (1991), *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Hofferth, Sandra L. & John Iceland (1998), «Social Capital in Rural and Urban Communities». *Rural Sociology*, 63, 4: 574–598.
- Holtedah, Lisbet (1984), «Når far forstår hva som er godt for barna – en

- analyse av bygdefedres deltakelse på foreldremøter». I: Arne Martin Klausen, red., *Den norske væremåten. Antropologisk søkelys på norsk kultur*. J.W. Cappelens Forlag A/S.
- Hompland, Andreas (1984), *Rurbaniseringsprosessen: Bygdebyen og det nye Norges ansikt*. AN 9/84, Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Hompland, Andreas (1991), «Det store kappeskiftet». I: Reidar Almås, red., *Åtte perspektiver på bygdeutvikling*. NLVF-Publikasjon 3/91. Oslo: NLVF.
- Hompland, Andreas, & Lise Kjølørød (1983), *Omsorg i bygdebyen*. Arbeidsnotat nr. 1, Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- House, J.S., D. Umberson & K.R. Landis (1988), «Structures and Processes of Social Support». *Annual Reviews of Sociology*, 14: 293–318.
- Kitterød, Ragni Hege (1996), Mer uformell omsorg fra hushold til hushold. *Samfunnsspeilet*, årg. 10, nr. 1: 30–38.
- Larsen, Anne Kathrine (1984), «Elska din granne, men lat grinda stande – sosialt samvær i en vest-norsk bygd». I: Arne Martin Klausen, red., *Den norske væremåten. Antropologisk søkelys på norsk kultur*. J.W. Cappelens Forlag A/S.
- Lingsom, S. (1985), Uformell omsorg for syke og eldre. *Samfunnsøkonomiske studier* nr. 57. Statistisk sentralbyrå.
- Midré, Georges (1978), «Det uformelle hjelpesystem i et nordnorsk lokalsamfunn.» I: Trond Thuen & Cato Wadel, red., *Lokale samfunn og offentlig planlegging*. Oslo:
- Newby, Howard & Frederick H. Buttel (1980), «Toward a Critical Rural Sociology». I: F.H. Buttel & H. Newby, red., *The Rural Sociology of Advanced Societies: Critical Perspectives*, Montclair: Allanheld, Osmun Universitetsforlaget.
- Schiefloe, Per Morten (1990), *I. Sosiale nettverk. II. Byliv og nærmiljø*. Trondheim: Senter for samfunnsforskning, ALLFORSK.
- Schiefloe, Per Morten (1991), *Nærmiljø i bysamfunn*. Trondheim: ALLFORSK.
- Solheim, Liv (1984), «Ein skal vere sterk for å klare seg her. Om familieflytting og kvinnetilpassing i eit nytt lokalsamfunn.» I: Ingrid Rudie, red., *Myk start – hard landing*. Kvinners levekår og livsløp, Oslo: Universitetsforlaget.
- Statistisk sentralbyrå (1982), *Levekårsundersøkelsen 1980*. Norges Offisielle Statistikk.
- Statistisk sentralbyrå (1985), *Levekårsundersøkelsen 1983*. Norges Offisielle Statistikk.

- Statistisk sentralbyrå (1988), *Levekårsundersøkelsen 1987*. Norges Offisielle Statistikk.
- Statistisk sentralbyrå (1992), *Levekårsundersøkelsen 1991*. Norges Offisielle Statistikk NOS C 43.
- Statistisk sentralbyrå (1996), *Levekårsundersøkelsen 1995*. Norges Offisielle Statistikk.
- Stave, Gunnar (1977), *Uformelle hjelpeordninger i et lokalsamfunn*. Forskningsrapport nr. 2. Oslo: Diakonhjemmets sosialhøgskole.
- Stortingsmelding nr. 31, 1996–97, Om distrikts- og regionalpolitikken. Kommunal- og arbeidsdepartementet.
- Sørli, Kjetil (1993), *Bofasthet, flytting og utdanningsnivå i kommunene. Åtte årskull fulgt gjennom aldersfasen 15–35 år*. Rapport 93/29, Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Vartdal, Barbro (1999), *Bygdefamiliens moderne kvardagsliv*. Rapport nr. 6. Trondheim: Senter for bygdeforskning.
- Vartdal, Barbro, Reidar Almås & Arild Blekesaune (1997), *Household structure in rural Norway 1970–1990*. Paper nr. 4. Trondheim: Senter for bygdeforskning.
- Villa, Mariann, «Livsfasebygda». I: Marit Husmo & Jahn Petter Johnsen (red.), *Fra bygd og fjord til kafébord* (under utgivelse).
- Villa, Mariann (1999b), *Born To Be Farmers? Changing Expectations in Norwegian Farmers' Life Courses*. *Sociologia Ruralis*, Vol. 39, 3: 328–342.
- Villa, Mariann & Barbro Vartdal (1999), «Omskriv det rurale!» *Syn & Segn*, 2: 297–300.
- Wiborg, Agnete (1996), «Det moderne bygdesamfunnet: Naboskap uten fellesskap?» I: Kristian Aasbrenn, red., *Opp og stå, gamle Norge*. Landbruksforlaget.

Summary

Social Contact in Rural Areas – Family, Friends and Neighbours

Mariann Villa

The article presents some comparative statistics on social contact in rural and urban areas. Rural areas are defined as sparsely populated areas, and urban areas are defined as densely populated areas. Data are obtained from the Norwegian surveys of level of living in 1980, 1983, 1987, 1991 and 1995. There are statistically significant differences between rural and urban areas considering social contact between neighbours. More people in rural areas have contact with neighbours and family members and more often have good friends in the local community. There are no significant differences between rural and urban areas in having intimate friends or in giving unpaid help to sick or elderly kin, friends or neighbours. Nor are there any differences in giving unpaid child care to other households, except for the elderly in urban areas giving more child care than the elderly in rural areas. The differences found are related to demographic and structural features, as living close to kin leads to more contact either accidentally or by other ways, and neighbours also might more often be relatives in rural areas. Having more good friends in the rural local community might be related to a surveyable community and less mobility in the population. More men than women report having good friends in the local community, and this might be related to the fact that men more often are born in the local community where they live. The similarity in intimate friends is seen as following the general process of homogenisation in life styles and culture, where mobility and communication go beyond community boundaries and hence friendship. The equality between the areas in giving help to others might also be seen in the perspective of homogenisation of life style and level of living, where rural and urban people are more or less equally self-sufficient and occupied during everyday life.

Tabellvedlegg

Tabell 1. Sosial kontakt i spredtbygde og tettbygde område 1980 – 1995. Prosent

	Spredtbygd					Tettbygd				
	1980	1983	1987	1991	1995	1980	1983	1987	1991	1995
Utan fortruleg venn	24	26	23	21	21	29	25	19	18	18
Har gode venner på staden					94					88
Sjeldan kontakt med/utan gode venner på staden			14	15	12			17	16	17
Sjeldan kontakt med/ heilt utan nære familiemedlemmar	11	9	8	10	12	14	13	14	12	17
Familie- og vennekontakt sjeldnare enn kvar veke				10	10				11	15
Utan besøkskontakt med nabo	10	10	9	10	11	31	30	29	29	32
Saman med naboar kvar veke				36	→*					22
Besøkskontakt med tre eller fleire naboar				64	→					34
Har regelmessig gitt ulønna hjelp/ tilsyn til sjuke, uføre eller eldre		9	13	10	17		9	12	12	16
Har regelmessig gitt ulønna barnepass		5	4	6	4		4	4	5	4
N	1210	1142	939	802	761	2671	2756	3013	2863	2857

Kjelde: Levekårsundersøkingane, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2. Sosial kontakt i spredtbygd, bygdeby, by og storby 1995. Prosent

	Spredtbygd	Bygdeby	By	Storby	Tettbygd
Utan fortruleg venn	21	19	16	19	18
Har gode venner på staden	94	90	88	84	88
Sjeldan kontakt med/utan gode venner på staden	12	14	17	21	17
Sjeldan kontakt med/heilt utan nære familiemedlemmar	12	15	15	22	17
Familie- og vennekontakt sjeldnare enn kvar veke	10	13	13	18	15
Utan besøkskontakt med nabo	11	26	34	41	32
Saman med naboar kvar veke	36	25	20	18	22
Besøkskontakt med tre eller fleire naboar	64	40	31	26	34
Har regelmessig gitt ulønna hjelp/tilsyn til sjuke, uføre eller eldre	17	15	16	17	16
Har regelmessig gitt ulønna barnepass	4	3	3	4	4
N	761	1472	543	842	2857

Kjelde: Levekårsundersøkinga 1995, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3. Sosial kontakt i spredtbygde og tettbygde område. Menn og kvinner 1995. Prosent

	Spredtbygd		Tettbygd	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Utan fortruleg venn	25	18	23	14
Har gode venner på staden	96	92	88	88
Sjeldan kontakt med/utan gode venner på staden	12	12	18	16
Sjeldan kontakt med/heilt utan nære familiemedlemmar	9	15	18	17
Familie- og vennekontakt sjeldnare enn kvar veke	8	11	15	14
Utan besøkskontakt med naboar	12	9	32	32
Saman med naboar kvar veke	36	37	22	22
Besøkskontakt med tre eller fleire naboar	64	62	34	34
Har regelmessig gitt ulønna hjelp/tilsyn til sjuke, uføre eller eldre	17	16	16	15
Har regelmessig gitt ulønna barnepass	2	6	2	5
N	393	368	1390	1467

Kjelde: Levekårsundersøkinga 1995, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 4. Sosial kontakt i spredtbygde og tettbygde område, etter alder. 1995. Prosent

	Spredtbygd			Tettbygd		
	25-44 år	45-66 år	67 år -	25-44 år	45-66 år	67 år -
Utan fortruleg venn	15	24	33	12	19	41
Har gode venner på staden	94	95	92	90	89	80
Sjeldan kontakt med/ utan gode venner på staden	9	13	16	13	18	29
Sjeldan kontakt med/ heilt utan nære familiemedlemmar	12	14	13	22	17	13
Familie- og vennekontakt sjeldnare enn kvar veke	7	13	12	16	18	16
Utan besøkskontakt med naboar	11	7	10	32	28	34
Saman med naboar kvar veke	36	37	39	24	21	22
Besøkskontakt med tre eller fleire naboar	63	69	69	33	38	35
Har regelmessig gitt ulønna hjelp/ tilsyn til sjuke, uføre eller eldre	17	19	9	16	20	8
Har regelmessig gitt ulønna barnepass	3	5	1	4	3	4
N	276	239	154	1155	847	442

Kjelde: Levekårsundersøkinga 1995, Statistisk sentralbyrå.

Vedlegg
TEMATISK INTERVJUGUIDE
BYGDEHUSHALD - LIVSFØRM OG STRATEGI»

PERSONOPPLYSNINGAR

Kan du på sparket fortelje om bakgrunnen din fram til i dag? (kven du er, kjem i frå, foreldre, oppvekst, osv.) Fødselsår, fødestad, oppvekst, utdanning, yrke/stilling, bustad, sivilstand, foreldre - tilsvarande opplysningar. Besteforeldre, søsken

VAL AV BYGDA SOM BUSTAD

KAN DU FORTELJE KORLEIS DET ER Å BU I EI BYGD?

Kva slags levemåte («livsstil») er det du søker i bygda? Kvifor dette livet? Kva er spesielt med bygdelivet? Kan du beskrive ein vanleg dag, t.d. dagen i går? Kvifor bu her, kva påverka val av bustad (familie, bygda, natur, ektefelle), fanst det alternativ?

TILBAKEFLYTTARAR: Kvar har du budd tidlegare? Kva var grunnen til at du flytta? Korleis er det å komme tilbake? Er gamle vennar her? Føler du deg ansleis fordi du har budd "ute"? Kva er viktig for at du skal trivast (og bu) her? Kva er det beste ved å bu her? Kva er ulempene ved å bu her? Kva slags prioriteringar gjer du ved å bu her?

ETABLERING

Kvar og korleis traff de kvarandre, når gifta de dere? Korleis fekk de første huset/leiligheta? (off., nettverk, privat marknad). Korleis fekk de dette huset/leil.? Eige eller leige? Har de bil (-ar)? Har de hytte?

DAGLEGLIVET

ARBEIDSLIV/FORSØRGING

KAN DU FORTELJE OM JOBBEN DIN?

Kva betyr det for arbeidssituasjonen din at du bur/arbeider i ei bygd? Koreis vurderer du arbeidsmarknaden her (for deg)? Kva arbeidstid har du (mengde)? Kva stilling? Ville du hatt meir/mindre arbeid? Kva bestemmer mengden? Kvifor valte du dette yrket/denne jobben? Kva likar du best med jobben? Kva likar du dårlegast? Korleis fekk du denne jobben (vanleg jobbsøking, via slekt, venner)? Kva andre jobbar har du hatt? Har du karrieremuligheter? Ønsker du å ha det? Kva betyr arbeidet for deg (øk., trivsel, karriere, middel for å bu her, osv.)? Fryktar du arbeidsløyse? Har du sjølv eller andre i hushaldet vore arbeidslaus?

KAN DU FORTELJE OM KORLEIS DE ORGANISERER ARBEIDET HEIME?

(reproduksjon) Kven har ansvar? Korleis deler de husarbeidet? (matlaging, vasking, innkjøp, osv.) Korleis deler de omsorg for barn? Organisering av barnepass? Har du hus-/vaskehjelp? Betyr det noko for deg kva andre

gjer/korleis dei deler? Ville du gjort meir eller mindre av noko? Er de ueininge om fordeling av arbeidsoppgåver? Kan du forandre på dette?

ØKONOMI

Økonomien skiftar i forskjellige periodar av livet. Korleis har du det økonomisk i dag? Har dette endra seg? Korleis var økonomien i oppvekstfamilien? Korleis trur du at din/dykkar økonomi er om 5 år? Er det noko du må avstå frå for at de skal ha det som i dag? Kven har ansvar for å betale rekningar/økonomiske investeringar i huset? Innkjøp? Har de felles økonomi? Kven si inntekt er viktigast for familien?

SOSIALT LIV I BYGDA

KAN DU FORTELJE OM ANDRE SIDER VED BYGDELIVET ENN ARBEIDSMARKNADEN? KAN DU FORTELJE OM FRITIDA DI?

Kva gjer du/familien i fritida? Kva prioritere du å bruke tid på? Prioriterer du etter egne ønske? Kva deltek du med i uorganisert fritid (reiser, "venneklubb", dugnad, o.l.)? Kva deltek du med i organisert fritid (lag og foreiningar, tillitsvalt arbeid, o.l.)? Er det tilfredsstillande tilbud for deg her når det gjeld: sosialt - venner og familie? kulturelt - teater, konsertar, lag og foreiningar? underholdning - kino, dans, restaurant, private festar/selskap? Er det noko du saknar? Kvar handlar du (klede, mat)? Kor ofte har du ærende ut av kommunen? Er det noko du synest du har for lite tid til? Har du/de hytte?

FERIE

Kva gjer du i feriane?Kvar reiser du/de?

NETTVERK

Kven har du mest kontakt med: slekt, venner (tilflyttarar el. oppvekstvenner?), svigerfamilie, naboar , Kor ofte kontakt? Kven bestemmer kor ofte kontakt? Er familien avhengig av nokon av desse i det daglege? Til kva? Er/var nokon av desse viktige for di etablering i bygda? Avgjerande? Kven foretrekker du å omgås? Kvar bur dei du besøker mest? Kven spør du om hjelp til: praktiske tenester i og utanfor huset? barnepass? kor ofte har de privat barnepass? økonomisk hjelp? Får du nye vennar som følge av tilflytting? Har du mista vennar som følge av fråflytting?

ENDRING PÅ INDIVIDNIVÅ

Er det endringar i bygda (arbeidsmarknad, flytting, sosialt, o.l.) som har påverka din situasjon? Har ditt sosiale liv i bygda endra seg? Korleis? Kva tid? Har prioriteringane endra seg? Har du andre behov i dag?

TRADISJON OG LEVEMÅTE: VIDAREFØRING, ENDRING, BROTT

Korleis var bygdelivet (evt. «bylivet») i din barndom og ungdom? Kontrastar. Kva er tradisjon for deg? (framheve noko viktig i din levemåte) Finst det tradisjonar som er typiske for bygda her? Korleis vil du beskrive bygdekulturen her? (Kva likar du/likar du ikkje?) Finst det spesielle

bygdeverdiar? Føler du deg som ein typisk bygdebuar, kvifor/kvifor ikkje? Kva inntrykk har du av andre levemåtar enn din eigen i bygda (andre generasjonar, anna yrkessituasjon, familieformer, livsstilar, gardshushald - villahushald, tilflyttarar, einslege foreldre, osv.)? Kunne du sjølv tenkt deg å leve på ein annan måte? Saknar du noko i levemåten til dine foreldre eller dine barn? Kva er likt og kva er forskjellig frå deg og far/mor sin livssituasjon? Har du spesielle verdiar («levereclar, livsstil») med deg frå din oppvekstfamilie? Prioriterte foreldra dine noko ansleis enn du gjer? Er det noko du bevisst har forsøkt å gjort ansleis i din eigen familie? Er det noko du bevisst har forsøkt å kopiere/føre vidare?

VAL OG PLANAR: STRATEGI ELLER TILPASSING

VIL DU SEIE AT DU HAR PLANLAGT TING I LIVET DITT?

PLANLAGT NOKO BESTEMT?

Har du hatt bestemte mål som skulle oppfyllest? Har du på noko tidspunkt følt deg “pressa” til å ta val (utd, gifte deg, få barn, osv)? Har du opplevd forventningar frå andre i forhold til viktige val? Har utdanning, yrkessituasjon e.l. hatt innverknad på kva tid du etablerte familie? Ville du gjort noko ansleis? Vil du at barna dine skal gjere noko ansleis? Har noko hindra deg i å gjere det du ville (arb.sit., fam., øk.) Korleis vil du dele inn/beskrive hovudperiodar i livet ditt? Har det vore hendingar eller val som har skapt viktige skiljer?

FRAMTID

KORLEIS HÅPAR DU AT FRAMTIDA BLIR?

Har du lagt planar for framtida, for deg sjølv eller familien? Kva slags planar el. ønsker har du for barna dine?

SJØLVSTENDIGE: Korleis vurderer du deira (framtidige) rolle i (fam.) bedrifta? Er det viktig for deg at nokon overtek? Var det viktigare for generasjonen før (dine foreldre)? Kunne du tenkje deg å bu andre stadar idag eller i framtida? Kvar bur du om 5 år? Kvar bur du når ungane dine er vaksne? Korleis er eit godt liv for deg? Har du det slik?

STIKKORD FOR TILBAKEBLIKK BARNDOM - UNGDOM

Barndom (under 15 år) - heimen/hushaldet; storleik, samansetjing, foreldres arbeid. Kan du fortelje om arbeidsforhold, arbeidsdeling i heimen, fritid?

Hadde du arbeidsoppgåver i heimen eller utanfor? likebehandling gutar og jenter? korleis hadde de det økonomisk? Flytta de?

Ungdom - utdanning, når flytta heimafrå; kva framtidsplanar hadde du, kven påverka deg, betalte utdanninga, kva muligheter fanst, kva gjorde andre jamnaldringar, haldning i familien/blant vennar til utdanning vs. å ta seg jobb, stifte famailie, busetjing. Hadde du arbeid? Sikta du mot

bygdearbeidsmarknaden? Tenkte du på kjønnsroller og korleis du ville ha det i din eigen familie? Tenkte du på kvar du ville bu?